



NOREGS BANK

ÅRSRAPPORT OG REKNESKAP

/2020

Noregs Banks historie

Ole Høiland i lenker



Nyttårsaftan 1834 kom Ole Pedersen Høiland seg inn i Noregs Bank si avdeling i Christiania og stal 64 100 spesidalar. Høiland hadde alliert seg med ein vaktmann i banken. Etter tre veker på flukt blei han pågripen i Lier, og i 1836 blei han dømd til kakstryking (pisking) og festringsarbeid på livstid under strengt vakthald. I 1842 var 14 000 spesidalar av det stolne beløpet enno ikkje komne til rette.

Internasjonal krise. Avgrensingar medførte kontraktiv pengepolitikk.

Ny lov om Noregs Bank blei sanksjonert 23. april 1892.

1816

Noregs Bank blei oppretta 14. juni 1816. Noregs Bank hadde to oppdrag: gi ut ein norsk valuta og yte lån til bedrifter og privatpersonar. Det var ikkje bankar i Noreg på den tida. Det første hovudkontoret opna i Trondheim. Opningstida var ein time dagleg for setelveksling og to timar for utbetaling av lån og aksjeutbyte. Eit av direksjonsmedlemmene skulle vere til stades to timar om dagen. Noregs Bank hadde kontor i Christiania, Bergen og Christianssand øg.

1834




Hovudkontoret til Noregs Bank i Trondheim



Kontoret i Christianssand

1835-1914



1000-kronesetel, 1877-1901

Avdelingar og kontor blei etablerte i Skien, Drammen, Stavanger, Tromsø, Fredrikshald, Lillehammer, Bodø, Christianssund, Hamar, Ålesund, Vardø, Gjøvik, Larvik, Fredrikstad, Hammerfest, Hauge-sund og Arendal.

1847-1849

1874

Noreg gjekk over til gullstandard og pengeeininga kroner og øre.

1892

1897

Den 1. januar 1897 blei hovudsetet til Noregs Bank flytta til Oslo, og i 1906 blei eit nytt hovudkontor på Bankplassen teke i bruk.



Nytt hovudkontor i Oslo

Oppgjerssystemet til Noregs Bank (NBO) blei sett i drift.

1997

1988-2001

Distriktskontora blei lagde ned.

Noregs Bank etablerte kontor i London.

2000

2001

Ny forskrift om pengepolitikken blei fastsett i statsråd 29. mars. Noregs Bank skal setje styringsrenta med sikte på låg og stabil inflasjon. Inflasjonsmålet var sett til 2,5 prosent.

Kontoret i Shanghai



Noregs Bank etablerte kontor i Shanghai.

2007

2007-2009

Finanskrise. Noregs Bank tilførte likviditet i kroner og valuta. Tiltak innanfor pengepolitikk og finansiell stabilitet.

1899-1905

Kristianiakrakket.
Noregs Bank er
bankane sin bank.

1920-1928

Bank- og valutakriser
etter 1. verdskrig.
Noregs Bank gav
kapitaltilførsel under
bankkrisa i 1920-1924
og førte paripolitikk i
perioden 1925-1928.

1931-1932

Bankkrise.
Noregs Bank
gav støtte til to
store bankar.

1940-45

I 1940 blei hovudkvarteret til
Noregs Bank mellombels flytta
til London med ny direksjon.
Gullbeholdninga til banken blei
berga til New York og Ottawa
via ei dramatisk ferd frå Oslo til
Tromsø. Gullet og andre valuta-
reservar var under kontroll av
London-direksjonen.



Frå utstillinga «Den tunge
bagasjen» om den dramatiske
gulltransporten i april og mai 1940

I 1942 oppretta Noregs
Bank eit permanent
kontor i New York.

Samtidig hadde Noregs
Bank framleis verksemd
i Noreg under ansvar av
okkupasjonsmakta til
krigen var over.

1985

Ny lov av 24. mai 1985 om Noregs Bank
og pengevesenet (sentralbanklova) tok
til å gjelde 9. september 1985.



Nytt hovudkontor på
Bankplassen 2

Den 1. september 1986
flytta hovudkontoret til
Noregs Bank inn i nytt
bygg på Bankplassen
i Oslo.

1986

Bankkrise.
Noregs Bank tilførte likviditet
og var bankane sin bank.

1988-1993

1996-97

Fondet fekk
den første
kapitalover-
føringa frå
Finansdeparte-
mentet i 1996.
I 1997 blei
forvaltinga
av Statens
pensjonsfond
utland lagd til
Noregs Bank.



Det første innskotet i
Statens pensjonsfond
utland

2010

Noregs Bank etablerte kontor i
Singapore, og Statens pensjons-
fond utland gjorde den første
investeringa i fast eigedom.



Regent Street London

2011

Stortinget vedtok at
Noregs Bank skal ha
hovudansvaret for å
utarbeide grunnlag
for vedtak om mot-
syklisk kapitalbuffer.

2015

Noregs Bank
etablerte kontor
i Tokyo.

Stortinget vedtok
ei endring i sentral-
banklova som
innebar ein auke
frå ein til to vise-
sentralbanksjefar.

2017-2019

Noregs nogjeldande setelserie blir utgitt. Setel-
serien har motiv som viser kva havet har hatt å
seie for nærings- og velferdsutviklinga i Noreg.

2019

Den 2. mars fastsette regjeringa
ei ny forskrift for pengepolitikken
med eit nytt inflasjonsmål. Det
operative målet er no ein årsvekst
i konsumprisane som over tid er
nær 2 prosent.

2020

Statens pensjons-
fond utland
passerte ti tusen
milliardar kroner.

2020

Den nye sentralbanklova
tok til å gjelde 1. januar
2020. Med ny sentral-
banklov blei det bestemt
at Noregs Bank i åra som
kjem, framleis skal løyse
to sentrale samfunnsopp-
drag: å vere sentralbanken
i landet og forvalte Statens
pensjonsfond utland.

2020

Koronakrise.
Noregs Bank
tilførte likvi-
ditet i kroner
og valuta.
Tiltak innanfor
pengepolitikk
og finansiell
stabilitet.

Innhald

2020

1

FORORDET TIL SENTRALBANK- SJEFEN

Eit usedvanleg år 7

2

INTRODUKSJON TIL NOREGS BANK OG HOVUDTAL

Dette er Noregs
Bank _____ 10

Samfunns-
oppdraget vårt _ 12

Visjon og
verdiar _____ 14

Viktige hendingar
i 2020 _____ 16

Nøkkeltal _____ 18

Organisasjonen _ 2

3

NOREGS BANKS KJERNE- OPPGÅVER

Krisetiltak
våren 2020 _____ 26

Forvaltinga
av Statens
pensjonsfond
utland _____ 28

Pengepolitikk _ 30

Finansiell
stabilitet _____ 32

Betalings-
systemet _____ 34

4

STYRING, KONTROLL OG SAMFUNNS- KONTAKT

Slik blir Noregs
Bank styrt _____ 40

Risikostyring og
internkontroll _ 42

Ein open
sentralbank _____ 44

Internasjonalt
samarbeid _____ 46

5

STRATEGI OG FRAMTIDS- UTSIKTER

Strategi 2022 –
én bank _____ 50

6

ÅRSMELDINGAR

Årsmeldinga til
hovudstyret
2020 _____ 68

Årsmeldinga til
komiteen for
pengepolitikk og
finansiell stabilitet
2020 _____ 94

7

SAMFUNNS- ANSVAR OG BEREKRAFT

Klimaendringar
og utøvinga av
samfunns-
oppdraget _____ 109

Drifta til
Noregs Bank i
eit berekraft-
perspektiv _____ 119

Dei dyktige
medarbeidarane
våre _____ 123

8

RESULTAT- REKNESKAP OG BALANSE

Hovedpunkter _____ 134

Regnskap _____ 138

Noter _____ 145

Beretning,
vedtak og
uttalelse _____ 242

1 | Forordet til sentralbank- sjefen

Eit usedvanleg år _____ 7



Øystein Olsen

6

Sentralbanksjef

Eit usedvanleg år

1. januar 2020 tok ei ny sentralbanklov til å gjelde. Med den kom ein ny styringsstruktur med eit hovudstyre og ein fagkomité for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Ved inngangen til 2020 var det mange, både internt og eksternt, som skulle bli kjende med nye roller og oppgåver.

Dei nye styrande organa skulle få ein brå start. 12. mars blei Noreg stengt ned, og dei økonomiske utsiktene blei dramatisk endra. Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet blei hasteinnkalla og vedtok ei rekkje tiltak for å roe ned finansmarknadene og motverke nedgangen i økonomien. Styringsrenta blei sett ned – etter kvart til null – den motsykliske kapitalbufferen i bankane blei redusert, Noregs Bank annonserte støttekjøp av kroner for å stabilisere valutamarknaden, og bankane fekk tilbod om ekstraordinære F-lån i kroner og dollar.

Parallelt med det økonomiske jordskjelvet som trefte oss, gjennomførte hovudstyret ein viktig tilsetjingsprosess. Yngve Slyngstad hadde hausten 2019 annonsert avgangen sin etter tolv år som leiar av kapitalforvaltinga i Noregs Bank. Etter ein grundig tilsetjingsprosess kunne styret i mars presentere etterfølgjaren hans, Nicolai Tangen. Ein revidert arbeidsavtale blei signert i august, og Nicolai Tangen tok til i stillinga som planlagt 1. september.

Kapitalforvaltinga har vore gjennom eit år med svært krevjande marknadsforhold. Børsfallet våren 2020 er blant dei kraftigaste verda har sett. Medarbeidarane i oljefondet måtte ta store avgjerder raskt i ein situasjon der dei fleste sat på heimekontor. I periodar har enkelte av utekontora vore heilt nedstengde. Likevel

kan vi konstatere at fondet har greidd å levere resultat heilt i toppklasse. Det vitnar om ein fleksibilitet og ein arbeidsinnsats som det står stor respekt av.

Også sentralbankverksemda har fått testa kriseberedskapen sin. Nye marknadstiltak er blitt implementerte på svært kort tid og har bidrege vesentleg til at bankar og finansmarknader har fungert godt gjennom heile krisa. Dei dyktige bankmedarbeidarane har lagt ned ein formidabel arbeidsinnsats frå heimekontora med å oppdatere analysar og anslag etter kvart som smittesituasjonen og utsiktene for økonomien har endra seg, og dei har følgd nøye med på forhold som kan utgjere ein trussel mot stabiliteten i det finansielle systemet.

Pandemien stilte strenge krav til måten vi organiserte arbeidet vårt på. Operasjonar og analysearbeid blei gjennomførte frå heimekontor i samarbeid med enkelte nøkkelpersonar som har vore på jobb på Bankplassen. Andre har reingjort og sørgd for at forholda har lege til rette for godt smittevern på kontoret. Tekniske løysingar for sikre digitale møteplassar blei bygde ut i rekordfart, slik at vi har kunna utføre dei samfunnskritiske funksjonane våre også i den unntakstilstanden vi framleis er i. Alle medarbeidarane i banken har lagt ned ein imponerende innsats. Det samsvarer med den dugnadsanda som har prega myndigheiter, verksemdar og ei tolmodig befolkning heile dette uvanlege året. No bør vi kunne unne oss ein koronavennleg klapp på skuldra for det vi har oppnådd i 2020, og så rette blikket framover mot 2021, der massevaksinasjon forhåpentlegvis vil gjere at vi etter kvart kan leve meir normalt igjen.

2 | Introduksjon til Noregs Bank og hovudtal

Dette er Noregs Bank _____	10
Samfunnsoppdraget vårt _____	12
Visjon og verdier _____	14
Viktige hendingar i 2020 _____	16
Nøkkeltal _____	18
Organisasjonen _____	20



10

Dette er Noregs Bank

Noregs Bank er sentralbanken i landet.

Stiftinga av Noregs Bank i 1816 var ein viktig del av nasjonsbygginga etter at unionen med Danmark var oppløyst. Stortinget gav sentralbanken to hovudoppgåver: gi ut ein eigen norsk valuta, spesidalaren, og yte lån til bedrifter og privatpersonar.

I dag driv ikkje Noregs Bank lenger med utlån til folket. Til gjengjeld har banken fått ei rekkje andre oppgåver som han utfører på vegner av fellesskapet. Noregs Bank har utøvande og rådgivande oppgåver i pengepolitikken, forvaltar valuta-reservane i landet og Statens pensjonsfond utland og skal bidra til effektive og robuste betalingssystem og finansmarknader. I tillegg har sentralbanken einereitt på å utferde norske setlar og myntar, slik han alltid har hatt.

Banken fastset normalt styringsrenta åtte gonger i året. Den operative gjennomføringa av pengepolitikken skal rettast inn mot låg og stabil inflasjon med ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2 prosent. Som ein del av arbeidet med å bidra til stabilitet i det finansielle systemet har Noregs Bank fått i oppdrag å lage eit avgjerdsgrunnlag og gi Finansdepartementet råd om nivået på den motsykliske kapitalbufferen som bankane er pålagde å halde.

Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland med sikte på å oppnå høgast mogleg avkastning etter kostnader innanfor dei rammene som gjeld for forvaltinga.



Samfunnsoppdraget vårt

Noregs Bank skal fremje økonomisk stabilitet og forvalte store verdier på vegner av fellesskapet.

Banken utøver pengepolitikken, overvaker stabiliteten i det finansielle systemet og bidreg til robuste og effektive betalingssystem og finansmarknader.

Noregs Bank forvaltar egne valutareserver og Statens pensjonsfond utland på vegner av staten.





Visjon og verdier



14

Noregs Bank skal vere ein open og veldriven sentralbank. Vi skal vere blant dei leiande sentralbankane i fornyinga av pengepolitikken og i moderniseringa av betalingssystemet. Vi skal ta vare på og utvikle finansielle verdier for framtidige generasjonar. Open og aktiv kommunikasjon skal bidra til forståing for rolla til banken og utøvinga av oppgåvene til banken.

Grunnverdiene til banken er lagånd, integritet, nyskaping og kvalitet. Vi skal ha ein kostnadseffektiv og forsvarleg ressursbruk og leggje til rette for gode arbeidsforhold, ansvarleg eigarskap og miljøomsyn i verksemda.



Viktige hendingar i 2020

- 1. januar tok ei ny sentralbanklov til å gjelde. Med den nye lova følgde ein noko endra styringsstruktur og opprettinga av komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.
- Noregs Bank reduserte styringsrenta frå 1,5 til 0 prosent i løpet av våren.
- Noregs Bank gav råd til Finansdepartementet om å redusere nivået på den motsykliske kapitalbufferen i bankane frå 2,5 til 1 prosent. Finansdepartementet følgde dette rådet.
- 26. mars presenterte hovudstyret Nicolai Tangen som ny dagleg leiar for Norges Bank Investment Management.
- Ved utgangen av 2020 var marknadsverdien til Statens pensjonsfond utland 10 914 milliardar kroner, og avkastinga i 2020 svarte til 1070 milliardar kroner.
- Noregs Bank tilbydde ekstraordinær likviditet til bankane både i norske kroner og amerikanske dollar. På det meste var det uteståande ekstraordinære lån på i underkant av 250 milliardar kroner.
- Etter at krona nådde rekordsvake nivå mot ei rekkje valutaer i mars, kjøpte Noregs Bank kroner for å bidra til ein velfungerande marknad for norske kroner.
- 1. april slutta visesentralbanksjef Egil Matsen, og visesentralbanksjef Jon Nicolaisen overtok oppgåvene hans knytte til forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Samtidig begynte Ida Wolden Bache som ny visesentralbanksjef, med særskilt ansvar for sentralbankverksemda. Jon Nicolaisen søkte om avskjed 4. desember.





Nøkkeltal

Styringsrenta til Noregs Bank blei redusert til

0 %

i 2020

Årsveksten i konsumpris-
indeksen (KPI) var

1,3 %

i 2020

Motsyklikk
kapitalbufferkrav er

1 %

frå utgangen av 2020

Marknadsverdien av
valutareservane var

596 mrd.

kroner ved utgangen av 2020

I oppgjerssystemet til Noregs Bank blei det i gjennomsnitt gjort opp betalingar for

421 mrd.

kroner kvar dag i 2020

Marknadsverdien til
Statens pensjonsfond utland var

10 914 mrd.

kroner ved utgangen av 2020

Auken i Statens pensjonsfond
utland var

826 mrd.

kroner i 2020

Det samla resultatet
til Noregs Bank var

29 mrd.

kroner i 2020

Overføring
til statskassen

15 mrd.

kroner i 2020

Noregs Bank har

925 fast tilsette

fordelt på 35 nasjonalitetar



TABELL 1 NØKKELTAL DEI SISTE FEM ÅRA

	2016	2017	2018	2019	2020
Styringsrente. prosent	0,5	0,5	0,75	1,5	0
KPI. prosent ¹	3,6	1,8	2,7	2,2	1,3
Motsyklisk kapitalbuffer. prosent	1,5	2,0	2,0	2,5	1
Marknadsverdi av SPU. Mrd. kr	7510	8488	8256	10 088	10 914
Auke i SPU. Mrd. kr.	35	978	-233	1 832	826
Marknadsverdi av valutareservane. Mrd. kr	480	512	512	246	596
Samla resultat. Mrd. kr	-3	28	16	44	29
Overføring til statskassen	18	14	15	20	15
Gjennomsnittleg omsetning per dag i oppgjerssystemet til Noregs Bank. Mrd. kr.	221	236	248	259	421
Tilsette	923	922	953	940	925

¹ Prosentvis endring frå førre år

Organisasjonen

Dei øvste organa i Noregs Bank er hovudstyret, komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet og representantskapet. Sentralbanksjefen er leiar av hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Sentralbankverksemda (SBV) har ansvaret for utøvinga av pengepolitikken, finansiell stabilitet, marknadsoperasjonar og forvaltning av valutareservane. SBV blir leidd av sentralbanksjefen, som blir tilsett av Kongen i statsråd. SBV har tre avdelingar: Pengepolitikk, Finansiell stabilitet og Marknader og IKT. I avdelinga for pengepolitikk ligg ei eiga forskingsavdeling som forskar på tema knytte til heile SBV-verksemda, og ei internasjonal avdeling.

Norges Bank Investment Management (NBIM) har ansvar for å forvalte Statens pensjonsfond utland (SPU). NBIM har ein dagleg leiar som er tilsett av hovudstyret. Frå 2020 er denne tilsetjinga på åremål med fem år i maksimalt to periodar. NBIM består av avdelingane Teknologi, Drift, Eigarskap og etterleving, Marknadsstrategi, Aksjeinvesteringar, Egedoms- og infrastrukturinvesteringar, Risikostyring og Stab.


Statens pensjonsfond utland er investert over heile verda, og NBIM er ein internasjonal organisasjon med tilsette frå 33 ulike land.

NBIM har kontor i Oslo, London, New York, Shanghai og Singapore og dotterselskap i Tokyo, Paris og Luxemburg.

I tråd med nytt mandat endra Noregs Bank organisering på slutten av 2019. For å støtte sentralbankverksemda og NBIM er det etablert eit fellesområde – Noregs Bank Administrasjon (NBA). NBA samlar støttefunksjonar som HR, kommunikasjon, økonomistyring og rekneskap, innkjøp, eigedom, juridisk kompetanse, arkiv og tryggleik. NBA skal utnytte den samla kompetansen, bidra til kostnadseffektive løysingar og understøtte at banken er éi verksemd. NBA-direktøren rapporterer til sentralbanksjefen.

Etterleving og kontroll (GRC) er kontrollorganet til sentralbanksjefen, internrevisjonen er kontrollorganet til hovudstyret, og tilsynssekretariatet er sekretariatet til representantskapet.

Sentralbankleiinga har i tillegg ein stab som er sekretariat for hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet, skriv talar og gir fagleg og administrativ støtte til sentralbankleiinga.







Leiarsamling i Noregs Bank. Foredrags-
haldar er HR-direktør Ada Magnæs Aass.
Til stades (frå venstre mot høgre): direktør
for Finansiell stabilitet Torbjørn Hægeland,
direktør for Marknader og IKT Olav Bø,
direktør for Pengepolitikk Ole Christian
Bech-Moen, CEO for NBIM Nicolai Tangen,
direktør for Noregs Bank Administrasjon
Jane Kristin Aamodt Haugland og sentral-
banksjef Øystein Olsen. Resten av leiinga
deltok på videolink.

3 | Noregs Banks kjerneoppgåver

Krisetiltak våren 2020	26
Forvaltinga av Statens pensjonsfond utland	28
Pengepolitikk	30
Finansiell stabilitet	32
Betalingssystemet	34

Krisetiltak våren 2020

Koronakrisa kom brått på og fekk store konsekvensar for norsk og internasjonal økonomi. Noregs Bank kom med kraftige tiltak. Styringsrenta blei etter kvart sett til null, vi tilbydde ekstraordinære lån til bankane, vi gav råd om reduksjon av den motsykliske kapitalbufferen, og vi intervenerte i kronemarknaden. Nedanfor er ei kronologisk beskriving av tiltaka våre våren 2020.

12. mars

- På eit ekstraordinært møte 12. mars bestemte Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet einstemmig å redusere styringsrenta med 0,5 prosent-einingar til 1,0 prosent. Det var svært usikkert kor lenge virusutbrotet ville vare, og kor store konsekvensar det ville få, og det var ein risiko for eit markert tilbakeslag i økonomien. Komiteen følgde utviklinga og var førebudd på å setje renta ytterlegare ned.
- For å sikre at styringsrenta fekk gjennomslag til pengemarknadsrentene tilbydde Noregs Bank 12. mars ekstraordinære tremånaders F-lån til bankane.


13. mars

- Finansdepartementet bestemte 13. mars, etter råd frå Noregs Bank, å redusere kravet til motsyklisk kapitalbuffer i bankane frå 2,5 til 1 prosent med direkte verknad. Formålet var å motverke at ein strammare utlånspraksis i bankane forsterkar ein nedgang i norsk økonomi.

18. mars


- Noregs Bank annonserte lettat i krava til sikkerheit for lån i Noregs Bank for å sikre at bankane hadde god nok lånetilgang. Lettane innebar mellom anna at bankane kunne stille heile uteståande av ein bustad-lånsobligasjon frå eige konsern som sikkerheit for lån.

Figur 1 Sjudagars glidande snitt av nye registrerte smittetilfelle per 100 000 innbyggjarar. 7. januar 2020–31. desember 2020



Kjelder: Refinitiv Datastream og Noregs Bank

Figur 2 BNP handelspartnarar. Indeks. Anslag på ulike tidspunkt. 4. kvartal 2019 = 100. 1. kv. 2014–4. kv. 2023



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

19. mars

- På eit ekstraordinært møte 19. mars bestemte Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet einstemmig å redusere styringsrenta med 0,75 prosent-einingar til 0,25 prosent. Etter at Noregs Bank sette ned styringsrenta veka før, hadde situasjonen i norsk økonomi forverra seg ytterlegare. Uroa i finansmarknadene hadde auka, og høgare påslag i kreditt- og pengemarknaden gjorde det dyrare for norske føretak å finansiere seg. Kronekursen hadde svekt seg kraftig.
- Noregs Bank sitt tilbod av ekstraordinære lån blei utvida med løpetider frå ei veke og opp til tolv månader. Låna blei gitt med full tildeling, og prisen varierte frå styringsrenta til styringsrenta pluss 30 basispunkt.
- Den amerikanske sentralbanken Federal Reserve annonserte at dei etablerte mellombelse likviditetsordningar i dollar med fleire sentralbankar, inkludert Noregs Bank. Gjennom ordninga tilbydde Noregs Bank i fleire rundar lån av amerikanske dollar til bankane med tre månaders løpetid.
- 19. mars nådde krona rekordsvake nivå mot ei rekkje valutaer. På dette tidspunktet var usikkerheita i kronemarknaden særleg stor,

og avgrensa likviditet bidrog til å forsterke kursrøslene. For å bidra til ein velfungerande marknad for norske kroner annonserte Noregs Bank at det blei vurdert løpande om det var behov for å intervenere i marknaden. Samla gjorde Noregs Bank ekstraordinære kronekjøp for 3,5 milliardar kroner i valutamarknaden.


6. mai

- På rentemøtet 6. mai bestemte Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet einstemmig å setje styringsrenta til 0 prosent. Vurderinga var at låge renter ikkje kunne hindre at koronautbrotet ville få store konsekvensar for norsk økonomi, men at det kunne bidra til å dempe tilbakeslaget.

Seinare

- Frå august reduserte Noregs Bank tilbodet av ekstraordinære lån til lån med tre månaders løpetid. Samtidig blei prisen på låna auka til 15 basispunkt over styringsrenta. Det blei på same tidspunkt varsla ei gradvis reversering av lettane i krava til sikkerheit for lån.
- Den motsykliske kapitalbufferen er framleis på 1 prosent, og styringsrenta er framleis null ved utgangen av 2020.

Figur 3 Pengemarknadspåslag, prosenteneingar. 1. januar 2016–31. desember 2020



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Figur 4 Importvegen valutakursindeks (I-44) 1. januar 2019–31. desember 2020



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Forvaltinga av Statens pensjonsfond utland

Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland med sikte på å oppnå høgast mogleg avkastning etter kostnader innanfor dei rammene som gjeld for forvaltinga.

Ved utgangen av 2020 var marknadsv verdien til Statens pensjonsfond utland 10 914 milliardar kroner, 826 milliardar kroner meir enn ved inngangen til året. Avkastninga svarte til 1 070 milliardar kroner. Uttaket frå den norske staten var 302 milliardar kroner etter utbetalt forvaltingsgodtgjersle. Endringar i kronekursen auka marknadsv verdien med 58 milliardar kroner, men det har ingenting å seie for den internasjonale kjøpekrafta til fondet.


Rammeverk

Stortinget har fastsett dei formelle rammevilkåra for fondet i lov om Statens pensjonsfond. I den nye sentralbanklova har Noregs Bank fått oppgåva med å forvalte fondet. Finansdepartementet har fastsett eit mandat for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland som mellom anna inneheld referanseindeksen til fondet og rammer for forvaltinga.


Fondsmekanismen

Saman med avkastninga frå fondseigedelane blir heile statens netto kontantstraum frå petroleumsverksemda sett til side i Statens pensjonsfond utland (SPU), mens det blir gjort eit uttak frå fondet for å dekkje det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet. Ifølgje handlingsregelen skal dette uttaket over tid følgje den forventta realavkastninga av fondet, berekna til 3 prosent årleg, mot tidlegare 4 prosent. Slik blir inntektene frå fondet gradvis fasa inn i økonomien. Samtidig er det berre avkastninga av fondet som blir brukt, ikkje fondskapitalen i seg sjølv.

Figur 5 Fondsmekanismen forenkla framstilt




Figur 6 Aktivafordeling



¹ Per 30. desember 2020
Kjelde: Noregs Bank

Investert i meir enn 9000 selskap i 74 land



Forvaltninga av SPU

Noregs Bank har i oppgåve å ta vare på verdiane i fondet for framtidige generasjonar på ein sikker, effektiv, ansvarleg og open måte. Målet er at investeringane skal gi høgast mogleg langsiktig avkastning innanfor mandatramma. Noregs Bank spreier investeringa på mange enkeltinvesteringar over heile verda for å gjere fondet mindre sårbart for utviklinga i kvart enkelt selskap, kvar enkelt sektor og kvart enkelt land.


Investeringsmandatet seier at Noregs Bank kan investere i børsnoterte aksjar, obligasjonar, unotert eigedom og infrastruktur for fornybar energi. Aksje- og obligasjonsinvesteringane i fondet følgjer i stor grad av Finansdepartementet sine avgjerder om referanseindeksar. Det er opp til Noregs Bank å bestemme kor mykje som skal investerast i eigedom, og kva for typar eigedom fondet skal investerast i. Kjøp av eigedom blir finansiert med sal av aksjar og obligasjonar. I forvaltninga er unoterte og

noterte eigedomsinvesteringar forvalta som ein samla strategi for eigedom. Investeringar i infrastruktur for fornybar energi er ein del av fondets miljømandat, som har ei øvre ramme på 120 milliardar kroner. Unotert infrastruktur for fornybar energi kom inn i fondsmandatet i 2019, og banken hadde ved utgangen av året ingen slike investeringar.

Ansvarleg forvaltingverksemd er ein integrert del av forvaltingsoppdraget. Noregs Bank er ein aktiv eigar og prioriterer arbeidet med velfungerande styre og god eigarstyring. Bankens investeringsavgjerder tek omsyn til vurderingar av selskap sin langsiktige risiko knytt til økonomiske, miljømessige og samfunnsmessige forhold. I 2020 var fondsavkastinga på 10,9 prosent før forvaltingskostnadene. Avkastinga var 0,27 prosentpoeng høgare enn avkastinga på referanseindeksen som avkastinga blir målt mot.


Meir informasjon er å finne på side 68 i meldinga frå hovudstyret og i *Årsrapporten frå Statens pensjonsfond utland* på www.nbim.no

Figur 7 Utvikling i fondsverdien. Milliardar kroner¹



¹ Per 30. desember 2020
Kjelder: Finansdepartementet og Noregs Bank

Figur 8 Akkumulert avkastning på fondet og referanseindeksen



Kjelder: Bloomberg Barclays Indices, FTSE og Noregs Bank

Pengepolitikk

Pengepolitikken skal halde oppe ein stabil pengeverdi gjennom låg og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2 prosent.

Inflasjonsstyringa er framover-skodande og fleksibel, slik at ho kan bidra til høg og stabil produksjon og sysselsetjing samt til å motverke oppbygging av finansielle ubalansar.

Gjennomføringa av pengepolitikken


Det viktigaste verkemiddelet for å nå måla i pengepolitikken er styringsrenta, som er renta på bankane sitt normale innskott over natta i Noregs Bank. Styringsrenta påverkar andre renter, som igjen påverkar aktiviteten i økonomien og dermed òg inflasjonen.

Både rentene i dag og forventningane om den økonomiske utviklinga påverkar vala hushalda og bedriftene gjer. Noregs Bank er open om vurderingane av dei økonomiske utsiktene og avvegingane i pengepolitikken. Det kan påverke forventningane til framtidig inflasjon og rente og til den økonomiske utviklinga elles.

Vedtak om styringsrenta blir vanlegvis gjorde på dei annonserte rentemøta. I 2020 var det planlagt åtte slike møte, men koronapandemien gjorde at det ordinære rentemøtet i mars blei erstatta av to ekstraordinære rentemøte. Det blei publisert fire utgåver av pengepolitisk rapport. I desse rapportane legg Noregs Bank fram prognosar for den økonomiske utviklinga, mellom anna for styringsrenta. Her blir det òg gjort greie for aktuelle vurderingar og avveingar i rentesetjinga. I lys av koronautbrotet og den ekstraordinære situasjonen i norsk økonomi blei det til rentemøtet i mai utarbeidd ei pengepolitisk oppdatering med oppdaterte anslag.


Samtidig med den pengepolitiske rapporten blir det publisert ein kortare og enklare versjon av grunngivinga for rentesetjinga.

Figur 9 BNP for Fastlands-Noreg. Indeks. Anslag på ulike tidspunkt. 4. kvartal 2019 = 100. 1. kv. 2019–4. kv. 2023



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Figur 10 Styringsrenta. Anslag på ulike tidspunkt. Prosent. 1. kv. 2014–4. kv. 2023



Kjelde: Noregs Bank

Innretninga av pengepolitikken i 2020

Etter nokre år med god vekst i fastlands-økonomien blei norsk økonomi vurdert å vere nær toppen av konjunktursyklusen ved utgangen av 2019.

På kort tid blei dei økonomiske utsiktene dramatisk endra. Aktiviteten i norsk økonomi fall brått som følge av koronapandemien, og arbeidsløysa steig markert. Styringsrenta blei sett ned tre gonger våren 2020, frå 1,50 prosent til 0 prosent. Formålet var å motverke dei negative økonomiske verknadene av koronapandemien. Samtidig blei prognosen for styringsrenta kraftig nedjustert.

Ved utgangen av 2020 indikerte prognosen at styringsrenta ville vere null i over eitt år framover. Deretter ville renta bli auka gradvis frå første halvår 2022, etter kvart som aktiviteten nærma seg eit meir normalt nivå. Med ei slik utvikling i renta var det utsikter til at kapasitetsutnyttinga ville stige gradvis, og at produksjonsgapet ville lukke seg i løpet av 2022. Arbeidsløysa vart anslått å avta, men likevel bli liggjande noko høgare enn før pandemien. Den underliggjande prisveksten, som auka gjennom våren og sommaren som følge av høgare prisvekst på importerte varer, blei venta å minke det neste halvtanna året, for så å stige til noko over 1,5 prosent mot slutten av 2023.


Sjå meir i meldinga frå komiteen på side 94 og i rapportane *Pengepolitisk rapport* og *Regionalt Nettverk*, som finnes på www.norges-bank.no.

REGIONALT NETTVERK

For å hente inn informasjon om den økonomiske utviklinga i ulike næringar har Noregs Bank jamleg samtalar med eit nettverk av bedriftsleiarar. Informasjonen inngår i dei samla vurderingane av utviklinga og utsiktene for norsk økonomi, som igjen er viktige for korleis pengepolitikken blir innretta.


I 2020 blei det gjennomført fire ordinære intervjurundar med til saman 1300 kontaktar. Den auka spreinga av koronaviruset gjorde at det i tillegg blei gjennomført nokre ekstraordinære ringjerundar til eit avgrensa utval kontaktar.

Figur 12 Regionalt nettverk. Produksjonsvekst siste tre månader. Annualisert




Kjelde: Noregs Banks regionale nettverk

Figur 11 Konsumprisar. Anslag i PPR 4/20. Firekvartalsvekst. Prosent. 1. kv. 2014–4. kv. 2023



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Figur 13 Anslag på produksjonsgapet. Prosent. 1. kv. 2014–4. kv. 2023



Kjelde: Noregs Bank

Finansiell stabilitet

Noregs Bank skal fremje stabiliteten i det finansielle systemet. Eit stabilt og velfungerande finansielt system er viktig for å sikre betalingar, finansiering og risikofordeling i samfunnet.

Finansiell stabilitet er eit av hovudmåla til Noregs Bank i arbeidet med å fremje økonomisk stabilitet. Oppgåvene og ansvaret til Noregs Bank på dette området følgjer av sentralbanklova, som seier at banken skal «fremme stabilitet i det finansielle systemet og et effektivt og sikkert betalingssystem» og «ha utøvende og rådgivende myndighet i arbeidet for finansiell stabilitet».

Noregs Bank kan tilføre ekstraordinære lån til enkeltbankar eller til banksystemet når etter-spurnaden etter likviditet ikkje kan møtast frå andre kjelder og den finansielle stabiliteten er trua. Som bankane sin bank vil Noregs Bank

overvake det finansielle systemet samla sett med særleg vekt på risikoen for systemsvikt.


Finansdepartementet skal fastsetje kravet til den motsykliske kapitalbufferen fire gonger i året. Noregs Bank har fått i oppdrag å lage eit avgjerdsgrunnlag og gi Finansdepartementet råd om nivået på den motsykliske kapitalbufferen.

Avgjerdsgrunnlaget blir publisert som ein del av *Pengepolitisk rapport med vurdering av den finansielle stabiliteten*.

Råd om motsyklisk kapitalbuffer i 2020


I samband med koronakrisa gav komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet 13. mars Finansdepartementet råd om å redusere kravet til motsyklisk kapitalbuffer i bankane frå 2,5 til 1 prosent. Formålet var å motverke at ein strammare utlånspraksis i bankane forsterkar ein nedgang i norsk økonomi. Sidan har rådet vore å halde den motsykliske bufferen uendra.

Figur 14 Gjeldsbelasting, gjeldsbetenningsgrad og rentebelasting. Hushald. Prosent. 1. kv. 1980–3. kv. 2020



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Figur 15 Bustadprisar relativt til inntektene til hushalda. Indeks. 1. kv. 1983 – 4. kv. 2020



Kjelder: Eiendom Norge, Eiendomsverdi, Finn.no, Norges Eiendomsmeidlerforbund (NEF), Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

MOTSYKLISK KAPITALBUFFER

Formålet med den motsykliske kapitalbufferen er å gjere bankane meir solide og motverke at kredittpraksisen forsterkar eit tilbakeslag i økonomien. Den motsykliske kapitalbufferen skal som hovudregel utgjere mellom 0 og 2,5 prosent av berekningsgrunnlaget til bankane, men kan i særlege tilfelle setjast høgare, sjå *Norges Bank Memo* 4/2019.

Bankane bør byggje opp og halde ein motsyklisk kapitalbuffer når det byggjer seg opp eller har bygd seg opp finansielle ubalansar. Store finansielle ubalansar inneber ein fare for brå nedgang i etterspurnaden frå hushalda og føretaka og store tap i bankane. Ved eit kraftig tilbakeslag og klart redusert tilgang på kreditt bør bufferen setjast ned for å motverke at bankane strammar inn på utlån.

I desember 2020 varsla komiteen at slik han vurderte den økonomiske utviklinga og utsiktene til tap og utlånskapasitet i bankane, vil han gi råd om auka bufferkrav i 2021. Komiteen ser for seg at bufferen på noko sikt skal tilbake til 2,5 prosent.

Vurdering av sårbarheit i 2020


I rapporten *Finansiell stabilitet 2020* vurderer banken at det norske finansielle systemet har klart seg godt under koronapandemien. Støttetiltak frå myndigheitene har dempa dei økonomiske konsekvensane. Det er stor uvisse omkring det vidare forløpet for pandemien og følgjene for økonomien og finansmarknadene. Utsiktene til finansiell stabilitet er derfor noko svekte.

Dei viktigaste sårbarheitene i det norske finansielle systemet har over lengre tid vore høg gjeld i hushalda, høge bustadprisar og høge næringseigedsprisar. Dette har ikkje endra seg vesentleg sidan rapporten i 2019.

Store forbetringar i bank- og finansreguleringa sidan finanskrisa i 2008 har auka motstandskrafta i det finansielle systemet. Bankane er robuste og har god kapitaldekning. Koronapandemien har redusert lønnsmeda til bankane. Utlånstapa har auka, særleg på oljerelaterte utlån. I tillegg har renteinntektene, som er den viktigaste inntektskjelda for norske bankar, gått noko ned. Reduserte driftskostnader og tilbakehalde overskot har gitt betre soliditet. Saman med nedsetjinga av den motsykliske kapitalbufferen har dette gitt bankane fleksibilitet til å halde oppe kredittgivinga.


Meir informasjon er å finne i meldinga frå komiteen på side 104 og i *Finansiell stabilitet 2020* på www.norges-bank.no.

Figur 16 Næringseigedsprisar. Prestisjelokale i Oslo. Tusen kroner per kvadratmeter. 1. kv. 2002–3. kv. 2020



Kjelde: CBRE

Figur 17 Utlånstap som andel av utlån. Alle bankar og kredittføretak i Noreg. Annualisert. Prosent. 1. kv. 1987 – 4. kv. 2020



Kjelde: Noregs Bank

Betalingssystemet

Noregs Bank skal fremje eit effektivt og sikkert betalings-system. Noregs Bank gjer dette ved

- **å leggje til rette for eit stabilt og effektivt system for betaling, avrekning og oppgjør mellom føretak med konto i banken**
- **å overvake betalingssystemet og annan finansiell infrastruktur og bidra til beredskapsløysingar**
- **å føre tilsyn med interbanksystem**
- **å utferde setlar og myntar og sørge for at dei kan fungere effektivt som betalingsmiddel**

Oppgjerssystemet til Noregs Bank (NBO)

Noregs Bank er oppgjersbank på øvste nivå for betalingar mellom bankane i Noreg. I NBO blei det i gjennomsnitt gjort opp betalingar for 421 milliardar kroner kvar dag i 2020. Det er ein vesentleg auke i omsetninga samanlikna med tidlegare år, noko som skriv seg frå ekstraordinære likviditetspolitiske tiltak (F-lån og F-innskot) i mars som følgje av koronapandemien. NBO er klassifisert som eit skjermingsverdig objekt.

Bankane får tilgang til NBO ved å bruke det internasjonale meldingssystemet SWIFT eller det nettbankliknande systemet NBO Online. Kvar bank har ein hovudkonto, ein lånekonto og éin eller fleire underkontoar. Les meir om dette på <https://www.norges-bank.no>

Overvaking av den finansielle infrastrukturen

Infrastrukturen spelar ei sentral rolle for stabiliteten i det finansielle systemet. Samfunns-kostnadene ved svikt i den finansielle infrastrukturen kan bli vesentleg større enn dei bedriftsøkonomiske kostnadene til systemeigarane. Derfor er den finansielle infrastrukturen underlagd regulering, tilsyn og overvaking av myndighetene.

Overvaking inneber òg å følgje med på utviklingstrekk og vere ein pådrivar for eller gjennomføre endringar som kan gjere den finansielle infrastrukturen meir effektiv. Noregs Bank vurderer mellom anna å utvide den operative rolla si ved at fleire betalingar kan gjerast opp direkte og fortløpande i sentralbankpengar.



Cybersikkerheit

Betalingssystemet er i stadig større grad digitalt. Aukande risiko knytt til cyber-kriminalitet og eventuelle angrep mot sentrale IKT-system er ei utfordring for effektiviteten og sikkerheita i betalingssystemet.

Noregs Bank og Finanstilsynet er i ferd med å utarbeide eit forslag til nasjonalt rammeverk (TIBER-NO) for testing av cyberforsvaret til føretak med kritiske funksjonar i den finansielle sektoren i Noreg. Næringa og relevante myndigheiter er inviterte til dialog.

Les meir om dette i meldinga frå hovudstyret på side 68 og i rapportane *Finansiell Infrastruktur 2020* og *Det finansielle systemet 2020*, som finst på www.norges-bank.no.

Kontantar

Verdien av setlar og myntar i omlop har hatt ein jamn årleg nedgang dei siste fire åra. Men i 2020 såg vi ein auke i kontantar i sirkulasjon i perioden mars–august, noko vi kan rekne med har samanheng med at fleire ønskte å ha noko

meir kontantar som ein garanti på grunn av koronapandemien. Samtidig fekk vi eit kraftig fall i bruken av kontantar til betalingar.


Sjølv om bruken av kontantar er låg, er det viktig for den samla effektiviteten i betalings-systemet at kontantar er tilgjengelege og kan brukast både som alternativ til bankkonto-pengar og som beredskapsløyising.

Digitale sentralbankpengar

Dei strukturelle endringane i betalingssystemet reiser spørsmål om det er behov for tiltak frå Noregs Bank for at vi skal kunne betale effektivt og sikkert i norske kroner også i framtida.


Ei sentral problemstilling er om Noregs Bank bør utferde sentralbankpengar til allmenta i digital form òg. Noregs Bank er i ferd med å undersøkje dette, motivert av både mindre kontantbruk og omsynet til «føre var». I første halvår av 2021 vil Noregs Bank avgjere korleis ein skal arbeide vidare med denne problemstillinga.

Figur 18 Kontantar i omlop 2009–2020



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Figur 19 Omsetning i NBO 2020. Dagleg gjennomsnitt per månad og for året. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank



Koronakvardagen min



Odette Wang,
Head of China A, Special Mandates, NBIM Shanghai

I invest in consumer and internet companies in China.

During the peak of the pandemic, Shanghai was locked down. We all worked from home and relied on delivery service for living necessities such as grocery, protective kits such as masks and other household goods. I managed to adapt to the 'new routine' quickly – starting the day by putting in grocery orders online before they sold out, conducting all meetings with colleagues and companies via audio/video conferences and being disciplined enough to spend some time away from the computer for some indoor physical exercise and a cup of tea. However, it is impossible to keep the paws of my three pet cats off my computer keyboard!



Marie Norum Lerbak
Assisterende direktør i Norske markeder, Markeder og IKT, SBV



Eininga mi måtte planleggje og gjennomføre dei ekstraordinære F-låna til bankane samtidig som vi blei sende til heimekontora i mars. Vi sette raskt opp daglege videomøte både morgon og ettermiddag for å fordele ansvar og diskutere det som skjedde i finansmarknadene. IT-systema fungerte, og folk var godt førebudde, så vi fekk gjennomført store krisetiltak heimanfrå utan særlege problem.

Sjølv om arbeidsdagane ikkje er like hektiske no som dei var i mars, har vi framleis daglege videomøte. Prat om stort og smått med gode kollegaer er minst like viktig for meg no som heimekontor og lite sosial kontakt er blitt vane og kvardag.



Inga Nielsen Friis
Rådgivar i Norsk Økonomi, Pengepolitisk avdeling, SBV



Då Noreg stengde ned, var vi i innspurten til å publisere Pengepolitisk rapport 1/20. Nedstenginga og dei openberre dramatiske konsekvensane for norsk økonomi gjorde at komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet gjennomførte eit ekstraordinært møte alt same dag og bestemte seg for å setje ned renta. Vi jobba nesten heile natta for å få publisert ein forkorta og totalrevidert versjon av rapporten til dagen etter. Alt før rapporten var ute, var han nærmast utdatert, og vegen vidare blei hektisk, spennande og lærerik. Renta blei sett ytterlegare ned til null prosent etter kvart. Vi koordinerte anslaga for økonomien frå kvart vårt heimekontor, analyserte korleis økonomiske samanhengar verka i denne svært spesielle situasjonen, og tok i bruk og tolka nye data.



Alain Clérambault
Assisterande direktør, Facility Services, NBA

Då vi «stengde» kontoret 12. mars, måtte vi endre måten å jobbe på drastisk, samtidig som vi skulle levere tenestene til banken.

Frå heimekontor måtte vi sørge for at dei tilsette fekk det utstyret dei trong heime, sjå til at leiinga kunne jobbe i trygge omgivelnader på Bankplassen, og hjelpe mange kollegaer med å ta i bruk det heilt nye (og framleis lite brukte) videokonferansesystemet. Reinholdsavdelinga blei utfordra som aldri før, og reinhaldsnivået gjekk frå å vere høgt til å vere på smittevernivå. Det blei innført nye arbeidsmetodar og kvalitetskontroll på rekordtid.



Samtidig har eg tankane mine heime i Frankrike, der familien min lever i ein situasjon som har vore ekstremt utfordrande, og som framleis er krevjande.

4 | Styling, kontroll og samfunns- kontakt

Slik blir Noregs Bank styrt _____ 40

Risikostyring og internkontroll _____ 42

Ein open sentralbank _____ 44

Internasjonalt samarbeid _____ 46

Slik blir Noregs Bank styrt

Verksemda til Noregs Bank er regulert i lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbank-lova) 21. juni 2019 nr. 31.

Oppgåva Noregs Bank har med å forvalte Statens pensjonsfond utland, er regulert i sentralbank-lova, lov om Statens pensjonsfond og mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU), som er fastsett av Finansdepartementet.

Noregs Bank skal vere den utøvande og rådgivande makta i pengepolitikken og skal ha utøvande og rådgivande makt i arbeidet med finansiell stabilitet. Noregs Bank skal utferde pengesetlar og myntar, leggje til rette for det sentrale oppgjerssystemet og overvake betalingssystemet. Noregs Bank eig og forvaltar dei offisielle valutareservane i landet og forvaltar Statens pensjonsfond utland.

Dei øvste organa i Noregs Bank er hovudstyret, komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet og representantskapet. Lova fastset at sentralbanksjefen skal vere dagleg leiar for Noregs Bank, men hovudstyret skal tilsetje ein eigen dagleg leiar for Noregs Bank si forvaltning av Statens pensjonsfond utland.

Hovudstyret består av sentralbanksjefen, visesentralbanksjefane og seks eksterne styremedlemmer. Dei er alle oppnemnde av Kongen i statsråd. I tillegg blir to styremedlemmer valde av og blant dei tilsette for å delta i behandlinga av administrative saker. Det er sentralbanksjefen som leier hovudstyret.


Styringa og drifta av Noregs Bank høyrer inn under hovudstyret, med unntak av saker som i

eller i medhald av lova er lagde til komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Hovudstyret skal sørge for ei forsvarleg og effektiv organisering av bankverksemda. Hovudstyret fastset strategien for verksemda og utarbeider kvart år forslag til budsjett for kommande driftsår i tillegg til årsmelding og årsrekneskap. Hovudstyret skal sjå til at bankverksemda, inkludert rekneskapen og formuesforvaltninga, blir kontrollert på ein forsvarleg måte. Det inneber å sjå til at banken har fornuftige system for risikostyring og internkontroll. Hovudstyret nyttar internrevisjonen til uavhengig vurdering av risikostyring og internkontroll. Hovudstyret har det øvste ansvaret for korleis Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland, og for fagsaker i sentralbankverksemda som ikkje høyrer inn under komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet består av sentralbanksjefen, vise-sentralbanksjefane og to eksterne medlemmer. Dei eksterne komitémedlemmene er oppnemnde av Kongen i statsråd. Sentralbanksjefen er leiar av komiteen. Komiteen har ansvaret for Noregs Bank si utøvande og rådgivande makt i pengepolitikken og for bruken av verkemiddel for å nå måla i pengepolitikken. Komiteen skal bidra i arbeidet med å fremje finansiell stabilitet gjennom rådgiving og ved å bruke dei tilgjengelege verkemidla.

Representantskapet er valt av Stortinget og har 15 medlemmer. Representantskapet er tilsyns- og kontrollorganet til Noregs Bank og har eit overordna ansvar for å føre tilsyn med drifta og etterlevinga av formelle rammer. Representantskapet vedtek kvart år budsjett for Noregs Bank, godkjenn årsrekneskapen og vel revisor. Representantskapet har sitt eige tilsynssekretariat som utfører sekretariats- og tilsynsoppgåver på vegner av representantskapet.





Risikostyring og internkontroll

Noregs Bank arbeider systematisk med risikostyring og internkontroll langs tre «forsvarslinjer».

I samsvar med forskrift om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank går ein, med utgangspunkt i definerte mål og strategiar, regelmessig gjennom vesentlege risikoar for alle verksemdsområde.

Leiarane av verksemda vurderer løpande korleis internkontrollen er blitt gjennomført, og ein gong i året blir det gjort ei oppsummerande vurdering av internkontrollen for heile verksemda.

Hovudstyret har det overordna ansvaret for risikostyring og skal sørgje for at verksemda er forsvarleg organisert. Internrevisjonen støttar hovudstyret i utøvinga av ansvaret og gir ei årleg uavhengig vurdering av risikostyring og internkontroll til hovudstyret.

Rolle- og ansvarsdelinga innanfor risikostyringssystemet i banken er organisert langs tre «forsvarslinjer»:


Første forsvarslinje: Operative risikostyrings- og kontrollaktivitetar som blir gjennomførte i verksemda. Alle leiarar har ansvar for risikostyring innanfor ansvars- og fullmaktsområdet sitt. Risiko-vurdering og etterleving skal vere ein integrert del av forretningsprosessane og omfattar òg styring av utkontrakterte tenester. Første forsvarslinje rapporterer til avdelingsleiaren.

Andre forsvarslinje: Dei sentrale funksjonane for risikostyring og etterleving skal gi råd til og støtte avdelingane. Dei skal utfordre vurderingane til første forsvarslinje og overvake at første forsvarslinje gjennomfører eigna kontrollar. Funksjonane koordinerer rapportering til leiinga og hovudstyret. Andre forsvarslinje rapporterer til leiaren for verksemdsområda.

Tredje forsvarslinje: Internrevisjonen er underlagd hovudstyret og skal, uavhengig av administrasjonen, vurdere om risikostyring og etterleving fungerer som føreset. Årsplanen for internrevisjonen blir fastsett av hovudstyret, og leiaren for internrevisjonen rapporterer til hovudstyret.

Systemet med tre forsvarslinjer legg til rette for ei tilfredsstillande arbeidsdeling og sørgjer for at avgjerdstakrar og kontrollerande og rapporterende funksjonar er uavhengige av kvarandre.

Noregs Banks representantskap, som rapporterer direkte til Stortinget, fører tilsyn med hovudstyret når det gjeld styring av og kontroll med Noregs Bank. Representantskapsmedlemmene er valde av Stortinget. Ansvarsområdet omfattar mellom anna å vedta budsjett etter forslag frå hovudstyret, fastsetje årsrekneskapen som hovudstyret har utarbeidd, velje revisor og godkjenne planane og kostnadene til revisoren. Representantskapet rapporterer årleg til Stortinget i ein eigen rapport.



Ein open sentralbank

Noregs Bank skal vere ein open sentralbank. Verkemiddelbruken og kommunikasjonen til banken skal vere forståeleg for interessentar og definerte målgrupper.

Noregs Bank har utstrekt kontakt med heile samfunnet, inkludert akademia, offentlege myndigheiter, arbeidslivsorganisasjonar, elevar/studentar, næringslivet og allmenta. Sentralbankleiinga besøkjer alle landsdelar kvart år, og også i 2020 blei det gjennomført enkelte reiser, trass i koronarestriksjonane. Banken kommuniserer gjennom publikasjonar, internettsida, foredrag, seminar og pressekonferansar.

Publikasjonar

Noregs Bank offentliggjør vurderingane og analysane sine i *Pengepolitisk rapport*, *Finansiell stabilitet*, *Det norske finansielle systemet*, *Finansiell infrastruktur* og i halvårsrapporteringa for Statens pensjonsfond utland (SPU). Openheit om fondsforvaltinga bidreg til å sikre fondet legitimitet som finansiell investor og skaper tillit hos eigaren, opinionen og selskapa og hos marknadene som banken investerer i.

I 2020 publiserte Noregs Bank 44 rapportar, 30 publikasjonar om fagtema og 37 innlegg på bloggen Bankplassen.

Pressekonferansar og kunnskapsdeling

I 2020 arrangerte Noregs Bank 15 pressekonferansar og presseseminar. Som følgje av mediemerksemda rundt dei ekstraordinære pengepolitiske tiltaka og tilsetjinga av ny dagleg leiar i fondet var mediehandteringa

svært omfattande. Meir enn halvparten av pressespørsmåla om Statens pensjonsfond utland var frå internasjonale medium.

Noregs Bank prioriterer læring og kunnskapsdeling med ungdom. Kunnskapssenteret på Bankplassen er eit interaktivt læringssenter for elevar i den vidaregåande skulen. Kunnskapssenteret skal stimulere til læring og refleksjon om grunnleggjande spørsmål i økonomi og på den måten auke interessa for økonomifaget. Under koronapandemien har lokala på Bankplassen vore stengde for besøk, men Kunnskapssenteret har besøkt fleire vidaregåande skular.

Talar og foredrag

Sentralbankleiinga prioriterer å halde foredrag for å kommunisere med samfunnet om verksemda til Noregs Bank. Foredraga blir haldne fast i alle regionar i Noreg, i dei store byane Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim og på internasjonale møte og konferansar. Foredraga er retta mot samfunnsaktørar, næringslivet, akademia, diplomatar, studentar, elevar og allmenta. Dei blir publiserte på norsk og engelsk på nettsidene til Noregs Bank. I 2020 heldt sentralbankleiinga 22 talar og foredrag. På grunn av koronapandemien er ein del foredrag blitt avlyste i 2020, mens andre foredrag blei haldne digitalt.

Forsking

Noregs Bank har mykje forskingsaktivitet som i stor grad er retta mot pengepolitikk, finansiell stabilitet og kapitalforvalting. Forskinga er forankra i det internasjonale og norske forskingsmiljøet og utgjer ein del av avgjerdsgrunnlaget når vedtak skal fattast.



Ett av Kunnskapssenterets besøk på videregående skole.

I 2020 fekk forskarar i Noregs Bank godkjent 16 artiklar for publisering i tidsskrift med fagfelle-vurdering. Forskingsrådet deler tidsskrift inn i nivå 1 og nivå 2, der nivå 2 er best. I 2020 blei 70 prosent av forskingsartiklane publiserte på nivå 2. Igangverande forskingsaktivitet frå alle einingar i Noregs Bank blir dokumentert i serien Working Papers. I 2020 blei det publisert 18 artiklar i denne serien. Det ligg ei oversikt over publiserte artiklar på heimesida til banken.

Forskingsmiljøet i Noregs Bank er eit bindeledd mellom banken og akademien. I 2020 har forskarar i Noregs Bank hatt omfattande kontakt med forskarar frå universitet og andre sentralbankar gjennom felles forskingsprosjekt og presentasjon av igangverande arbeid på norske og internasjonale konferansar og seminar. På grunn av koronapandemien er desse aktivitetane gjennomførte virtuelt. I tillegg til interne presentasjonar frå Noregs Bank sine eigne forskarar blir forskingskunnskap formidla internt gjennom ei seminarrekke kvar veke og gjennom organisering av konferansar og kurs i Noregs Bank. I 2020 blei det arrangert 18 forskingsseminar der

eksterne forskarar presenterte arbeidet sitt og deltok i møte med tilsette i banken. Frå midten av mars 2020 har forskingsseminara vore virtuelle. Noregs Bank arrangerte i tillegg tre virtuelle konferansar hausten 2020.

Noregs Bank støttar forskingsprosjekt for å forstå og bidra til betre marknadsstandardar i kapitalforvaltinga. I 2020 blei det gitt støtte til tre nye forskingsprosjekt frå European Corporate Governance Institute, École Polytechnique Fédérale de Lausanne og University of Oxford. Prosjekta skal gjere greie for korleis endringar i eigarskap påverkar selskapa, og korleis institusjonelle investorar kan påverke selskapsstyringa. Det blei òg framleis gitt støtte til eit forskingsprosjekt ved New York University som såg på dei finansielle konsekvensane av klimaendringane.

NBIM publiserte fem historiske gjennomgangar av ulike delar av forvaltinga og arrangerte fire tilhøyrande NBIM Talks.

Forskingskonferansen Norwegian Finance Research Conference blei gjennomført for niande gong.

Internasjonalt samarbeid

Noregs Bank har eit utstrekt samarbeid med sentralbankar i andre land og internasjonale organisasjonar. Nedanfor er ei utdyping om arbeidet med dei ulike internasjonale organisasjonane.

Samarbeid med Det internasjonale valutafondet (IMF)

Noregs Bank forvaltar norske rettar og plikter knytte til at Noreg deltek i Det internasjonale valutafondet (IMF). Sentralbanksjef Øystein Olsen er utnemnd som representant (guvernør) for den norske staten i guvernørrådet til IMF. Rådet møtest vanlegvis éin gong i året – årsmøtet i IMF. Etter avtale gir Noregs Bank råd til Finansdepartementet om norske standpunkt til saker som skal opp i IMF-styret.

Den viktigaste finansieringskjelda for IMF-utlåna er innskot frå medlemslanda, som er pliktig for alle medlemsland. Noregs Bank har ei ståande plikt til å stille valuta tilsvarende den norske kvoten til disposisjon for fondets utlån til andre medlemsland. Noregs Bank stiller ytterlegare valutareservar til disposisjon for IMF i form av avtalte trekkrettar.

I desember inngjekk Noregs Bank ein ny bilateral låneavtale med IMF.

Teknisk assistanse til sentralbanken i Mosambik

Noregs Bank har sidan 2017, i samarbeid med IMF og finansiert av Utanriksdepartementet, hatt ein lokal rådgivar i Maputo for å yte teknisk assistanse med sikte på å modernisere sentralbankfunksjonane i Mosambik. Assistansen frå Noregs Bank har dekt heile sentralbankfeltet og har frå mars blitt gjennomført digitalt frå Noreg. Hausten 2020 blei ein einige om å forlenge prosjektet med ein fase 2 ut tredje kvartal 2023, etter same modell som fase 1 frå 2017 til tredje kvartal 2020.

Den internasjonale oppgjerbanken (BIS)

Noregs Bank er medeigar i Den internasjonale oppgjerbanken (BIS), som har til oppgåve å fremje samarbeidet mellom sentralbankane. I tillegg til å utføre forretningar for sentralbankar er BIS eit organ for analysar og diskusjonar mellom medlemsbankane. Sentralbanksjefen deltek regelmessig på møte i BIS. På grunn av koronasituasjonen blei dei regulære sentralbanksjefmøta haldne digitalt frå mars av.

BIS er òg vertskap for eit omfattande komité-arbeid med sikte på å styrkje den globale finansielle stabiliteten. Denne vertskapsfunksjonen blir ofte kalla Basel-prosessen, fordi møteverksemda i BIS-regi er i Basel i Sveits.

Noreg med i tilsynsarbeidet i EU

European Systemic Risk Board (ESRB) er eit EU-organ som identifiserer og analyserer truslar mot finansiell stabilitet i EU, og som prøver å avgrense systemrisikoen ved å utferde tilrådingar om god politikk og åtvaringar om uheldige utviklingstrekk. Noregs Bank er medlem i ESRB utan stemmerett og med visse andre avgrensingar. Noregs Bank deltek òg utan stemmerett på møta i den europeiske tilsynsmakta for banktilsyn, *The European Banking Authority (EBA)*.

Financial Stability Board

Financial Stability Board (FSB) er eit G20-etablert organ som leverer analysar og vurderingar på det finansielle feltet til G20-prosessen. Leiinga i Noregs Bank deltek saman med leiinga i Finanstilsynet og Finansdepartementet i FSBs Regional Consultative Group for Europe (RCGE). Det er ei gruppe som utvekslar informasjon og synspunkt mellom dei europeiske landa som deltek i FSB, og nokre av landa som står utanfor.

Nordisk-baltisk samarbeid om finansmarknadsspørsmål

Noregs Bank deltek i Nordisk-Baltisk Forum for Makrotilsyn (NBMF), der sentralbankar og tilsynsmakter drøftar spørsmål knytte til systemrisiko og grensekryssande bankverkssem i regionen. Noregs Bank deltek òg i Nordisk-Baltisk Stabilitetsgruppe (NBSG), eit forum for finansdepartement, sentralbankar og tilsynsmakter i dei nordisk-baltiske landa. NBSG har som hovudoppgåve å styrkje beredskapen for å kunne handtere grensekryssande truslar mot finansiell stabilitet i regionen.

Noregs Bank medlem av Network for Greening the Financial System

I desember 2018 blei Noregs Bank medlem i Network for Greening the Financial System (NGFS). NGFS er eit nettverk for sentralbankar og myndigheiter som skal bidra til å auke kunnskapen om korleis finansielle styresmakter og finanssektoren bør ta omsyn til miljø- og klimarisikoen. Noregs Bank deltek i arbeidsgrupper om makrofinansielle forhold og om pengepolitikk og berekraftige finansielle forhold.

5 | Strategi og framtidssutsikter

Strategi 2022 – éin bank _____ 50

Strategi 2022 – éin bank

Noregs Bank sin strategi gjeld frå 2020 til 2022. Nedanfor er ein status på kva Noregs Bank har gjort i 2020 for å oppnå målsetjingane i Strategi 2022 – éin bank.

I lys av erfaringane med ny styringsmodell, endringane i leiinga og koronasituasjonen, er det hausten 2020 gjort ei evaluering av behovet for å oppdatere Strategi 2022. Hovudstyret meiner at ein kan vareta og operasjonalisere behov for tilpassingar gjennom handlingsplanane til banken, utan at ein treng å justere innhaldet i strategien.



50

LØFTE SAMAN

Målsetjingar og tiltak

Medarbeidarane er den fremste ressursen vår. Med fondet i banken er vi ein global organisasjon med ein tredjedel av dei tilsette utanfor Noreg og tilsette frå nesten 40 nasjonar. Målet er å få alle til å spele på lag samtidig som dei ulike delane av verksemda kan bevare eigenarten sin og den særskilde kompetansen.

For å få til det må vi utvikle medarbeidarane sin kompetanse både på eksisterande og nye fagfelt. Vi må evne å utfordre kvarandre, tenkje nytt og byggje ferdigheitene våre i takt med utfordringane som møter oss. Samtidig er vi avhengige av å kommunisere tydeleg, internt så vel som eksternt, slik at verdiane og måla våre er godt kjende og blir etterlevde i heile organisasjonen, på tvers av nasjonalitetar.

Arbeidsforma vår skal vere kjenneteikna av lagånd og endringsvilje. Vi skal

- oppnå resultat basert på fagleg kvalitet, integritet og gjensidig respekt
- byggje identitet og kultur basert på verdiane våre
- leggje til rette for nye arbeidsformer for å fremje nyskaping og samarbeid
- vidareutvikle digitale plattformer for samhandling og effektivitet
- motivere medarbeidarar til å utvikle kompetansen sin
- vere ein attraktiv arbeidsgivar, rekruttere målretta og arbeide for å oppnå likestilling og mangfald.

Vi skal vere opne og kommunisere etterretteleg og tydeleg internt og eksternt.

Vi skal

- vere opne om arbeidet vårt og resultatane våre
- famne breitt for å spreie kunnskap om verksemda vår
- vurdere nye kommunikasjonsformer for å nå nye målgrupper

Kva har vi gjort?

- Teke i bruk ulike digitale møteplassar for å nå publikum.
- Lagt vekt på ein open og etterretteleg kommunikasjon på nettsidene våre, på pressekonferansane og i mediehandteringa.
- Styrkt den interne kommunikasjonen på digitale plattformer og utvikla nye digitale arenaer for fagleg og sosial samhandling. Intern kommunikasjon for å sikre fortløpande oppdatering på smitteverntiltak i Noreg og for dei internasjonale kontora våre blei prioritert.
- Etablert felles introduksjonsaktivitetar for nytilsette innanfor alle bankområda.
- Etablert eit mangfalds- og inkluderingsinitiativ. Fleire markeringar om tematikk rundt kjønn, etnisitet og legning er blitt gjennomførte.
- Etablert ei felles digital læringsplattform (Acadamy) for dei tilsette.
- Relansert trainee-programmet i NBIM, mellom anna for å få eit endå meir mangfaldig arbeidsmiljø.

EIN VELDRIVEN BANK**Målsetjingar og tiltak**

Styresmaktene har i forarbeida til ny sentralbanklov understreka at hovudstyret har ansvar for å organisere banken effektivt. Som dagleg leiar for Noregs Bank skal sentralbanksjefen utøve dette ansvaret på vegner av hovudstyret. Lova slår òg fast at styret skal tilsetje ein dagleg leiar for kapitalforvaltinga – Norges Bank Investment Management (NBIM) – som skal ha eit samla resultatansvar overfor hovudstyret.

Organiseringa av bankverksemda i veldrivne einingar blir ei sentral oppgåve for styret og leiinga i banken i åra som kjem. Vi skal utnytte synergjar og stordrift i verksemda. Vi har oppretta eit fellesområde for støttefunksjonane til banken – Noregs Banks Administrasjon (NBA) – for å drive effektivt og styrkje den felles kulturen.

Samtidig er det vesentleg at dei ulike delane av banken beheld den faglege eigenarten sin og ansvaret for resultata sine. Arbeidsdelinga mellom verksemdsområda til banken må spegle og reindyrke den kompetansen fagmiljøa i banken treng for å løyse oppgåvene sine.

Noregs Bank står midt i fagfelt der digitalisering og automatisering er ein del av kvardagen. IT-systema heng nært saman med dei faglege oppgåvene og skal drivast verksemdsnært. NBIM har nettopp gjennomført ei større modernisering av IT-systema, og sentralbankverksemda vil gjennomføre eit tilsvarande prosjekt dei neste tre åra. Arbeidet med veldrivne og sikre IT-løysingar er vesentleg for at banken skal kunne drivast på ein trygg og effektiv måte i framtida.

Vi vil vidareutvikle ein veldriven og trygg bank.
Vi skal

- utvikle robuste styringsprosessar i hovudstyret og ny komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet
- tilpasse organisasjonen i lys av ny lov og nye styringsorgan
- sørge for ei effektiv arbeidsdeling mellom verksemdsområda til banken
- avgrense banken sine kostnader ved å utnytte synergjar og realisere stordriftsfordelar
- implementere nye og kostnadseffektive IT-løysingar som vernar den daglege bankdrifta og sikrar samfunnskritiske system
- vidareføre arbeidet med strategi for klima og berekraft
- beskytte dei tilsette og eigedelane til banken

Kva har vi gjort?

- Vedteke ein ny forretningsorden for både hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Ei ny ansvars- og arbeidsdeling mellom komiteen og hovudstyret blei òg vedteken.
- Endra stillingsinstruksane for sentralbanksjefen og dagleg leiar i NBIM, slik at dei speglar den nye ansvars- og arbeidsdelinga etter opprettinga av NBA.

- Gjennomført eksterne samanlikningar av ressursbruken til banken mot andre liknande organisasjonar, både av kostnadene for SPU-forvaltinga og forvaltingskostnadene for den unoterte eigedomsporføljen. Noregs Bank kjem godt ut av dei eksterne samanlikningane.
- Sentralbankverksemda gjennomfører eit større program for å modernisere plattformen for IT-systema sine. Programmet skal ferdigstillast i 2022. Satsinga på IKT-sikkerheit er blitt vidareført i 2020, med spesiell vekt på å styrkje sikkerheitsoperasjonssenteret for oppdaging og handtering av cybersikkerheitshendingar.
- Styrkt arbeidet med strategi for klima og berekraft. Det er etablert ei referansegruppe som koordinerer og følgjer opp strategien til banken, og den eksterne rapporteringa på området er vidareutvikla.
- Gjennomført endringar i anskaffingsrutinar og reisepolicy og investert i video-konferanseutstyr som varetek og integrerer omsyn til klima og berekraft i det daglege.

LANGSIKTIG OG ANSVARLEG KAPITALFORVALTING

Målsetjingar og tiltak

Forvaltinga av Statens pensjonsfond utland (SPU) skal sikre høgast mogleg avkastning etter kostnader og til akseptabel risiko. Innanfor den overordna finansielle målsetjinga skal fondet forvalta ansvarleg.

SPU er eit stort, globalt fond med lang investeringshorisont. Fondet har ein viktig plass i den økonomiske politikken. Den nye sentralbanklova slår fast at Noregs Bank framleis skal forvalte fondet.

Fondet investerer i fleire aktivaklassar i mange land og valutaer. Strategisk aksjeandel i fondet er 70 prosent. Nye trekk i den globale økonomien, som handelsbarrierar, låge renter, teknologiske skift og klimaendringar, vil påverke fondet. Vi må vere førebudde på store svingingar i fondsverdien.

Investeringsstrategien er kjenneteikna av indeksnær forvalting til låge kostnader. Vi skal vidareutvikle ein organisasjon som er opp-teken av å ta gode investeringsavgjerder, og som har vilje og evne til å handtere risiko og endra marknadsforhold.

Strategien for 2020–2022 fastset den strategiske retninga til fondet og byggjer på strategien for 2017–2019. Vi skal

- gi råd om investeringsstrategien til fondet, som er godt fagleg fundert i analysar av finansmarknadene og erfaringa vår som marknadsaktør
- nytte fleire investeringsstrategiar som utfyller kvarandre for å skape meir-avkastning etter kostnader
- vidareutvikle investeringsstrategiane våre basert på grundig finansiell analyse og nye informasjonskjelder
- investere i eigedom og infrastruktur for fornybar energi for å forbetre forholdet mellom avkastning og risiko
- vareta dei langsiktige økonomiske interessene til fondet gjennom eigarskapsutøvinga vår
- reindyrke NBIM som forvaltingsorganisasjon med ein resultatfokusert investeringskultur og klare ansvarslinjer
- gjennomføre ei kostnadseffektiv forvalting der kostnader blir vurderte mot avkastning



Kva har vi gjort?

- Sendt brev til Finansdepartementet med råd om referanseindeksen for framveksande aksjemarknader og om tekniske justeringar av referanseindeksen for obligasjonar, og sendt brev om kva effektar koronapandemien har for porteføljen og forvaltinga.
- Gjennomført fleire justeringar av porteføljen.
- Etablert kapasitet for investering i infrastruktur for fornybar energi og dessutan evaluert potensielle investeringar.
- Stemt på 11 873 generalforsamlingar, hatt 2 869 møte med selskap og delteke i 16 offentlege høyringar med tilknytning til eigarskapsutøving. Det er publisert fem posisjonsnotat som tek for seg sentrale spørsmål innanfor selskapsstyring. Det er etablert ei løysing for å offentliggjere stemmeintensjonane våre før generalforsamlingane. Løysinga vil bli teken i bruk i byrjinga av 2021.

PÅ FRONTEN I SENTRALBANKOPPGÅVENE

Målsetjingar og tiltak

Sentralbankverksemda skal sikte mot låg og stabil inflasjon og bidra til stabilitet i realøkonomien og til eit robust og effektivt finansielt system.

Verdsøkonomien blir prega av endring og kan bli ramma av ulike forstyrringar. Faren for ein internasjonal konjunkturedgang som følgje av geopolitisk uro og av handelskrigen mellom dei store økonomiane verkar å utgjere den største risikoen dei nærmaste åra. Med eit allereie lågt rentenivå vil eit kraftig internasjonalt tilbakeslag kunne gi større utfordringar for pengepolitikken enn tidlegare. Vedvarande låge renter kan òg bidra til at det finansielle systemet blir meir sårbart.

Meir langsiktige utviklingstrekk har òg noko å seie for korleis pengepolitikken og makrotilsyn bør utøvast. Petroleumsverksemda vil gradvis få mindre å seie for verdiskapinga i Noreg. I tillegg står vi overfor demografiske endringar og klimarisiko som kan få mykje å seie for økonomien og det finansielle systemet. Ny teknologi bidreg til innovasjonar i betalingssystemet og opnar opp for nye aktørar. Noregs Bank skal fremje løysingar som er sikre og effektive for heile samfunnet.

Nye metodar og økonomiske modellar blir utvikla kontinuerleg internasjonalt, og vi får tilgang til eit stadig større sett av mikrodata frå ulike kjelder. Noregs Bank skal vere i front når det gjeld bruk av modellar og metodar som er relevante for verksemda vår.

Vi vil utøve oppgåvene våre i tråd med beste internasjonale praksis. Vi skal

- ha beredskap for å møte eit tilbakeslag og vedvarande låge renter internasjonalt
- prioritere analysar av langsiktige utviklingstrekk for sentrale storleikar i økonomien og for utøvinga av pengepolitikken
- utnytte nye data og metodar til å bygge eit rikare analyseapparat
- vere tydelege og nå fleire når vi informerer om avgjerder og gir råd
- vere ein pådrivar for betre referanserenter i norske kroner
- bidra til ei effektiv arbeidsdeling mellom pengepolitikk, finanspolitikk og makrotilsyn
- bidra til effektive, sikre og robuste betalings- og oppgjerssystem mellom bankane og publikum
- dekkje samfunnet sitt behov for kontantar på ein måte som sikrar beredskap og fremjar effektivitet
- gjere utgreiingar om digitale sentralbank-pengar og andre løysingar som kan forbetre effektiviteten og beredskapen i betalingssystemet

Kva har vi gjort?

- Teke i bruk nye informasjonskjelder og modellar for å forstå utviklinga i økonomien betre. Banken har til dømes utnytta løpande transaksjonsdata frå NETS og Vipps til å analysere konsumutviklinga i hushalda gjennom koronapandemien, betra prognosane for bankane sine tap på føretakslån og utvikla modellar med heterogene aktørar.

- Vidareutvikla kommunikasjonen av pengepolitikken gjennom ei fylldigare utgreiing av dei pengepolitiske vurderingane og lagt om strukturen og formatet på dei pengepolitiske rapportane for å gjere dei meir lesarvennlege.
- Publisert oppdaterte økonomiske prognosar hyppigare enn vanleg for å bidra til auka forståing for den økonomiske utviklinga våren 2020.
- Vedteke ein reformert versjon av overnattarenta NOWA som alternativ referanserente for norske kroner. Noregs Bank administrerer NOWA i samsvar med etablerte prinsipp for berekning.
- Integreert klimarisiko i analysar av bankars kredittrisiko innanfor utlån til føretak.
- Lagt til rette for meir relevante og omfattande kontrollar for antikvitvasking i setelvekslings- og erstatningssaker.
- Saman med Finanstilsynet etablert eit prosjekt som skal utarbeide eit forslag til norsk implementering av den europeiske sentralbanken sitt rammeverk for testing av cybersikkerheit (TIBER-EU).
- Styrkt arbeidet med tilsyn og overvaking av cybersikkerheit og med tilsynet av sentrale IKT-leverandørar og datasenter.
- Sett i drift ein forbetra infrastruktur for realtidsbetalingar. Alle norske bankar kan no tilby betalingar der mottakaren straks får pengane på konto (24/7).
- Vidareført arbeidet med å styrkje vernet av oppgjerssystemet til Noregs Bank mot uønskte hendingar, særleg retta mot risikoen for cyberangrep.



Koronakvardagen min



Lene Sauvik
Seniorrådgivar, internasjonal økonomi, Pengepolitisk avdeling, SBV


I eininga mi har vi ansvaret for å følgje utviklinga i internasjonal økonomi, så vi begynte alt tidleg i 2020 å sjå konturane av den kommande krisa, med rapportar om sjukdom og nedstenging i asiatiske land. Det var likevel nesten surrealistisk å følgje spreininga frå kontinent til kontinent, nærmare og nærmare Noreg.

Dei første vekene etter nedstenginga her heime var det eit enormt informasjonsbehov samtidig som tradisjonelle økonomiske data i liten grad gav rask nok innsikt i utviklinga. Vi brukte derfor mykje tid på å finne alternative datakjelder og på å setje oss inn i data som for oss var svært uvande, som spreingstal, sjukehuskapasitet i ulike land og talet på diabetikarar. I tillegg blei det sett i gang eit stort arbeid med å vurdere kva dei økonomiske konsekvensane av dette kunne bli, mellom anna ved å sjå på erfaringane frå tidlegare helsekriser, vurdere kva slags sektorar som ville bli hardest ramma, osv.



Jama Johnsen
Analytiker i Finansiell stabilitet Bank, SBV

Eg begynte i banken hausten 2020. Læringskurva har vore bratt, og det å jobbe på eiga hand på heimekontor har ikkje gjort det enklare. Heldigvis fekk eg eit par månader på jobb før den siste restriksjonsrunden, og då blei eg teken godt imot og fekk møte dei fleste kollegaene mine. Det har gjort det lettare å komme i kontakt med dyktige kollegaer når eg lurar på noko. Tett oppfølging frå leiarane mine har òg bidrege. Alt i alt synest eg det har gått fint å jobbe heimanfrå.





Tord Krogh

Assisterande direktør, Modellgruppe 2, Pengepolitisk avdeling, SBV


Hausten 2019 fekk eg gleda av å reise til London for å vere eitt år på utveksling hos Bank of England. Det medførte at eg (og dei to barna mine, kona mi og hunden vår) budde i London då koronapandemien braut ut. Det blei ei litt anna avslutning på opphaldet enn vi hadde sett for oss, men det gav òg nye moglegheiter. På jobb fekk eg vere med på å utarbeide avgjerdsgrunnlaget før Bank of England reduserte den motsykliske kapitalbufferen, og eg var med på å utvikle nye stresstestar av bankane.



Yvonne Langlo Silden,

Associate Portfolio Manager, Sector Strategies, NBIM London

I invest in consumer companies so when the pandemic broke the primary focus was to keep up to date on how the pandemic impacted the various companies. People were hoarding goods that these companies produce like cleaning detergents, long-shelf life food and toilet paper so some companies were struggling to meet demand and experienced problems in their supply chains as factories and borders closed. Other companies experienced the complete opposite with a sharp drop in demand as their sales channels like travel retail closed. In addition, markets were extremely volatile as participants had very different views of how the pandemic would evolve.



I have been working from home in my apartment in London and all meetings with management of the companies I analyse and colleagues have become virtual. Most of my work day was in front of the screen already before the pandemic so that has not been such a large change, but I'm looking forward to visiting companies and resuming a more social personal life. At the beginning of the pandemic London felt a bit like a zombie city without people, at one stage I was the only person in Oxford Street, I could cycle around safely and take in the much cleaner air.

6 | Årsmeldingar

Årsmeldinga til hovudstyret 2020 _____ 68

Årsmelding til komiteen for pengepolitikk
og finansiell stabilitet 2020 _____ 94

Noregs Banks hovudstyre

Hovudstyret består av sentralbanksjefen, dei to visesentralbanksjefane og seks eksterne styremedlemmer, alle oppnemnde av Kongen i statsråd. Sentralbanksjefen er leiar, og vise-sentralbanksjefane er høvesvis første og andre nestleiar. I tillegg blir to styremedlemmer valde av og blant dei tilsette til å delta i behandlinga av administrative saker.

Hovudstyret har fire saksførebuande og rådgivande utval som gjennom arbeidet sitt styrkjer og effektiviserer drøftingane i hovudstyret:

Revisjonsutvalet

Revisjonsutvalet blei oppretta i 2006. Oppgåvene til utvalet er retta inn mot oppfølging, tilsyn og kontroll med rekneskapsrapportering, operasjonell risiko, etterleving og systema for risikostyring og intern kontroll. Revisjonsutvalet har tre medlemmer som er valde av og blant dei eksterne hovudstyre-medlemmene, og internrevisjonen fungerer som utvalet til sekretariatet.

Minst éin gong i året har utvalet eit eige møte med ekstern revisor, utan at bankleiinga eller administrasjonen deltek.

Godtgjersleutvalet

Godtgjersleutvalet blei oppretta i 2009. Utvalet skal bidra til grundig og uavhengig behandling av saker som gjeld lønns- og kompensasjonsordningane til banken.

Utvalet har tre medlemmer som er valde blant dei eksterne medlemmene i hovudstyret, og éin medlem som er vald blant dei tilsettevalde styremedlemmene. Staben fungerer som utvalet til sekretariatet.

Eigarskapsutvalet

Eigarskapsutvalet blei oppretta i 2015. Utvalet skal førebu hovudstyret si behandling av saker som gjeld den ansvarlege forvaltingsverksemda til banken og avgjerder om utestenging og observasjon av selskap frå investeringsuniverset til Statens pensjonsfond utland (SPU), innanfor dei rammene som er gitt i Finansdepartementet sitt mandat for forvaltinga av SPU og departementet sine retningslinjer for observasjon og utestenging frå investeringsuniverset til SPU.

Eigarskapsutvalet har tre medlemmer og blir leidd av visesentralbanksjefen, med særskilt ansvar for SPU. NBIM fungerer som utvalet til sekretariatet.

Risiko- og investeringsutvalet

Risiko- og investeringsutvalet blei oppretta i 2015. Utvalet skal bidra til å styrkje og effektivisere hovudstyret sitt arbeid med investeringsstrategi, gjeldande eksponering, vurderingar av resultat, fastsetjing og utnytting av risikorammer og dessutan særleg store og viktige investeringsavgjerder.

Risiko- og investeringsutvalet har tre medlemmer og blir leidd av visesentralbanksjefen med særskilt ansvar for SPU. Staben fungerer som utvalet til sekretariatet.

HOVUDSTYREMEDLEMMENE



Øystein Olsen

Utnemnd på nytt som sentralbanksjef og leiar for hovudstyret for ein ny åremålsperiode på seks år frå 1. januar 2017. Olsen har sete i stillinga sidan 1. januar 2011.

Olsen har mellom anna vore administrerande direktør for Statistisk sentralbyrå og ekspedisjonssjef i Finansdepartementet. Han har vore leiar for eller medlem av fleire offentlege utval. Olsen har sosial-økonomisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo.



Ida Wolden Bache

Utnemnd til visesentralbanksjef med særleg ansvar for sentralbankverksemda frå 1. april 2020 til 31. mars 2026. Bache er første nestleiar av komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet og andre nestleiar av hovudstyret.

Bache har mellom anna vore avdelingsdirektør for pengepolitikk og for finansiell stabilitet i Noregs Bank og makroøkonom i Handelsbanken Capital Markets. Frå 2017 har ho vore medlem av Det Systemiske Risikoråd i Danmark. Bache er utdanna samfunnsøkonom med doktorgrad frå Universitetet i Oslo og mastergrad frå London School of Economics.



Karen Helene Ulltveit-Moe

Oppnemnd som styremedlem for perioden 1. januar 2014 til 15. mai 2024. Leiar av revisjonsutvalet og medlem av risiko- og investeringsutvalet i hovudstyret.

Ulltveit-Moe er professor ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo, og Research Fellow ved Centre for Economic Policy Research (CEPR) og CESifo. Ho var tidlegare tilknytt Noregs handelshøgskole. Ulltveit-Moe har brei styreefaring frå næringslivet og har mellom anna vore medlem av styret i Unitor, Kverneland Group, Renewable Energy Corporation (REC), Norwegian Property og Gassnova. Ho har vidare vore medlem av representantskapet i Storebrand og bedriftsforsamlinga i Norsk Hydro og Norske Skog. Ulltveit-Moe har òg vore leiar eller medlem av ei rekkje offentlege utval, mellom anna Skaugutvalet, Finanskriseutvalet, Europautgreiinga, Arbeidstidsutvalet og Havbruksskatteutvalet. Primærforskningsfeltet hennar ligg innanfor internasjonal økonomi, næringsøkonomi og skatte- og næringspolitikk. Ulltveit-Moe er siviløkonom frå Universitæt Mannheim og dr.oecon. frå Noregs handelshøgskole.



Kristine Ryssdal

Oppnemnd som styremedlem for perioden 1. januar 2018 til 15. mai 2022. Medlem av eigarskapsutvalet og godtgjersleutvalet i hovudstyret.

Ryssdal er juridisk direktør og personalsjef i Yara. Ho har òg tidlegare erfaring frå næringslivet som VP Legal i Statoil, juridisk direktør i REC og advokat i Norsk Hydro. I tillegg har ho mange års erfaring frå Regjeringsadvokaten. Ho var tidlegare styremedlem i Borregaard ASA, har sete i ulike styre i REC-konsernet og vore medlem av representantskapet i Kommunalbanken. Ryssdal er jurist frå Universitetet i Oslo og har Master of Laws frå London School of Economics. Ho har òg møterett for Høgsterett.

**Arne Hyttnes**

Oppnemnd for perioden 4. mars 2016 til 15. mai 2022. Leiar av godtgjersleutvalet og medlem av revisjonsutvalet i hovudstyret.

Hyttnes har lang erfaring frå finansnæringa, mellom anna frå DnC/ DnB, Sparebankforeningen, Finans Norge og Bankenes sikringsfond. Hyttnes var administrerande direktør for SND i fire år og har styreerfaring frå mellom anna Noregs handelshøgskole og Ungt Entreprenørskap. Hyttnes er siviløkonom frå Noregs handelshøgskole.

**Hans Aasnæs**

Oppnemnd for perioden 1. januar 2020 til 15. mai 2024. Medlem av risiko- og investeringsutvalet i hovudstyret.

Aasnæs er administrerande direktør i shippingselskapet Western Bulk ASA. Han er styreleiar i Strand Havfiske og Nordic Trustee og styremedlem i Investinor og AS Værdalsbruket. Aasnæs har lang erfaring frå kapitalforvalting, eigedomsforvalting og direkteinvesteringar mellom anna frå Storebrand og UMOE. Han har òg brei styreerfaring frå mellom anna Folketrygdfondet, Statskog, Gjensidige pensjonsforsikring, Bergvik Skog, Foran Realstate og Fornebu Lumber Company. Aasnæs er sivilagronom frå Noregs landbrukshøgskole (no NMBU), har høgare avdeling frå Noregs handelshøgskole og er autorisert finansanalytiker.

**Nina Udnes Tronstad**

Oppnemnd som styremedlem for perioden 1. januar 2020 til 15. mai 2022. Medlem av revisjonsutvalet og godtgjersleutvalet i hovudstyret.

Tronstad er profesjonell styremedlem. Ho er styremedlem i Giek, Prosafe, Fishency Innovation og Polarcus, og ho er styreleiar i Source Energy. Ho har vore konserndirektør i tidlegare Statoil og i Kværner, og ho var dagleg leiar i eit privat investeringsselskap fram til ho blei oppnemnd som styremedlem i Noregs Bank. Ho har tidlegare vore styremedlem i mellom anna Peab AB, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og Trelleborg AB. Tronstad er sivilingeniør frå Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.

Benedicte Schilbred Fasmer

Hovudstyremedlem i perioden 1. april 2020 til 15. mai 2020.



Egil Herman Sjursen

Oppnemnd som styremedlem for perioden 30. oktober 2020 til 15. mai 2024. Medlem av eigarskapsutvalet i hovudstyret.

Sjursen gjekk av som administrerende direktør i Holberg Fondsforvaltning i 2018 etter å ha hatt denne stillinga sidan 2006. Han har både styreerfaring og lang leiarerfaring frå finansbransjen. Sjursen har i dag eit verv i kontrollorganet Nibor Oversight Committee. Han er utdanna cand.polit. med hovudfag i sosialøkonomi frå Universitetet i Bergen.

Egil Matsen

Visesentralbanksjef til 31. mars 2020.

Jon Nicolaisen

Visesentralbanksjef til 4. desember 2020.

TILSETTEVALDE STYREMEDLEMMER



Mona Sørensen

Oppnemnd som tilsettevald styremedlem for perioden 1. januar 2016 til 31. desember 2021.

Blei tilsett i Noregs Bank i 1991. Leiar og hovudtillitsvald i Finansforbundet i Noregs Bank frå 1. januar 2016. Sørensen har ein bachelor i økonomi og administrasjon og er Executive Master of Management med spesialisering i brukarretta organisasjonspsykologi frå Handelshøyskolen BI.

Marianne Depraetere er varamedlem for Mona Sørensen.



Truls Oppedal

Oppnemnd som tilsettevald styremedlem for perioden 1. januar 2021 til 31. desember 2021. Medlem av godtgjersleutvalet i hovudstyret.

Blei tilsett i Norges Bank Investment Management i 2013. Nestleiar i styret i Akademikerne. Har master i Business and Finance frå Heriot-Watt University i Edinburgh, Skottland.

Kjersti Gro Lindquist er varamedlem for Truls Oppedal. Ho var tilsettevald styremedlem i 2020.

Arbeidet til hovudstyret 2020

Ansvar til hovudstyret blei frå 2020 endra med ny sentralbanklov. Styringa og drifta av Noregs Bank høyrer inn under hovudstyret, med unntak av saker som i eller i medhald av lova er lagde til komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Hovudstyret har framleis det samla ansvaret for å styringa og drifta av Noregs Bank, med unntak av sakene som er lagde til komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Dei siste åra har hovudstyret hatt 16–18 møte per år og behandla opp mot 250 saker. I 2020 har hovudstyret hatt 20 møte og behandla 222 saker. Hovudstyret nyttar i tillegg seminarforma til meir utdjupande presentasjonar og drøfting med administrasjonen om premissane for viktige saker som kjem på styreagendaen. Seminara blir særleg nytta innanfor kapitalforvaltinga. I tillegg bruker dei fire underutvala rundt 50–60 timar per år på å førebu utvalde saker som skal behandlast i hovudstyret.

Tidsbruken for 2016 til 2019 var relativt jamt fordelt mellom sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga. I 2020 har kapitalforvaltinga stått for om lag 75 prosent av tidsbruken i hovudstyret. Det er i tråd med intensjonen i den nye sentralbanklova, der hovudstyret legg meir vekt på kapitalforvalting, og der komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet har fått ansvar for fagområde som tidlegare låg til hovudstyret.

Figuren på neste side (med månader og linjer) viser eit utval sentrale saker som hovudstyret har behandla i 2020.

Tabell 1 Arbeidet til hovudstyret 2016–2020

	2016	2017	2018	2019	2020
Styremøte	17	17	18	18	20
Styreseminar	11	9	10	11	4
Styresaker	248	248	232	242	222
Førebuande utvalsmøte:					
– Revisjonsutvalet	7	7	7	5	7
– Godtgjersleutvalet*	3	4	6	4	5
– Eigarskapsutvalet	7	5	5	5	7
– Risiko- og investeringsutvalet	10	9	6	7	10

* Godtgjersleutvalet heitte kompensasjonsutvalet før 2020.

Tabell 2 Sentrale saker i hovudstyret i 2020

Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Enkeltavgjerder											
Rekruttering/tilsetjing av ny CEO for NBIM						Oppfølging av tilsetjinga av ny CEO for NBIM					
				Investeringar i infrastruktur for fornybar energi				Investeringar i infrastruktur for fornybar energi			
Vedtak om observasjon og utelukking av selskap frå SPU						Vedtak om observasjon og utelukking av selskap frå SPU			Vedtak om observasjon og utelukking av selskap frå SPU		
				Rapport om finansiell infrastruktur							
Strategi og styring											
				Strategi valutareservar				Strategi valutareservar			
				Budsjett 2021		Budsjett 2021					
Organisering							Organisering				
Strategi og rådgiving i kapitalforvaltinga						Strategi og rådgiving i kapitalforvaltinga					
								Fråsegner og høyringar			
Rapportering, kontroll og oppfølging											
Kvartalsrapportering SPU og valutareservane til Noregs Bank						Kvartalsrapportering SPU og valutareservane til Noregs Bank					
Halvårsrapportering sentralbankverksemda og Noregs Bank						Halvårsrapportering sentralbankverksemda og Noregs Bank					
Årsrapportering Noregs Bank og årspublikasjonar SPU											
Tilsyns- og revisjonsoppfølging				Tilsyns- og revisjonsoppfølging		Tilsyns- og revisjonsoppfølging					
Løpande drift og oppfølging av sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga						Løpande drift og oppfølging av sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga					

Årsmeldinga til hovudstyret 2020

Eit dramatisk år

1. januar tok ei ny sentralbanklov til å gjelde. Det innebar ein ny styringsstruktur og at det blei oppretta ein komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Koronapandemien er likevel det som har prega Noregs Bank mest i 2020.

Koronapandemien førte til eit kraftig tilbakeslag i norsk økonomi i 2020. Den økonomiske aktiviteten fall brått i mars og april, og arbeidsløysa auka til historisk høge nivå. Det var òg mykje uro i finansmarknadene.

Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet reduserte styringsrenta frå 1,5 til 0 prosent i løpet av våren. I tillegg blei det sett i verk fleire tiltak for å bidra til meir vel fungerande finansmarknader. Komiteen gav råd til Finansdepartementet om å redusere nivået på den motsykliske kapitalbufferen i bankane frå 2,5 til 1 prosent. Departementet følgde dette rådet. Les meir om dette i årsmeldinga for 2020 frå komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet på side 94.

Investeringane i Statens pensjonsfond utland blei påverka av den økonomiske krisa internasjonalt, og fondsavkastinga varierte mykje gjennom året. Då koronapandemien spreidde seg i mars, fall verdien av aksjeinvesteringane til fondet markert på kort tid. Ved utgangen av 2020 var marknadsv verdien til Statens pensjonsfond utland 10 914 milliardar kroner, og avkastinga i 2020 svarte til 1 070 milliardar kroner. I eit år med operative utfordringar og til dels krevjande marknadsforhold var avkastinga før forvaltingskostnader 0,27 prosentpoeng høgare enn avkastinga på referanseindeksen til fondet. Uttaket frå den norske staten var 302 milliardar kroner etter utbetalt forvaltingsgodtgjersle.

Parallelt med krisa i økonomien gjennomførte hovudstyret ein viktig tilsetjingsprosess.

26. mars blei Nicolai Tangen presentert som Yngve Slyngstad sin etterfølgjar som CEO for Norges Bank Investment Management (NBIM). Tangen blei vald på grunn av leiareigen-skapane hans og erfaringa med internasjonal kapitalforvaltning. Noregs Bank inngjekk arbeidsavtale med Tangen 27. mai. Tilsetjinga førte til spørsmål frå representantskapet, media og det politiske miljøet om habilitet og risiko for interessekonflikhtar knytte til arbeidet som CEO og den finansielle formuen til Tangen. Ein revidert avtale blei signert 24. august etter at Tangen hadde varsla ei vesentleg avvikling og omlegging av den finansielle eigarskapen og formuen sin. Nicolai Tangen tok til i stillinga 1. september.

1. april takka Egil Matsen av som vise-sentralbanksjef, og visesentralbanksjef Jon Nicolaisen overtok oppgåvene hans knytte til forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Samtidig begynte Ida Wolden Bache som ny visesentralbanksjef, med særskilt ansvar for sentralbankverksemda. Jon Nicolaisen søkte om avskjed 4. desember.

2020 har vore eit krevjande år for medarbeidarane i Noregs Bank. Den økonomiske krisa har kravd svært høg arbeidsinnsats. Samtidig har helsekrisa utfordra måten vi organiserte arbeidet på. Operasjonar og analysearbeid har vore gjennomførte frå heimekontor i samarbeid med enkelte nøkkel-personar som har vore på jobb på Bankplassen. Fleire av utekontora har vore stengde i lange periodar. Likevel har dei tilsette i banken levert fagleg høg kvalitet heile året.

13 tilsette i Noregs Bank har vore smitta av koronaviruset i 2020.

Forvaltinga av Statens pensjonsfond utland

Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland (SPU) med sikte på høgast mogleg avkastning over tid innanfor dei rammene som mandatet frå Finansdepartementet set. Banken følgjer ulike investeringsstrategiar i forvaltinga. For perioden frå og med 2013 er strategiane delte inn i hovudgruppene allokering, verdipapirseleksjon og marknadseksponeering. Dei ulike strategiane byggjer på særterekka til fondet som ein stor, langsiktig investor med avgrensa likviditetsbehov.

Forvaltinga i 2020

Ved utgangen av 2020 var marknadsv verdien til SPU 10 914 milliardar kroner. Marknadsv verdien endrar seg som følgje av avkastning på investeringane, innskott eller uttak frå SPU og endringar i verdien av norske kroner målt mot dei valutaene fondet er investert i. Avkastinga i 2020 svarte til 1 070 milliardar kroner. Endringar i kronekursen auka marknadsv verdien med 58 milliardar kroner, men det har ingenting å seie for den internasjonale kjøpekrafta til fondet.

Uttaket frå den norske staten var 302 milliardar kroner etter utbetalt forvaltingsgodtgjersle. Uttaket blei kraftig auka gjennom året for å finansiere ekstraavgiftene i samband med handteringa av koronapandemien.

I 2020 var avkastinga i SPU før forvaltingskostnader på 10,9 prosent målt i valutakorga til fondet. Aksjeavkastinga var 12,1 prosent og obligasjonsavkastinga 7,5 prosent. Avkastinga på investeringar i unotert eigedom var minus 0,1 prosent.

Avkastinga varierte ein god del gjennom året. Då koronapandemien spreidde seg i mars, fall verdien av aksjeinvesteringane til fondet mykje på kort tid. Det bidrog til at aksjeandelen i referanseindeksen til fondet fall og utløyste vilkåra for å justere andelen gradvis tilbake til 70 prosent. Fondsavkastinga i første kvartal var den lågaste i historia til fondet, målt i både kroner og prosent. Både den kraftige oppgangen i aksjekursane utover våren og uttak av midlar frå fondet bidrog til å redusere behovet for å kjøpe aksjar, og ved utgangen av første halvår var aksjeandelen tilbake på 70 prosent.

Det var store avkastingsforskjellar mellom aksjar i ulike sektorar, noko som òg bidrog til at aksjar i ulike geografiske regionar utvikla seg forskjellig. Smittetiltaka som følgje av koronapandemien bidrog til at avkastinga på både noterte og unoterte eigedomsinvesteringar var negativ.

Virusutbrotet og den delvise nedstenginga av Noregs Bank sine kontor i Noreg og utlandet skapte utfordringar for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Hovudstyret er nøgd med at banken heile tida har klart å gjennomføre samfunnsoppdraget og har forvalte fondet i tråd med dei vedtekne strategiane. I eit år med operative utfordringar og til dels krevjande marknadsforhold var avkastinga før forvaltingskostnader 0,27 prosentpoeng høgare enn avkastinga på referanseindeksen til fondet.

Resultata frå dei ulike strategiane i 2020 viser eit negativt bidrag til meiravkastning frå allokering, mens både marknadseksponeering og verdipapirseleksjon bidrog positivt.

Det største bidraget til meiravkastning kom frå intern verdipapirseleksjon i aksje- og renteforvaltinga. Forvaltingskostnadene utgjorde til saman 0,05 prosent av forvalta kapital.

Dei relative resultatbidraga fordelte på aksje-, rente- og eigedomsforvaltinga viser eit negativt bidrag til samla meiravkastning frå eigedomsforvaltinga, noko som speglar at utviklinga i eigedomssektoren var svak i 2020. Bidraga til meiravkastning frå både aksje- og renteforvaltinga var positive.

Resultat målte over tid

Hovudstyret legg vekt på at resultata i forvaltinga må vurderast over tid. Målt over heile perioden 1998–2020 har den årlege avkastninga for fondet vore 6,3 prosent. Årleg netto realavkastning, etter frådrag for inflasjon og forvaltingskostnader, var 4,4 prosent i denne perioden. Den årlege avkastninga før forvaltingskostnader har vore 0,25 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseindeksen frå Finansdepartementet i perioden.

I perioden sidan 2013 har den årlege meiravkastninga før forvaltingskostnader vore på 0,20 prosentpoeng. Bidraga frå dei tre strategigruppene viser at allokering i denne perioden har gitt eit negativt bidrag til relativ

avkastning, mens bidraga frå både marknads-eksponering og verdipapirseleksjon har vore positive.

Målsetjinga for forvaltinga er å oppnå høgast mogleg avkastning etter kostnader. Målet om høgast mogleg avkastning skal nåast med ein akseptabel risiko. Risikoen skal målast, analyserast og følgjast opp ved bruk av eit breitt sett av måltal og ulike typar analysar. Ei sentral føresegn i mandatet frå Finansdepartementet er at Noregs Bank skal leggje opp forvaltinga med sikte på at forventa relativ volatilitet ikkje overstig 1,25 prosentpoeng.

Ved utgangen av 2020 var forventa relativ volatilitet 0,56 prosentpoeng, mot 0,33 prosentpoeng ved førre årsskifte. Auken kjem ikkje først og fremst av større avvik mellom fondet og referanseporteføljen, men av at den målte risikoen aukar på grunn av dei observerte svingingane i marknadene gjennom 2020. Målt over heile perioden 1998–2020 har den faktiske relative volatiliteten vore på 0,66 prosentpoeng.

Forvaltinga av Statens pensjonsfond utland skal vere kostnadseffektiv. Ei kostnadseffektiv gjennomføring av forvaltinga bidreg til målet om høgast mogleg avkastning etter kostnader.





Signering av arbeidsavtale for Nicolai Tangen med Øystein Olsen og hovudstyret

29. januar
Hovudstyremøte

5. februar
Hovudstyremøte

FEBRUAR

I perioden 2013–2020 var den årlege forvaltingskostnaden 0,06 prosent av forvalta kapital. I 2020 var dei samla forvaltingskostnadene målt i kroner 5,3 milliardar, som svarer til 0,05 prosent av forvalta kapital. Forvaltingskostnadene er låge samanlikna med andre forvaltarar.

I tråd med forvaltingsmandatet frå Finansdepartementet blir resultata og hovudstyret si vurdering av resultata rapporterte i ein eigen årleg rapport om forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Hovudstyret er nøgd med at avkastinga både i 2020 og over tid har vore god – og høgare enn avkastinga på referanseindeksen som forvaltinga blir målt mot.

Arbeidet med å integrere omsynet til ansvarleg forvalting er omtalt på side 110.

Råd og ny dagleg leiar

Ein viktig del av hovudstyret sitt arbeid med Statens pensjonsfond utland er å gi råd om korleis forvaltinga bør utviklast vidare. Hovudstyret har i 2020 svart på fleire spørsmål frå Finansdepartementet knytte til fondsstrategien. Banken har mellom anna gjort greie for erfaringane med den operative gjennomføringa av forvaltinga i lys av koronapandemien.

Sentralbanklova fastset at hovudstyret skal tilsetje ein dagleg leiar av NBIM. Hovudstyret offentliggjorde i mars 2020 at Nicolai Tangen var tilsett som ny CEO i NBIM på åremål for ein periode på fem år.

Valutareservane

Noregs Bank har valutareservar for beredskapsformål. Dei skal kunne nyttast til transaksjonar i valutamarknaden som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken, ut frå omsynet til finansiell stabilitet og for å møte Noregs Bank sine internasjonale forpliktingar. Det blir lagt stor vekt på at valutareservane er plasserte i likvide papir. Forvaltinga av valutareservane blir retta inn mot å oppnå høgast mogleg avkasting innanfor rammene av forvaltinga.

Valutareservane er delte inn i ein renteportefølje og ein aksjeportefølje. I tillegg inkluderer valutareservane ein petrobufferportefølje som skal ta imot statens kontantstraum frå petroleumsverksemda i utanlandsk valuta. Formålet med petrobufferporteføljen er å sørge for ei formålstenleg handtering av statens behov for veksling mellom utanlandsk valuta og norske kroner og å gjere overføringar til/frå Statens pensjonsfond utland. Petrobufferporteføljen blir plassert i korte rentepapir.

13. februar
Sentralbanksjef Øystein
Olsen held årstalen

MARS

5. mars
Ekstraordinært hovud-
styremøte om rekruttering
av ny CEO for NBIM

Prinsipp for forvaltning av valutaresservane

Det er hovudstyret i Noregs Bank som fastset prinsippa for korleis valutaresservane skal forvaltast. I prinsippa blir investeringsunivers og referanseindeks for aksjeporteføljen og renteporteføljen sett og dessutan strategisk aksjeandel og maksimal forventet relativ volatilitet. Hovudstyret vurderer årleg strategi og rammeverk for korleis valutaresservane skal forvaltast.

I tråd med prinsippa til hovudstyret skal det gjennomførast ei rebalansering dersom aksjeandelen avvik med 4 prosentpoeng frå den strategiske aksjeandelen. Ei slik rebalansering blei gjennomført i desember som følgje av sterk vekst i verdien av aksjeporteføljen, ved ei overføring på 27 milliardar kroner frå aksje- til renteporteføljen.

Forvaltning i 2020

Marknadsverdien av valutaresservane var 598,4 milliardar kroner ved utgangen av 2020. Aksjeporteføljen utgjorde 118,6 milliardar kroner, mens renteporteføljen og petrobufferporteføljen utgjorde høvesvis 459,8 og 20,0 milliardar kroner. Valutaresservane auka med 51,3 milliardar kroner i 2020. Avkastning i internasjonal valuta bidrog til å auke reservane med 36,2 milliardar kroner, mens styrkinga

av kronekursen reduserte valutaresservane med 5,1 milliardar kroner. Netto tilførsel auka valutaresservane med 20,2 milliardar kroner. Netto tilførsel skriv seg i all hovudsak frå overføringar til petrobufferporteføljen frå SPU. I 2020 gjennomførte Noregs Bank valuta-intervensjonar ved kjøp av kroner mot euro. Tiltaket reduserer verdien av valutaresservane.

Kronekursrørsler vil først og fremst påverke eigenkapitalen til Noregs Bank, ikkje banken si evne til å oppfylle pliktene sine i valuta.

Avkastninga på valutaresservane, ekskludert petrobufferporteføljen, var 5,9 prosent målt i internasjonal valuta i 2020. Aksjeinvesteringane hadde ei avkastning på 14,9 prosent, mens renteinvesteringane hadde ei avkastning på 3,1 prosent i 2020. Aksjeinvesteringane utgjorde 20,5 prosent av den samla aksje- og renteporteføljen ved utgangen av 2020.

Samanlikna med referanseindeksen hadde aksjeinvesteringane ei mindreavkastning på -0,03 prosentpoeng. Renteinvesteringane hadde ei meiravkastning på 0,01 prosentpoeng. Hovudstyret meiner at resultatet av forvaltninga i 2020 og for den siste tiårsperioden er godt.

24. mars

Hovudstyremøte om tilsetjing av ny CEO for NBIM

26. mars

Nicolai Tangen blir presentert som ny CEO for NBIM

23. april

Ekstraordinært hovudmøte. Utgreiing om brev med spørsmål frå Noregs Banks representantskap om ny CEO for NBIM

Betalingssystemet

Noregs Bank skal leggje til rette for eit sikkert og effektivt system for oppgjør av betalingar og utferde setlar og myntar. Noregs Bank skal overvake betalingssystemet og annan finansiell infrastruktur og bidra til beredskapsløysingar. Etter betalingssystemlova er Noregs Bank tilsynsmyndigheit for interbanksystema.

Drifta av den finansielle infrastrukturen har vore stabil også under koronapandemien. Hovudstyret vurderer drifta i den norske finansielle infrastrukturen som sikker og effektiv.

Oppgjerssystemet til Noregs Bank

I oppgjerssystemet til Noregs Bank (NBO) blir det utført betalingar mellom bankar og andre institusjonar som har konto i Noregs Bank. Dei fleste betalingar i norske kroner blir i siste instans gjorde opp i NBO. Med unntak av to kortvarige avbrot i den eksterne data-kommunikasjonen var drifta av oppgjerssystemet stabil i 2020. I oppgjerssystemet blei det i gjennomsnitt gjort opp betalingar for om lag 421 milliardar kroner kvar dag. Ved utgangen av 2020 hadde bankane folio- og

reserveinnskott i Noregs Bank på i alt 40,6 milliardar kroner.

Hovudstyret er nøgd med at drifta av NBO i 2020 har vore stabil og utan vesentlege avbrot i oppgjør eller det å stille sikkerheit.

Betre løysingar for raske betalingar

Ei velfungerande løysing for realtidsbetalingar er ein viktig del av eit effektivt betalingssystem. Finans Norge og Noregs Bank starta i 2017 eit prosjektarbeid for å innføre ein betre infrastruktur for betalingar mellom bankkundar med kontrollerbar risiko for bankane. Bankane tok i bruk den nye løysinga i 2020.

Prosentdelen betalingar som blir gjennomførte i realtid, vil truleg auke i åra som kjem. Det er derfor framleis behov for å utvikle infrastrukturen vidare. Noregs Bank har i 2020 vurdert nærmare om realtidsbetalingar bør gjerast opp enkeltvis og direkte i sentralbank-pengar, eller om dagens oppgjersløysing skal vidareutviklast basert på den gjeldande arbeidsdelinga mellom Noregs Bank og banknæringa. Dette blir vurdert vidare i 2021.

28. og 29. april

Hovudstyremøte. Spørsmål frå Noregs Banks representantskap om tilsetjinga av ny CEO for NBIM

MAI

13. mai

Sentralbanksjef Øystein Olsen held webforedrag: *Ein historisk djup nedgang* på nettsidene til Noregs Bank

Kontantar

Publikumstilgangen på sentralbankpengar i form av kontantar har vore og er eit sentralt kjenneteikn ved betalingssystemet. Bruken av kontantar i Noreg har gått ned i mange år. Noregs Bank meiner det er viktig å sikre at kontantar er tilgjengelege og brukarvennlege, slik at dei kan fylle funksjonane sine i betalingssystemet.

Kontantar er ifølgje sentralbanklova tvungne betalingsmiddel. Banken har over noko tid sett ei utvikling der fleire fysiske brukarstader ikkje tek imot betaling med kontantar. Noregs Bank har tidlegare i brev til Finansdepartementet 31. januar 2019 gitt uttrykk for at det er behov for å klargjere rekkjevidda av føresegnene i finansavtalelova om at forbrukaren alltid har rett til å betale med tvungne betalingsmiddel hos betalingsmottakaren.

Finanstilsynet fekk 2. september 2020 i oppdrag frå Finansdepartementet å kartlegge og vurdere bankane sitt samla tilbod av kontanttenester og utveksle faktagrunnlag og vurderingar med Noregs Bank. Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av februar 2021. Resultatet av vurderingane vil utgjere eit

grunnlag for å vurdere om det er behov for nye tiltak eller regelverksendringar for å sikre at kontantane er tilgjengelege.

Nye betalingsløysingar og digitale sentralbankpengar

Dei siste åra har nye aktørar og nye typar betalingsløysingar komme inn på betalingsmarknaden. Store teknologiselskap kan få meir påverknad i betalingssystemet enn bankar og andre finansinstitusjonar. Også blant leverandørane til betalingsinfrastrukturen skjer det strukturelle endringar. Globale aktørar tek posisjonar i Noreg og Norden.

Dei strukturelle endringane i betalings-systemet reiser spørsmål om det er behov for tiltak frå Noregs Bank for at vi skal kunne betale effektivt og sikkert i norske kroner også i framtida. Ei sentral problemstilling er om Noregs Bank bør utferde sentralbankpengar til allmenta i digital form òg. Noregs Bank er i ferd med å undersøkje dette, motivert av både mindre kontantbruk og omsynet til «føre var». Banken ønskjer å vere førebudd på å kunne innføre digitale sentralbankpengar dersom det er viktig for eit effektivt og sikkert betalings-system. I første halvår av 2021 vil Noregs Bank

19. mai

Sentralbanksjef Øystein Olsen held innleiing til høyring i finanskomiteen i Stortinget: Gjennomføring av pengepolitikken

20. mai

Ekstraordinært hovudstyremøte.

26. mai

Visesentralbanksjef Ida Wolden Bache held webforedrag for Oslo Macro Group

27. mai

Hovudstyremøte. Tilsetjingsavtalen med Nicolai Tangen blir signert

28. mai

Pressekonferanse om tilsetjingsavtalen med Nicolai Tangen

avgjere korleis ein skal arbeide vidare med denne problemstillinga.

Cybersikkerheit

Betalingssystemet blir meir og meir digitalt. Stadig større risiko knytt til cyberkriminalitet og eventuelle angrep mot sentrale IKT-system er ei utfordring for effektiviteten og sikkerheita i betalingssystemet. Den europeiske sentralbanken utarbeidde i 2018 eit rammeverk (TIBER-EU) for testing av cybersikkerheita i den finansielle sektoren. Fleire av nabolanda våre, mellom anna Danmark, Sverige og Finland, har innført nasjonale TIBER-rammeverk. Noregs Bank og Finanstilsynet har invitert næringa og relevante myndigheiter til dialog i arbeidet med å utarbeide eit forslag til nasjonalt rammeverk (TIBER-NO) for testing av cyberforsvaret til føretak i finansiell sektor i Noreg òg.

Noregs Bank har fleire gonger peikt på at ein bør undersøkje nærmare korleis ein best kan føre tilsyn med sentrale IKT-leverandørar og datasenter. EU-kommisjonen har i 2020 gjennomført ei høyring om regelverksendringar for å gjere finanssektoren meir motstandsdyktig mot cyberangrep. Finansdepartementet bad om innspel til norsk

posisjon. I brev til departementet 14. februar 2020 viste Noregs Bank til at EU-kommisjonen oppgir mange av dei same utfordringane som Noregs Bank har teke opp med omsyn til IKT-leverandørar.

Medarbeidarar

Medarbeidarane i Noregs Bank

Ved utgangen av 2020 hadde Noregs Bank 925 fast tilsette. Av desse er 518 tilsette i Norges Bank Investment Management, 257 i sentralbankverksemda og 143 i Noregs Bank Administrasjon. I tillegg er sju tilsette i tilsynssekretariatet. Banken har medarbeidarar frå til saman 35 nasjonar og kontor i Oslo, London, New York, Shanghai og Singapore.

Ved utgangen av 2020 var 33 prosent av dei fast tilsette i Noregs Bank kvinner. Det var 25 prosent kvinner i Norges Bank Investment Management, 33 prosent i sentralbankverksemda og 57 prosent i Noregs Bank Administrasjon.

Hovudstyret har sett som langsiktig mål at minst 40 prosent av dei tilsette totalt sett skal vere kvinner. Dette blir lagt til grunn i arbeid med strategi og handlingsplanar og blir vekt-

JUNI

10. juni

Ekstraordinært møte. Orientering om status for tilsetjing av ny CEO for NBIM

15. juni

Noregs Bank gir ut minnemynt i høve 100-årsjubileet for Anne Cath. Vestlys fødsel

lagt ved planlegging og gjennomføring av rekrutteringsprosessar.

Medarbeidarane under koronapandemien

2020 har vore eit krevjande år for alle medarbeidarar i Noregs Bank. Den økonomiske krisa har kravd svært høg arbeidsinnsats, langt utover eit normalår. Samtidig har helsekrisa gjort arbeidssituasjonen vanskeleg. Medarbeidarar har arbeidd på heimekontor i store delar av året, og fleire av utekontora har vore stengde i lange periodar. Marknadsoperasjonar og analysearbeid har vore gjennomført frå heimekontor i samarbeid med enkelte nøkkel-personar som tidvis har vore på plass på kontoret. Dei tilsette i banken har likevel levert fagleg høg kvalitet gjennom heile året.

Helse og sikkerheit

Noregs Bank prioriterer å verne om liv og helse for dei som arbeider i banken. Då koronapandemien var eit faktum, blei det straks sett i verk ei rekkje tiltak for å sikre helsa til medarbeidarane. Det blei mellom anna innført husreglar om avstand og hygiene, alle møterom blei merkte med maks antal personar, det blei sett fram handsprit over heile banken, og

kantina blei organisert slik at maten var trygg og ein kunne halde avstand. Då Noreg stengde ned 12. mars, innførte Noregs Bank krav om heimekontor i periodane med høgt smittetrykk, og delvis heimekontor i periodar med lågt smittetrykk. For å sikre ein trygg møteplass blei det raskt bygd opp eit system for digitale møte med høgt sikkerheitsnivå. Dei planlagde foredrag til sentralbankleiinga blei i dei kritiske periodane avlyste eller endra til webforedrag, og alle sosiale aktivitetar internt i banken blei anten avlyste eller gjennomførte digitalt.

13 av medarbeidarane i Noregs Bank er blitt smitta av koronaviruset. Det har ikkje vore smittespreiing internt i banken.

I 2020 blei det rapportert om sju hendingar/ skadar knytte direkte til arbeid i lokala til Noregs Bank. Ingen skadar eller ulykker frå kontorverksemda er alvorlege, og ingen av dei er melde til Arbeidstilsynet som yrkesskade i 2020. Sjukefråværet er stabilt lågt. I 2020 var sjukefråværet på 1,7 prosent.

24. juni
Hovudstyremøte

JULI



Årstalen 13. februar 2020.

22. juli
Ekstraordinært
hovudstyremøte

6. august
Ekstraordinært hovudstyremøte
om høyring i finanskomiteen i
Stortinget om tilsetjing av ny
CEO i NBIM

AUGUST

Samarbeid med fagforeiningane

Leiinga i banken har god og regelmessig kontakt med fagforeiningane. Forhandlingar og drøftingar legg grunnlaget for ein god arbeidsplass.

Samarbeidet med fagforeiningane har vore spesielt viktig i 2020 sidan medarbeidarane arbeidde under krevjande forhold. Tett og god kontakt mellom bankleiinga og fagforeiningane har bidrege til at ein saman kunne gjere forholda så gode som mogleg.

Verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll

Verksemdsstyring

Arbeidet med å implementere ny sentralbanklov og ny styringsmodell har hatt høg prioritet. Styringsmodellen og organisasjonsstrukturen til banken er no tilpassa den nye lova. Tidleg i 2020 vedtok ein forretningsorden for både hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Ansvars- og arbeidsdelinga mellom komiteen og hovudstyret blei òg vedteken.

Hovudstyret vedtok i 2019 å etablere det nye området Noregs Bank Administrasjon (NBA). NBA blei offisielt lansert 10. desember 2019.

Omorganiseringa medførte at avdeling for konsern- og fellesfunksjonar i sentralbankverksemda og enkelte støttefunksjonar i NBIM blei samla i det nye området. NBA skal ta seg av verksemdsovergripande oppgåver for sentralbanksjefen, utnytte den samla kompetansen, styrkje felles kultur, bidra til kostnadseffektive løysingar og støtte det at banken er éin institusjon. Opprettinga av NBA har ført til endringar i ansvars- og arbeidsdelinga mellom sentralbanksjefen, som dagleg leiar av Noregs Bank, og dagleg leiar i NBIM. Hovudstyret har vedteke nye stillingsinstruksar for sentralbanksjefen og CEO for NBIM. Dei nye instruksane speglar den nye ansvars- og arbeidsdelinga.

Noregs Bank skal ha ei verksemdsstyring som er i tråd med beste praksis. Hovudstyret følgjer opp verksemda gjennom periodisk rapportering av resultat og mål, handlingsplanar, budsjett, finansiell og operasjonell risiko og etterleving.

Noregs Bank skal vere kostnadseffektiv og ha ein forsvarleg ressursbruk samanlikna med liknande verksemdar. Hovudstyret nyttar mellom anna eksterne samanlikningar av ressursbruken til banken mot andre til-

10. august
Sentralbanksjef Øystein Olsen held innleiing for finanskomiteen i Stortinget om tilsetjinga av ny CEO for NBIM

12. august
Hovudstyremøte

24. august
Ekstraordinært hovudstyremøte. Revidert tilsetjingsavtale for ny CEO for NBIM. Pressekonferanse same dag

svarande organisasjonar, «benchmarking», som verktøy i verksemdsstyringa. I 2020 er det gjennomført fleire samanlikningar av kostnadene for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland (SPU). Hovudstyret er nøgd med at banken kjem godt ut av desse samanlikningane. I 2020 har ein hovudstyret særleg vore oppteken av kostnadseffektivisering. Hovudstyret har følgd budsjettprosessen tett opp, og plan og budsjett for 2021 blei behandla på fleire styremøte i andre halvår. Vidare behandla hovudstyret i september ein gevinstrealiseringsplan som følgje av ny organisering av administrative funksjonar i NBA.

Risikostyring og internkontroll

Noregs Bank følgjer ei eiga forskrift om risikostyring og internkontroll fastsett av Finansdepartementet. I tillegg fastset Finansdepartementet ei rekkje rammer for forvaltinga av SPU, mellom anna aktivaklasseallokering og referanseindeks. Tilsvarande fastset hovudstyret rammer for valutareserveforvaltinga. Det har ikkje vore brot på rammene for forvaltinga av SPU eller valutareservane i 2020.

Rapportering og oppfølging av hendingar utgjør ein viktig del av tiltaka for å forbetre

drifta og internkontrollen. Vesentlege risikoar blir følgde opp gjennom regelmessig rapportering og oppfølging av tiltak til hovudstyret. Hovudstyret har bestemt at det for NBIM i ein tolv månadersperiode skal vere mindre enn 20 prosent sannsynleg at operasjonelle risikofaktorar vil føre til 750 millionar kroner eller meir i brutto tap. Denne grensa blir kalla risikotoleransen til styret. I 2020 var den operasjonelle risikoeeksponeringa innanfor risikotoleransen til styret.

Informasjonssikkerheit og stabile IT-system

Verksemda er IT- og informasjonsintensiv. Transaksjonsprosessane som leier til finansiell rapportering, er i stor grad automatiserte. Hovuddelen av IT-systema er standardssystem som er tilpassa behova til verksemda, og er leverte og drifta av tredjepartar.

Stabile IT-system er ein grunnleggjande føresetnad for at Noregs Bank skal kunne løyse samfunnsoppdraget sitt. Noregs Bank arbeider systematisk for å sikre høg driftsstabilitet og har robuste prosessar for avviks- og endringshandtering. Driftsstabilitet er kritisk for å kunne forvalte SPU, som gjennomfører nærmare 1300 transaksjonar kvar dag.



Oppgjerssystemet til Noregs Bank er det mest samfunnsskritiske systemet vårt (NBO) og har som formål å gjennomføre sikre og effektive oppgjør av betalingar mellom bankar som har konto i Noregs Bank. Det er eit mål at oppgjersfunksjonen i NBO skal vere stabil og utan vesentlege avvik.

I sentralbankverksemda pågår det ein prosess for å modernisere IT-plattformen og byte driftsleverandør. I tillegg er den interne IT-organisasjonen oppbemanna for å få endå betre kontroll på driftsnære og sikkerheitsrelaterte funksjonar. Alle kontraktar er no inngått, og prosjektet er i implementeringsfasen. Dette er i tråd med tidsplanen og målet om avslutning i 2022.

Noregs Bank arbeider kontinuerleg med å sikre at banken har gode nok prosessar og rett bemanning i IKT-funksjonen. Banken observerer eit komplekst trusselbilette, og som leverandør av samfunnsskritisk infrastruktur vil Noregs Bank vere eit mål for avanserte trusselaktørar. Risikoreduserande tiltak blir identifiserte og implementerte løpande. Det blir utført ei rekkje opplæringsaktivitetar, til dømes nettfiskeøvingar og e-læring, for at dei tilsette skal bli meir bevisste. Relevante

kontrollar blir gjennomførte basert på rammeverk og standardar for beste praksis. Noregs Bank bruker rammeverket «US National Institute of Standards and Technology Cyber Security Framework (NIST CSF)» når informasjons- og IT-sikkerhetsrisiko skal handterast.

For å handtere kritiske og alvorlege drifts- og sikkerheitshendingar er det etablert ordningar med døgntinnsleg vakt. Det har ikkje vore nokon sikkerheitshendingar med alvorlege konsekvensar i 2020.

Koronapandemien har ført til utstrekt bruk av heimekontor og videokonferanseløysingar. Ein har vore særleg oppteken av sikkerheit på heimekontor. Under pandemien har det vore fleire cyberangrep, men på grunn av robuste kontrollar har ingen av desse angrepa fått alvorlege konsekvensar.

Noregs Bank behandlar personopplysningar mellom anna for å utarbeide statistikk og analysar, sende ut nyheitsvarsel på e-post, behandle spørsmål og ta imot besøk frå publikum, for saksbehandlingsformål og for å vareta sikkerheita til banken. Personopplysningar blir behandla i samsvar med

30. september
Hovudstyremøte.
Høringssvar NOU 2020:7 –
Verdier og ansvar

25. september
Visesentralbanksjefane
Ida Wolden Bache og Jon
Nicolaisen held foredrag
for regionalt nettverk
Midt-Noreg i Trondheim

Sentralbanksjef Øystein
Olsen held foredrag for
regionalt nettverk sør i
Kristiansand

personopplysningslova og anna relevant regelverk. I tråd med ny sentralbanklov kan banken innhente data frå endå fleire kjelder. Det inkluderer òg personopplysningar. Det er etablert spesifikke sikkerheitskontrollar og prosedyrar for å lagre og behandle personsensitive data.

I hovudstyret er ein svært oppteken av informasjons- og IT-sikkerheit, inkludert oppfølging av utkontrakterte IT-funksjonar. Hovudstyret følgjer heile tida den operative og finansielle risikoen knytt til bruk av IT-system gjennom vurderinga av operasjonell risiko og internkontroll. Basert på rapportering frå administrasjonen og internrevisjonen gir hovudstyret representantskapet ei årleg vurdering av risikosituasjonen. Det er ikkje avdekt vesentlege manglar i styrings- og kontrollregimet i 2020, og hovudstyret vurderer kontrollmiljøet og kontrollsystema som gode.

Verifikasjon

Avkastingsberekninga for SPU blir verifisert av ein uavhengig tredjepart i samsvar med etterlevinga av Global Investment Performance Standards (GIPS). Verifikasjonsrapporten for

etterleving av GIPS er motteken utan merknader.

Revisoren til banken, Deloitte AS, har gjort ein uavhengig gjennomgang av informasjonen som er presentert i kapittelet «Ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland» på side 110.

Balansesamansetjinga og finansielle framtidsutsikter

Balansen til Noregs Bank

Balansen til Noregs Bank består av fleire postar som er direkte knytte til oppgåvene til banken. Ved utgangen av 2020 var balansen summen på 11 679 milliardar kroner. Balansen er dominert av postar knytte til Statens pensjonsfond utland (SPU) og valutareservane. Andre vesentlege postar er innskot frå staten og bankar, setlar og mynt i omløp og fordringar på og gjeld til IMF.

Finansdepartementet har plassert ein bestemt del av formuen til staten på ein eigen konto i Noregs Bank (SPU-kronkonto). Denne blir presentert som gjeld til Finansdepartementet. Banken plasserer innskotet vidare, i eige namn, i samsvar med mandat for SPU-forvaltninga frå Finansdepartementet. Nettoverdien av

OKTOBER

6. oktober

Sentralbanksjef Øystein Olsen held foredraget *Pengepolitikkenes rolle i koronatid* for CME på BI

7. oktober

Visesentralbanksjef Ida Wolden Bache held web-foredrag for Citi bank

9. oktober

Visesentralbanksjef Ida Wolden Bache held foredrag på bustad-konferansen 2020

investeringsporteføljen blir presentert på ei eiga linje som eigendel i balansen til Noregs Bank. Verdien av kronekontoen vil alltid svare til verdien av investeringsporteføljen minus den oppsamla forvaltingsgodtgjersla.

Ved utgangen av 2020 var marknadsværdien til SPU-investeringane 10 914 milliardar kroner. Den oppsamla forvaltingsgodtgjersla var på 5,3 milliardar kroner.

Den detaljerte rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen til SPU går fram av note 20 i rekneskapsrapporten. I tillegg blir det laga ein særskild årsrapport for SPU-forvaltinga. Her inngår dei delar av rekneskapsrapporten som gjeld investeringsporteføljen. Noregs Bank har som forvaltar ingen finansiell risiko knytt til SPU-forvaltinga.

Ved sida av SPU utgjer valuta-reservane majoriteten av eigedelane. Valuta-reservane er hovudsakleg investert i aksjar, rentepapir og kontantplasseringar. Nettoverdien av valuta-reservane utgjorde 595,9 milliardar kroner ved utgangen av 2020, mot 546,3 milliardar kroner ved utgangen av 2019.

Ei nærmare utdjuping av SPU-forvaltinga er å finne på side 69 og av valuta-reservane på side 72.

Gjennom statens konsernkontoordning blir alle statlege midlar dagleg samla på konto i Noregs Bank. Ved utgangen av 2020 var innskotet 313 milliardar kroner. Det utgjer då den største gjeldsposten i balansen, utover SPU-kronekonto. Innskotet vil likevel variere mykje gjennom året som følgje av store inn- og utbetalingar over statlege driftskontoar. Det gjennomsnittlege innskotet var om lag 260 milliardar kroner i 2020, mot 190 milliardar kroner i 2019. Hovudårsaka til auken er større utflyt frå SPU til kontoen til staten i 2020, men staten sitt innskot blir likevel påverka av fleire forhold, og heile endringa kan ikkje tilskrivas dei ekstraordinære uttak frå SPU.

Setlar og mynt i omløp er ein gjeldspost for Noregs Bank som følgje av publikum si fordring på banken. Storleiken er driven av etterspurnaden etter kontantar og er dei siste åra redusert i takt med fallande etterspurnad. Ved årsslutt var 41 milliardar kroner i omløp, mot 41,6 milliardar kroner ved utgangen av 2019.

13. oktober

Visesentralbanksjefane Ida Wolden Bache og Jon Nicolaisen held foredrag for regionalt nettverk innland på Hamar

Sentralbanksjef Øystein Olsen held foredrag på Norway Summit i Stavanger

Innskot frå bankar, som består av folio, reserve- og F-innskot, blir styrt gjennom likviditetspolitikken. Per 31. desember 2020 utgjorde innskota 52,8 milliardar kroner, mot 58,9 milliardar kroner ved utgangen av 2019.

Noregs Bank forvaltar òg dei finansielle pliktene og rettane Noreg har overfor det internasjonale valutafondet (IMF). Noregs Bank har dermed både fordring på og gjeld til IMF. Ein detaljert omtale er å finne i note 17. Nettoposisjon mot IMF ved utgangen av året er ei fordring på 17,2 milliardar kroner, mot 11,8 milliardar kroner i 2019.

Koronapandemien har påverka balansen

Koronapandemien har gitt fleire store utslag på balansen til Noregs Bank i 2020.

Noregs Bank har tilført ekstraordinær likviditet til banksystemet gjennom ekstraordinære F-lån. Låna blir tilbydde for å sikre at styringsrenta får gjennomslag i pengemarknadsrentene. Per 31. desember 2020 utgjorde F-lån til bankane 80,2 milliardar kroner, mot 6,6 milliardar kroner ved utgangen av 2019. F-lån aukar balansen i *Utlån til bankar*.


Overskotslikviditeten er blitt trekt inn gjennom daglege F-innskot og utgjør 12 milliardar kroner ved utgangen av 2020, mot 18 milliardar kroner ved utgangen av 2019.

F-innskot påverkar balansen i *Innskot frå bankar*.

Som følgje av stor etterspurnad i marknaden etter amerikanske dollar er det i tillegg inngått ei mellomlands dollarlikviditetsordning med Federal Reserve (FED) i USA. Ordninga sikrar at norske bankar kan få tilbod om F-lån i dollar. Noregs Bank låner tilsvarende beløp frå FED som bankane får tildelt i F-lånsauksjonane. Ved utgangen av 2020 er det ingen uteståande F-lån i dollar, og Noregs Bank har då heller ikkje lån frå FED.

Finansielle framtidsutsikter

Samansetjinga av balansen vil truleg over tid gi ei positiv avkastning sett bort frå valutakurs-effektar. Det er basert på ei forventning om høgare avkastning på plasseringane i aksjar og obligasjonar enn kostnaden på gjeldspostane. Eigedelane til banken er hovudsakleg plasserte i valuta, mens gjelda primært er i norske kroner.





Hovudstyret på ny møtearena.

NOVEMBER

5. november

Visesentralbanksjef Ida Wolden Bache held foredrag på betalingsformidlingskonferansen til Finans Norge

14. november

Gamle 1000-kronesetlar går ut av sirkulasjon

Marknadsrentene er likevel svært låge for tida, også lange renter. Dei låge marknadsrentene inneber ei lågare løpande avkastning og bidreg til å redusere avkastingsforventingane frå rentepapir i tida framover. Utsiktene til ytterlegare kursgevinstar på renteinvesteringar er avgrensa, mens risikoen for kurstap ved stigande marknadsrenter er relativt stor. Ettersom ein stor del av valutaresservane og delar av SPU er plasserte i obligasjonar, må ein rekne med at utviklinga i marknadsrentene framover vil kunne redusere den samla avkastinga i ein periode.

Koronapandemien førte til ei djup krise i verdsøkonomien i 2020. Finansmarknadene var prega av kraftige svingingar gjennom året, store variasjonar mellom ulike bransjar og land og ekstraordinære støttetiltak frå myndighetene. Aksjemarknadene i fleire land har gitt positiv avkastning, og mange enda året på historisk toppnivå. Men utsiktene for verdsøkonomien er framleis usikre, mellom anna på grunn av koronasituasjonen. Utviklinga i 2020 er ei påminning om at marknadsverdiane vil kunne variere mykje framover, også i negativ retning.

Som langsiktig investor ønskjer Noregs Bank å forstå korleis klimaendringane påverkar prisinga av aktivum, og korleis vi best kan handtere risikoen som følgjer med. Klimarisiko påverkar evna selskapa har til verdiskaping både på kort og lang sikt, og kan oppstå på ulike måtar. Forståing av denne typen risiko kan bidra i risikohandteringa og investeringsavgjerder.

For SPU vil den framtidige verdiutviklinga mellom anna bli påverka av uttaka og tilførslane til fondet. Det er usikkert kor store eventuelle tilførslar vil bli framover, mellom anna fordi oljeprisen kan komme til å variere mykje.

Endringar i kronekursen kan i tillegg gi store utslag på verdien av valutaresservane og SPU målt i norske kroner. Ein må vere førebudd på at avkastinga på valutaresservane og SPU vil kunne svinge kraftig frå år til år.

Handtering av finansiell risiko

Noregs Bank legg stor vekt på å styre og kontrollere finansiell risiko. Hovudstyret har etablert prinsipp for risikostyring. Desse er



vidare utdjupa gjennom rammeverk og retningslinjer i verksemdsområda.

Investeringsrisiko er definert som marknadsrisiko, kredittrisiko og motpartsrisiko. Det blir brukt fleire målemetodar, prosessar og system for å kontrollere investeringsrisikoen. Robuste og anerkjende risikostyringssystem og prosessar blir komplementerte av internt utvikla målemetodar og prosessar.

Verdivurderingar, avkastingsmåling, styring og kontroll av risiko i forvaltinga skal følgje internasjonalt anerkjende standardar og metodar. Ei nærmare utdjuping er å finne i rekneskapsrapporteringa.

Resultatrekneskapen

Totalresultat

Totalresultatet for 2020 blei eit overskot på 28,8 milliardar kroner, mot eit overskot på 43,8 milliardar kroner i 2019. Netto inntekt frå finansielle instrument blei 29,9 milliardar kroner i 2020, mot 44,6 milliardar kroner i 2019. Aksjeinvesteringane gav ein gevinst på 18,1 milliardar kroner, mens renteinvesteringane gav ein gevinst på 12,6 milliardar

kroner. Netto inntekt frå finansielle instrument inkluderer òg eit tap på 0,5 milliardar kroner i valutaeffekt. Tilsvarande effekt for 2019 var ein gevinst på 7 milliardar kroner.

Totalresultatet i SPU på 1 122,4 milliardar kroner består av eit porteføljeresultat på 1 127,7 milliardar kroner fråtrekt forvaltingsgodtgjersle på 5,3 milliardar kroner. Totalresultatet er tilført SPU-kronkonto per 31. desember 2020. Avkastinga ved forvaltinga, etter frådrag for godtgjersle til Noregs Bank, blir ført mot kronekontoen direkte og påverkar derfor ikkje totalresultatet eller eigenkapitalen til Noregs Bank.

I samsvar med mandatet for SPU-forvaltinga får Noregs Bank godtgjersle for forvaltingskostnadene innanfor ei øvre grense. Forvaltingsgodtgjersla frå Finansdepartementet var 5,3 milliardar kroner i 2020, mot 4,3 milliardar kroner i 2019. Noregs Bank har òg inntekter frå andre tenester leverte til bankar og frå husleige frå eksterne leigetakarar. Inntekter utover forvaltingsgodtgjersla frå SPU var på til saman 121 millionar kroner i 2020, mot 139 millionar kroner i 2019.

18. desember
Hovudstyremøte.
Endeleg arbeidsavtale
med CEO i NBIM

21. desember
Sentralbanksjef Øystein Olsen held
web-foredrag for Regionalt nettverk øst,
Statsøkonomisk forening og Bergens
næringsråd.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 6,5 milliardar kroner i 2020, mot 5,4 milliardar kroner i 2019. Kostnadsauken kjem i hovudsak av auka honorar til eksterne forvaltarar med 1,1 milliardar kroner på grunn av høgare meiravkasting i forvaltinga av SPU, høgare andel ekstern forvalting og valutaeffektar. Personalkostnadene har auka med 82 millionar kroner, hovudsakleg som følge av høgare prestasjonsbasert lønn, høgare pensjonskostnader, ordinær lønnsvekst og valutaeffektar. Dette er delvis motverka av lågare reisekostnader og noko færre tilsette. Vidare er det lågare kostnader til setelinnkjøp og innleigd arbeidskraft og reduserte avskrivningar. Kostnader til depottenester har auka. 5,3 milliardar kroner av kostnadene i 2020 er knytte til forvaltinga av SPU, inkludert lønnskostnader, depot og oppgjørstenester, IT-kostnader, analysestenester og honorar til eksterne forvaltarar. Driftskostnadene for SPU-forvaltinga, eksklusive honorar til eksterne forvaltarar, er i tråd med målsetjinga om maksimalt fem basispunkt av den gjennomsnittlege marknadsverdien til fondet.

Eigenkapital

Eigenkapitalen til Noregs Bank var på 276,8 milliardar kroner per 31. desember 2020, mot 263,2 milliardar kroner per 31. desember 2019. Eigenkapitalen består av eit kursreguleringsfond og eit overføringsfond. Ved utgangen av 2020 var kursreguleringsfondet på 246,5 milliardar kroner og overføringsfondet på 30,3 milliardar kroner. Eigenkapitalen til Noregs Bank utgjør 35,9 prosent av balansestorleiken, eksklusive SPU, mot 40,9 prosent i 2019. Hovudstyret vurderer eigenkapitalen som god nok til å oppfylle formålet til banken, jf. sentralbanklova § 3-11 første ledd

Disponering av totalresultatet

Disponeringa av totalresultatet til Noregs Bank er regulert av retningslinjer for avsetjing og disponering av overskotet til Noregs Bank, fastsett ved kgl.res. 13. desember 2019 med heimel i sentralbanklova § 3-11 andre ledd.

Hovudlinjene er at totalresultatet blir disponert til kursreguleringsfondet til eigenkapitalen til dette har nådd 40 prosent av netto valutaeservar. Resten av beløpet blir disponert til overføringsfondet til eigenkapitalen. Kvart år blir ein tredjedel av overføringsfondet overført til statskassen.

I tråd med retningslinjene blir desse overføringane og disponeringane gjennomførte: Av totalresultatet på 28,8 milliardar kroner er 22,7 milliardar kroner overførte til kursreguleringsfondet, og 6,1 milliardar er overførte til overføringsfondet. Frå overføringsfondet blir det vidare overført 15,2 milliardar kroner til statskassen.

Oslo, 4. februar 2021



Øystein Olsen
(dagleg leiar / leiar av hovudstyret)



Ida Wolden Bache
(nestleiar)



Karen Helene Ulltveit-Moe



Kristine Ryssdal



Arne Hyttnes



Hans Aasnæs



Egil Herman Sjørnsen

Nina Udnes Tronstad



Mona Helen Sørensen
(representant for dei tilsette)



Truls Oppedal
(representant for dei tilsette)

Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet

I 2020 blei det etablert ein eigen komité med ansvar for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet består av sentralbanksjefen, dei to visesentralbanksjefane og to eksterne medlemmer. Dei eksterne komitémedlemmene blir oppnemnde av Kongen i statsråd for fire år om gongen. Sentralbanksjefen er leiar av komiteen, og dei to visesentralbanksjefane er høvesvis første og andre nestleiar.

Ved utgangen av 2020 er det berre éin visesentralbanksjef, etter at Jon Nicolaisen gjekk av som visesentralbanksjef 4. desember.

Komiteen har i 2020 hatt 26 møte og behandla 104 saker innanfor ansvarsområdet sitt.

Tabell 3 Arbeidet til komiteen i 2020

	2020
Samla effektiv møte- og seminartid	100 timar
Av dette (i prosent av samla tidsbruk):	
- Innretninga av pengepolitikken, inkl. arbeidet med dei pengepolitiske rapportane	57 %
- Arbeidet med å fremje finansiell stabilitet, inkl. råd om motsyklisk kapitalbuffer	27 %
- Andre fagtema innanfor ansvarsområdet til komiteen	10 %
- Andre tema (styrande dokument, protokollar, eigendrift etc.)	6 %

Sentralbanksjef Øystein Olsen

Visesentralbanksjef Egil Matsen (fram til 31. mars)

Visesentralbanksjef Ida Wolden Bache (frå 1. april)

Visesentralbanksjef Jon Nicolaisen (fram til 4. desember)

Ingvild Almås

Oppnemnd som komitémedlem for perioden 1. januar 2020 til 31. desember 2021.

Almås er professor ved Institute for International Economic Studies (IIES), Stockholms Universitet, Principal Investigator på FAIR, Noregs handelshøgskole, og International Research Fellow ved Institute for Fiscal Studies (London), Centre for Economic Policy Research (CEPR) og CESifo. Ho var tidlegare professor ved Noregs handelshøgskole. Almås sit i Scientific Advisory Board for Max Planck Institute for Research on Collective Goods i Bonn, Tyskland, og ho leier porteføljestyret for velferd, kultur og samfunn i Noregs forskingsråd. Ho sit òg i styringsgruppa for Nobel Symposia. Almås har vore ein av hovudredaktørane for The Scandinavian Journal of Economics, og ho har vore medredaktør i fleire tidsskrift.

Almås er utdanna samfunnsøkonom frå Universitetet i Oslo og har doktorgrad i samfunnsøkonomi frå Noregs handelshøgskole.

Jeanette Fjære-Lindkjenn

Oppnemnd som komitémedlem for perioden 1. januar 2020 til 31. desember 2023.

Fjære-Lindkjenn er stipendiat ved Nasjonalt senter for bustadmarknadsforskning, Housing Lab. Ho har tidlegare jobba som makroøkonom i DNB Markets og som analytikar i Noregs Bank. Fjære-Lindkjenn er samfunnsøkonom frå Universitetet i Oslo.





Frå venstre: Ingvild Almås, Jeanette Fjære-Lindkjenn, Øystein Olsen, Jon Nicolaisen og Ida Wolden Bache

Årsmeldinga til komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet 2020

Stortinget vedtok ny sentralbanklov 28. mai 2019. Den nye sentralbanklova innebar at det blei oppretta ein komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Komiteen begynte å arbeide 1. januar 2020.

Komiteen har ansvaret for Noregs Bank si utøvande og rådgivande makt i pengepolitikken, inkludert verkemiddel for å nå måla i pengepolitikken. Komiteen skal bidra i arbeidet med å fremje finansiell stabilitet gjennom rådgiving og ved å bruke dei tilgjengelege verkemidla.

Vedtak om styringsrenta blir vanlegvis gjorde på dei annonserte rentemøta. I 2020 var det planlagt åtte slike møte, men koronapandemien gjorde at det ordinære rentemøtet i mars blei erstatta av to ekstraordinære rentemøte.

2020 – eit dramatisk år

Norsk økonomi blei vurdert å vere nær toppen av konjunktursyklusen i desember 2019. Men på kort tid blei utsiktene dramatisk endra. Koronapandemien førte til eit kraftig tilbakeslag i norsk økonomi i 2020. Den økonomiske aktiviteten fall brått i mars og april, og arbeidsløysa auka til historisk høge nivå. Det var òg betydeleg uro i finansmarknadene.

Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet reduserte styringsrenta frå 1,5 til 0 prosent i løpet av våren. I tillegg blei det sett i verk fleire tiltak for å bidra til meir velfungerande finansmarknader. Etter at krona nådde rekordsvake nivå mot ei rekkje valutaer i mars, kjøpte Noregs Bank kroner for å bidra til ein velfungerande marknad for norske kroner. Komiteen gav råd til Finansdepartementet om å redusere nivået på den motsykliske kapitalbufferen i bankane frå 2,5 til 1 prosent. Departementet følgde dette rådet.

Marknadsuroa minka i løpet av våren, og krona styrkte seg. Styrkinga gjekk hand i hand med ein oppgang i oljeprisen. Gjennom året auka den økonomiske aktiviteten, og arbeidsløysa minka. Etter at strenge smitteverntiltak hadde ført til eit kraftig fall i det private konsumet, tok varekonsumet til hushalda seg markert opp. Utover hausten auka smittespreiinga i Noreg, og nye smitteverntiltak gjorde at etterspurnaden til hushalda fall. Pandemien og smitteverntiltaka dempa òg investeringsviljen og evna i fastlandsføretaka. Bortfall av turisme gav fall i eksporten. Låg reiseaktivitet gav fall også i importen.

Aktiviteten i bustadmarknaden fall i mars og april, og bustadprisane avtok noko. Utover våren og sommaren tok aktiviteten og prisveksten seg opp. Utviklinga hadde truleg

samanheng med lågare utlånsrenter og ei mellombels utviding av fleksibilitetskvoten i bustadlånforskrifta. Bustadprisane heldt fram å auke markert gjennom hausten.

Fall i elektrisitetsprisane bidrog til at veksten i konsumprisindeksen (KPI) minka markert dei første månadene i 2020. Veksten i KPI justert for avgiftsendingar og utan energivarer (KPI-JAE) steig gjennom våren og sommaren og låg over inflasjonsmålet på 2 prosent. Oppgangen kom i hovudsak som følgje av høgare prisvekst på importerte varer.

I dei pengepolitiske avvegingane gjennom 2020 la komiteen vekt på at norsk økonomi var inne i eit kraftig tilbakeslag. Komiteen vurderte det slik at ei lågare rente ville bidra til å dempe tilbakeslaget i norsk økonomi, og at det reduserte faren for at arbeidsløysa ville bli verande på eit høgt nivå. I vurderinga av inflasjonsutsiktene la komiteen vekt på at oppgangen i den underliggjande prisveksten truleg var mellombels. I drøftinga av risikobiletet var komiteen oppteken av at ein lang periode med låge renter aukar faren for at finansielle ubalansar byggjer seg opp.

Før reduksjonen i mars var kravet til mot-syklisk kapitalbuffer 2,5 prosent, med bakgrunn i at finansielle ubalansar hadde bygd seg opp over lengre tid. I desember gav komiteen uttrykk for at bufferen på litt sikt skal tilbake til 2,5 prosent, og at han vil gi råd om auka bufferkrav i 2021. Komiteen vurderte det slik at det norske finansielle systemet har klart seg godt under koronapandemien, godt hjulpet av støttetiltak frå myndigheitene, men at utsiktene for finansiell stabilitet likevel er noko svekte som følgje av stor uvisse om det vidare forløpet for pandemien og følgjene for økonomien og finansmarknadene.

Pengepolitikk

Internasjonal økonomi

Koronautbrotet og tiltaka for å avgrense smitte førte til eit alvorleg tilbakeslag for internasjonal økonomi i 2020. I mange land var BNP-fallet i andre kvartal det største som nokon gong er målt. Aktivitetsnivået tok seg opp utover sommaren, men bremsa så opp igjen utover hausten som følgje av auka smitte og strengare smitteverntiltak. Tilgang på vaksine gir utsikter til eit betydeleg oppsving i den økonomiske aktiviteten internasjonalt i 2021.

Konsumprisveksten internasjonalt fall markert då koronapandemien braut ut og strenge smitteverntiltak blei innførte. Gjennom sommaren auka prisveksten noko. For 2020 sett under eitt var den underliggjande prisveksten hos handelspartnarane lågare enn året før og under inflasjonsmåla.

Den kraftige nedgangen internasjonalt gav eit kraftig fall i det globale oljeforbruket og bidrog til låge oljeprisar. Den samla oljeproduksjonen var vesentleg høgare enn forbruket, og det var lite ledig lagerkapasitet. Spotprisen for olje fall frå over 65 dollar per fat i desember 2019 til under 10 dollar per fat i andre halvdel av april. Etter dette steig prisen markert. Oppgangen må sjåast i samband med at oljeforbruket tok seg opp etter kvart som den økonomiske aktiviteten henta seg inn igjen. Samtidig avgrensa fleire land både i og utanfor OPEC produksjonen. Utover hausten steig oljeprisen ytterlegare mellom anna som følgje av positive vaksinenyheiter. Ved utgangen av året var oljeprisen i overkant av 50 dollar per fat. Prisane på leveransar fram i tid indikerte om lag uendra oljepris dei neste åra.

Virusutbrotet førte til mykje uro i finansmarknadene. Aksjeindeksane fall, og risikopåslaga i penge- og obligasjonsmarknadene steig.


Myndighetene i mange land sette i verk kraftige finanspolitiske tiltak for å avgrense dei økonomiske konsekvensane av koronaviruset. Fleire sentralbankar reduserte styringsrentene og sette i gang omfattande tiltak for å stabilisere finansmarknadene. Tiltaka inkluderte tilførsel av likviditet i form av lån til bank-systemet og program for kjøp av mellom anna statsobligasjonar og føretaksobligasjonar. I mange land var tiltaka meir omfattande enn under finanskrisa. Forventa pengemarknadsrenter hos handelspartnarane til Noreg fall markert. Samtidig fall dei langsiktige rentene mykje. Marknadsprisinga ved slutten av året indikerte forventingar om svært låge renter hos Noreg sine viktigaste handelspartnarar i lang tid framover.

Finansielle forhold

Då pandemien slo inn over norsk økonomi i byrjinga av mars, var styringsrenta på 1,5 prosent. Det blei raskt klart at komiteen måtte handle. Før avgjerdene i mars og i vekene som følgde, møttest derfor komiteen ofte, og

gjærne på kort varsel. Styringsrenta i Noreg blei sett ned med 0,50 prosentepoeng til 1,0 prosent på et ekstraordinært møte 12. mars, og vidare ned til 0,25 prosent på eit nytt ekstraordinært møte allereie 19. mars. På rentemøtet 6. mai blei det bestemt å setje styringsrenta til null prosent. Komiteen sa samtidig at slik han no vurderer utsiktene for økonomien og risikobiletet, så vil renta mest sannsynleg bli liggjande på det nivået ei god stund framover.

Også i Noreg var det mykje uro i finansmarknadene våren 2020. Risikopåslaga i den norske pengemarknaden auka mykje fram mot midten av mars. Høgare pengemarknads-påslag bidrog til at reduksjonen i styringsrenta i mars ikkje gav tilsvarande reduksjon i dei rentene som føretak og hushald stod overfor. Til liks med andre sentralbankar gjennomførte Noregs Bank fleire tiltak for å sikre at lågare styringsrente fekk gjennomslag til pengemarknadsrentene, og at likviditeten i finansieringsmarknadene betra seg. Mellom anna tilbydde Noregs Bank ekstraordinær likviditet til bankane både i norske kroner og amerikanske dollar. På det meste var det uteståande ekstraordinære lån på i underkant av 250 milliardar kroner. Fram mot rentemøtet





Pressekonferanse 13. mars

28. februar
Komitémøte

MARS

10. mars
Komitémøte

12. mars

Ekstraordinært komitémøte. PPR 1/20. Styringsrenta blei sett ned med 0,5 prosenteningar til 1 prosent. Råd til Finansdepartementet om at den motsykliske kapitalbufferen blir sett ned til 1,0 prosent

i mai minka uroa i finansmarknadene, og påslaga i både pengemarknaden og obligasjonsmarknaden fall. Bustadlånsrentene blei sette ned av bankane til eit historisk lågt nivå, men blei likevel ikkje sette ned like mykje som styringsrenta. Det kan ha samanheng med at bankane ikkje har villa gi kundane negative renter på innskot, samtidig som dei har ønskt å halde oppe marginen mellom utlåns- og innskotsrenter.

Kronekursen svekte seg i byrjinga av 2020. Eit markert fall i oljeprisen og auka usikkerheit knytt til virusutbrotet gjorde at svekkinga auka i mars. Frå den 18. til den 19. mars svekte krona seg med om lag 14 prosent målt mot den importvegne kronekursen (I-44), og krona nådde rekordsvake nivå mot ei rekkje valutaer. Marknaden for norske kroner fungerte svært dårleg. 19. mars annonserte Noregs Bank at det, gitt dei ekstraordinære forholda i valuta-marknaden, kunne bli aktuelt å intervernere med kjøp av kroner. For å bidra til ein velfungerande marknad for norske kroner blei det gjort ekstraordinære kronekjøp for til saman 3,5 milliardar kroner i valutamarknaden i mars. Sidan styrkte krona seg. Styrkinga blei følgd av ein oppgang i oljeprisen og mindre uvisse i internasjonale finansmarknader. Ved utgangen

av året var kursen om lag 3 prosent svakare enn ved inngangen til 2020, målt ved I-44.

Sjølv om norske bankar ved inngangen til året var solide og med nok kapital til å bere eit kraftig tilbakeslag, frykta ein at ein strammare utlånspraksis kunne forsterke nedgangen i økonomien. 13. mars rådde Noregs Bank derfor Finansdepartementet til straks å redusere kravet til motsyklisk buffer frå 2,5 til 1 prosent. Samtidig blei bankane oppmoda om å ta omsyn til den ekstraordinære situasjonen når dei skulle fastsetje utbytte for 2019. Finansdepartementet sette ned bufferkravet same dag. Omfattande tiltak frå myndigheitene, god lønnsemd og god tilgang på marknadsfinansiering gjorde at bankane kunne halde oppe kredittilbodet til både hushald og føretak vidare gjennom året.

Norsk økonomi

Etter nokre år med god vekst minka veksten i fastlandsøkonomien gjennom hausten 2019, og i desember same året blei norsk økonomi vurdert å vere nær toppen av konjunktursyklusen. Det var utsikter til at arbeidsløysa ville halde seg låg, og at inflasjonen ville bli verande nær målet mens vurderinga av

19. mars

Ekstraordinært komitémøte. Iverksetjing av intervensjonar i valutamarknaden med ei ramme på 100 milliardar kroner

Det blei bestemt at styringsrenta skulle setjast ned med 0,75 prosentteiningar til 0,25 prosent.

25. mars

Komitémøte

APRIL

1. april

Avgjerd om å inngå kredittavtale med NY Fed

utsiktene og risikobiletet tilsa at styringsrenta ville bli verande nær 1,5 prosent. Det var venta at den økonomiske veksten skulle avta dei nærmaste åra, mellom anna som følgje av svakare utsikter for petroleumsinvesteringane.

På kort tid blei dei økonomiske utsiktene dramatisk endra. Aktiviteten i norsk økonomi fall brått i andre kvartal av 2020 som følgje av koronapandemien. Virusutbrotet og omfattande tiltak for å avgrense smitte førte til produksjonsstans og redusert aktivitet for ei rekkje verksemdar. BNP for Fastlands-Noreg var rundt 11 prosent lågare i april enn februar. Den økonomiske nedgangen blei forsterka av at handelspartnarane våre òg opplevde eit markert tilbakeslag i kjølvatnet av koronapandemien, og av det kraftige fallet i oljeprisen.

Mange arbeidstakarar blei permitterte eller mista jobben. Arbeidsløysa steig til svært høge nivå. Dei strenge smitteverntiltaka førte til eit kraftig fall i det private konsumet. Det skjedde òg ei vridning bort frå tenester og over mot varer. Mange reiser måtte setjast på vent, og store delar av kulturtilbodet stengde ned.

Etter ein markert nedgang i norsk økonomi i mars og april tok den økonomiske aktiviteten seg opp fram mot sommaren, og innhentinga heldt fram i tredje kvartal. Arbeidsløysa minka.

Høgare etterspurnad frå hushalda bidrog til auka aktivitet i fastlandsøkonomien. Varekonsumet til hushalda tok seg markert opp, men det samla konsumet var framleis lågt. Spegelbiletet var ein markert auke i sparinga til hushalda. Den auka sparinga kom dels av at det var avgrensa kva hushalda kunne eller ønskte å bruke pengar på, og dels av at dei økonomiske utsiktene var svært usikre. Den høge sparinga til hushalda i 2020 gir rom for sterk vekst i forbruket framover.

Fallet i oljeprisen, den auka usikkerheita og smitteverntiltaka førte til nedgang i petroleumsinvesteringane i 2020 etter kraftig vekst året før. Pandemien og smitteverntiltaka dempa òg investeringsviljen og -evna i fastlandsføretaka.

Eksporten fall i 2020. Mykje av nedgangen hadde samband med bortfall av turisme til Noreg. Eksporten frå oljeleverandørane fall kraftig som følgje av store kutt i investerings-

15. april
Komitémøte

24. april
Komitémøte

30. april
Komitémøte

MAI

6. mai
Styringsrenta blei sett ned med 0,25 prosent-einingar til 0

planane i oljenæringa globalt. På same måten som eksporten var importen prega av stengde grenser og låg reiseaktivitet utanlands blant norske hushald. Det gav fall også i importen.

Utover hausten auka smittespreiinga i Noreg, og ein ny runde med inngripande smittevern-tiltak blei innført i november. Etterspurnaden til hushalda fall, og den økonomiske oppgangen blei sett på vent. Bedriftene i det regionale nettverket til Noregs Bank rapporterte i november at dei såg for seg svak vekst i aktiviteten framover.


Talet på permitterte auka igjen som følgje av meir smitte og strengare smitteverntiltak. Mot slutten av 2020 var det blitt markert fleire langtidsledige, særleg blant dei unge.

Aktiviteten i bustadmarknaden fall i mars og april, og bustadprisane avtok noko. Utover våren og sommaren tok aktiviteten og prisveksten seg opp. Utviklinga hadde truleg samanheng med lågare utlånsrenter og ei mellombels utviding av fleksibilitetskvoten i bustadlånforskrifta. Bustadprisane heldt fram med å auke markert gjennom hausten. I desember var tolv månadersveksten i

bustadprisane 8,7 prosent. Prisveksten auka i alle område i landet, men var høgast i Oslo.

Etter oppgang i lønnsveksten dei siste tre år minka han litt igjen i 2020. Vi må sjå nedgangen i lønnsveksten i lys av at virusutbrotet medførte ein kraftig oppgang i arbeidsløysa og ei markert svekking i lønnsmda i næringslivet.

Dei første månadene i 2020 bidrog fall i elektrisitetsprisane til at veksten i KPI gjekk markert ned. Veksten i KPI justert for avgiftsendingar og utan energivarer (KPI-JAE) steig gjennom våren og sommaren og låg over inflasjonsmålet på 2 prosent. Oppgangen kom i hovudsak som følgje av høgare prisvekst på importerte varer. Vi må sjå høgare importert inflasjon i samanheng med kronesvekkinga tidleg på året. Årsveksten i konsumprisindeksen var 1,3 prosent i 2020. Justert for avgiftsendingar og utan energivarer var prisveksten 3,0 prosent. Noregs Banks forventingsundersøking i fjerde kvartal 2020 indikerte at inflasjonsforventingane på noko lengre sikt er godt forankra rundt inflasjonsmålet.



Pengepolitiske avvegingar

Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2 prosent. Inflasjonsstyringa skal vere fram-overskodande og fleksibel, slik at ho kan bidra til å skape høg og stabil produksjon og sysselsetjing og motverke at det byggjer seg opp finansielle ubalansar.

I dei pengepolitiske avvegingane gjennom 2020 la komiteen vekt på at norsk økonomi var inne i eit kraftig tilbakeslag. Komiteen si vurdering var at ei lågare rente bidreg til å dempe tilbakeslaget. I diskusjonane blei det lagt stor vekt på utviklinga i realøkonomien og arbeidsmarknaden. Vurderinga var at låge renter bidreg til å bringe produksjon og sysselsetjing raskare tilbake mot meir normale nivå, og at det reduserer faren for at arbeidsløysa skal feste seg på eit høgt nivå. I vurderinga av inflasjonsutsiktene la komiteen vekt på at oppgangen i den underliggjande prisveksten truleg var mellombels. Styrkinga av krona gjennom året og utsikter til låg lønnsvekst tilsa at inflasjonen ville minke. I drøftinga av risikobiletet var komiteen oppteken av at ein lang periode med låge renter aukar faren for at finansielle ubalansar byggjer seg opp.

Etter at pandemien ramma landet, var komiteen si vurdering at utsiktene og risikobiletet samla sett tilsa ein svært ekspansiv pengepolitikk. Vurderinga til komiteen var at det kraftige økonomiske tilbakeslaget og stor usikkerheit om den vidare utviklinga tilsa at renta blir halden i ro til det er klare teikn til at forholda i økonomien normaliserer seg. Komiteen såg ikkje for seg at styringsrenta ville bli sett ytterlegare ned.

Det første halvåret blei rentebanen kraftig nedjustert. I lys av koronautbrotet og den ekstraordinære situasjonen i norsk økonomi blei det til maimøtet utarbeidd ei pengepolitisk oppdatering med oppdaterte anslag.

Prognosane i *Pengepolitisk rapport 4/20* innebar ei styringsrente på null i over eitt år framover. Frå første halvår 2022 aukar renta gradvis etter kvart som aktiviteten nærma seg eit meir normalt nivå. Med ei slik utvikling i renta var det utsikter til at kapasitetsutnyttinga ville stige gradvis, og at produksjonsgapet ville bli lukka i løpet av 2020. Etter eit fall i BNP i 2020 blei det venta god vekst i norsk økonomi dei neste åra. Ifølgje anslaga vil særleg ein oppgang i konsumet til hushalda bidra til at økonomien hentar seg inn igjen.

11. august

Nedtrapping av likviditetstiltaka som blei innførte i samband med koronakrisa

19. august

Styringsrenta blei halden uendra på 0 prosent

4. september
Komitémøte

AUGUST

SEPTEMBER



Digitalt komitémøte



Med aukande aktivitet i økonomien var òg etterspurnaden etter arbeidskraft venta å stige, slik at sysselsetjinga ville auke og arbeidsløysa minke. Ein rekna likevel med at langsiktige konsekvensar av tilbakeslaget vil gi noko høgare arbeidsløysa ved utgangen av 2023 enn før pandemien.

Mykje ledig kapasitet i økonomien, utsikter til låg lønnsvekst og styrkinga av krona sidan mars var venta å gi eit fall i prisveksten framover. Komiteen meinte at det likevel var liten risiko for at inflasjonen ville bli for låg så lenge kapasitetsutnyttinga auka. Prisveksten blei berekna til noko over 1,5 prosent ved utgangen av 2023.

Finansiell stabilitet og avgjerdsgrunnlaget for motsyklisk kapitalbuffer

Etter råd frå komiteen bestemte Finansdepartementet seg for å redusere den motsykliske kapitalbufferen til 1 prosent i mars. Deretter blei bufferen halden uendra i tråd med rådet frå Noregs Bank. Lågare bufferkrav reduserte risikoen for ein strammare utlånspraksis som kunne ha forsterka tilbakeslaget.

I desember varsla komiteen at slik han vurderte den økonomiske utviklinga og utsiktene til tap og utlånskapasitet i bankane, ville han gi råd om auka bufferkrav i 2021. Aktiviteten i økonomien har teke seg opp sidan mars, og tapet til bankane har minka. Bankane er godt rusta til å tole auka tap og samtidig halde oppe kreditttilbodet. Komiteen understreka at det er knytt stor uvisse til tapsutsiktene.

Utlånstapa blir truleg lågare i 2021 enn dei var i 2020, men vil framleis liggje markert over gjennomsnittet dei siste 20 åra. Det vil truleg ta tid før den økonomiske aktiviteten er tilbake på nivåa frå før pandemien. Før reduksjonen i mars var kravet til motsyklisk kapitalbuffer 2,5 prosent, med bakgrunn i at finansielle ubalansar hadde bygd seg opp over lengre tid. I desember gav komiteen uttrykk for at bufferen på noko sikt skal tilbake til 2,5 prosent.

Komiteen vurderte det slik i *Finansiell stabilitet 2020* at det norske finansielle systemet har klart seg godt under koronapandemien, godt hjulpet av støttetiltak frå

4. november

Styringsrenta blei halden uendra på 0 prosent

8. desember

Komitémøte. Vidare nedtrapping av ekstraordinære likviditetstiltak

16. desember

PPR 4/20. Styringsrenta blei halden uendra på 0. Råd om å halde motsyklisk buffer uendra på 1 prosent

NOVEMBER

DESEMBER

1. desember
Komitémøte

myndighetene, men at utsiktene for finansiell stabilitet likevel er noko svekte som følgje av stor uvisse om det vidare forløpet for pandemien og følgjene for økonomien og finansmarknadene. Høg gjeld i hushalda og høge eigedomsprisar blir framleis vurdert til å vere dei viktigaste sårbarheitene i det norske finansielle systemet, og komiteen la vekt på at sårbarheita kunne auke ved vedvarande høg bustadprisvekst. Komiteen støtta ei vidareføring av krava til forsvarleg utlånspraksis og at dei mellombels auka fleksibilitetskvotane ikkje burde forlengast utover tredje kvartal 2020.

Vidare la komiteen vekt på at bankane si evne til å tole tap ved økonomiske tilbakeslag er viktig for stabiliteten i det finansielle systemet. Norske bankar har god avstand til kapitalkrava og har klart å gi hushald og føretak lån under koronapandemien. Tapa auka i 2020, men store delar av tapa var knytte til føretak innanfor oljeservice, som framleis er i ein krevjande situasjon etter oljeprisfallet i 2014. Basisscenarioet i stresstesten i *Finansiell stabilitet 2020* viste at bankane har kapital til å bere høgare tap enn det dei har hatt i 2020. Det vil seie at bankane kan tære på kapitalbufferane for å unngå å stramme inn på utlån sjølv når den økonomiske utviklinga blir svakare og tapa høgare enn det Noregs Bank

har lagt til grunn. I ein slik situasjon vil myndighetene i tillegg kunne setje den motsykliske kapitalbufferen ned for å leggje til rette for at bankane held oppe kredittilbodet.

Komiteen peikte òg på at mykje strengare krav til kapital og likviditet sidan finanskrisa i 2008/2009 hadde styrkt det finansielle systemet, men at marknadsuroa i mars avdekte nokre nye utfordringar. Kravet om å stille sikkerheit ved derivathandel har redusert motpartsrisikoen og dermed bidrege til å redusere faren for at insolvens skal spreie seg gjennom nettverket av derivatavtalar. Samtidig inneber krav om å stille sikkerheit til motparten dagleg ein likviditetsrisiko, og komiteen understreka kor viktig det er at aktørar med derivatavtalar tek høgd for denne risikoen. Dei store rørsleane i finansmarknadene i mars førte til høge krav om å stille sikkerheit, både i Noreg og internasjonalt. I Noreg førte det kraftige kronefallet til utfordringar for norske kapitalforvaltarar. Likviditetsutfordringane påverka òg andre aktørar negativt sidan det bidrog til auka risikopåslag i obligasjonsmarknaden. Noregs Bank vil heile tida vurdere systemrisikoen ved å bruke derivatavtalar og om nødvendig foreslå endringar i regelverket som gjeld risikostyringa til kapitalforvaltarane.

Komiteen var òg oppteken av kva slags effektar klimaendringar og overgangen til eit lågutsleppssamfunn har på det finansielle systemet, og presiserte kor viktig det er at bankane tek omsyn til klimarisikoen i risiko-vurderingane av både nye og eksisterande

utlån. Komiteen rekna verdiutviklinga i olje- og gassnæringa som den største risikoen for Noreg, men trekte òg fram at norske bankar har utlån til utanriks sjøfart som kan få strengare klimaregulering i åra som kjem.

Oslo, 4. februar 2021



Øystein Olsen
(dagleg leiar / leiar av hovudstyret)



Ida Wolden Bache
(nestleiar)



Ingvild Almås



Jeanette Fjære-Lindkjenn

7 | Samfunnsansvar og berekraft

Klimaendringar og utøvinga av
samfunnsoppdraget _____ 109

Drifta til Noregs Bank i eit berekraftperspektiv _ 119

Dei dyktige medarbeidarane våre _____ 123

Samfunnsansvar og berekraft

Noregs Bank utøver samfunnsoppdraget sitt ved å fremje økonomisk stabilitet i Noreg og forvalte store verdier på vegner av fellesskapet.

Noregs Bank skal i verksemda si halde ein høg etisk standard, respektere menneskerettane, opptre samfunnsansvarleg og etterleve gjeldande lover og reglar. Noregs Bank tek klimautfordringane på alvor. Noregs Bank aksepterer ingen former for diskriminering eller korrupsjon.

Samfunnsansvaret til Noregs Bank inneber ansvarleg forvaltingsverksemd, open og tydeleg kommunikasjon, forskning og kunnskapsdeling, etisk forretningsåtfærd og tilrettelegging for likestilling, mangfald og eit godt arbeidsmiljø.

REKNESKAPSLOVA SINE KRAV TIL RAPPORTERING PÅ SAMFUNNSANSVAR (§3-3C)

Store føretak er pålagde å «redegjøre for hva foretaket gjør for å integrere hensynet til menneskerettigheter, arbeidstakerrettigheter, likestilling og ikke-diskriminering, sosiale forhold, det ytre miljø og bekjempelse av korrupsjon i sine forretningsstrategier, i sin daglige drift og i forholdet til sine interessenter».

Denne meldinga gjer greie for Noregs Bank si handtering av samfunnsoppdraget og det tilknytte samfunnsansvaret:

- Det viktigaste samfunnsansvaret til Noregs Bank er samfunnsoppdraget om å fremje økonomisk stabilitet i Noreg og sikre effektiv og tillitvekkjande kapitalforvaltning.
- I tillegg er det gjennom ansvarleg investeringsverksemd at banken har den mest vesentlege påverknaden på menneskerettar, arbeidstakarrettar og sosiale forhold, det ytre miljøet og kampen mot korrupsjon.
- Samfunnsansvaret til Noregs Bank inneber òg open og tydeleg kommunikasjon, forskning og kunnskapsdeling, etisk forretningsåtfærd og tilrettelegging for likestilling og godt arbeidsmiljø.



Klimaendringar og utøvinga av samfunnsoppdraget

Klimaendringar og tiltak for å redusere desse påverkar norsk og internasjonal økonomi. Dermed påverkar dei òg kjerneoppgåvene våre.

Verda blir gradvis varmare. Den globale oppvarminga fører til meir ekstremvær og gradvis stigande havnivå. Parisavtalen har som mål å avgrense oppvarminga til 2 °C, men helst ikkje meir enn 1,5 °C. Skil ein få til dette, må utsleppa kuttast kraftig. Norske utslepp skal reduserast med minst 50 prosent av 1990-nivået innan 2030, og Noreg har som mål å vere eit lågut-sleppssamfunn i 2050. Skil vi nå dette målet, må økonomien omstillast – både gjennom politiske tiltak, preferanseendringar og ny teknologi.

I Noregs Bank har klimarisiko, det vil seie uvisse knytt til framtidige uventa klimarelaterte hendingar, lenge vore eit tema i SPU-forvaltninga. For resten av banken er arbeidet med klimarelaterte tema eit nyare arbeidsfelt, og det er framleis mykje vi ikkje veit om dei økonomiske og finansielle følgjene av eit endra klima. I tida framover vil banken leggje vekt på auka kompetanse på klimarelaterte spørsmål innanfor alle oppgåver og mandat.

Klimaendringar og pengepolitikk

Klimaendringane og tilpassingane til ein låg-utsleppssamfunn påverkar store delar av norsk økonomi og dermed òg pengepolitikken. Klimaendringane kan mellom anna føre til fleire ekstremvêrhendingar som tørkeperiodar og flaumar, som kan øydeleggje avlingar, bygningar og infrastruktur. Tiltak for å bremse den globale oppvarminga kan òg verke inn på strukturen i økonomien. Politiske tiltak som auka karbonprisar kan til dømes påverke både den samla inflasjonen og aktiviteten i fleire

sektorar. Fleksibel inflasjonsstyring er eit godt utgangspunkt for å handtere nye utviklings-trekk og forstyrningar som klimaendringane gir opphav til.

Noregs Bank jobbar med å auke kompetansen og forståinga av korleis klimarelaterte endringar påverkar makroøkonomien og pengepolitikken, både internt og gjennom internasjonalt samarbeid. I 2020 deltok banken mellom anna i utarbeidinga av NGFS-rapporten «Climate change and monetary policy: initial takeaways» [lenkje]. I 2020 hadde det regionale nettverket til Noregs Bank eit spesialtema om klimatilpassing i bedriftene («Klimatilpassing i næringslivet»), blogg-innlegg på Bankplassen.no og eit forskingsprosjekt om klimarisiko og valutakursar («Climate risk and commodity currencies»)¹.

Klimarisiko og finansiell stabilitet

Klimaendringar og overgangen til eit låg-utsleppssamfunn vil vere ein av dei største utfordringane for norske føretak dei neste åra. Lånekundar som ikkje klarer å handtere desse endringane godt, vil utgjere ein risiko for bankane.

Norske bankar er primært eksponerte for overgangsrisiko gjennom utlån til føretak som har høge utslepp, og som derfor risikerer å få auka avgifter eller måtte avskrive eigedelar. Fire næringer skil seg ut med høge utslepp:

¹ Les meir om dette her:
<https://www.ngfs.net/en/climate-change-and-monetary-policy-initial-takeaways>
<https://bankplassen.norges-bank.no/2020/05/19/klimatilpasninger-i-naeringslivet/>
<https://www.norges-bank.no/en/news-events/news-publications/Papers/Working-Papers/2020/182020/>

MEDLEMSKAPEN I NETWORK FOR GREENING THE FINANCIAL SYSTEM (NGFS)

Noregs Bank har sidan 2018 vore medlem av Network for Greening the Financial System (NGFS). NGFS er eit nettverk for sentralbankar og tilsynsmyndigheiter som bidreg til kunnskapsheving gjennom å dele erfaringar og beste praksis og dessutan å utføre analysar og metodar for å handtere miljø- og klimarisiko med relevans for dei finansielle myndigheitene og finanssektoren. Noregs Bank var i 2020 involvert i arbeid med NGFS-rapportar om klimarisiko og scenarioanalysar, klimaendringar og relevans for pengepolitikk og dessutan ansvarleg forvaltning. Ved det siste årsskiftet hadde NGFS 83 medlemmer (sentralbankar og finanstilsyn) og 13 observatørar (internasjonale organisasjonar).

Les meir om NGFS og arbeidet som blir gjort, på ngfs.net.

transport, industri, internasjonal sjøfart og oljerelaterte næringar. Norske bankar har ein moderat del av utlåna sine til desse næringane.

Fysisk risiko er òg relevant for norske bankar. I klimamodellar som fokuserer på auka gjennomsnittstemperatur, er Noreg eit av veldig få land som kan få høgare produktivitet dersom temperaturen stig. Det betyr ikkje at Noreg ikkje merkar negative effektar av fysiske klimaendringar. For det første blir Noreg òg ramma av at høgare temperatur vil gi meir ekstremvær. For det andre kan klimaendringar bety endringar i lokale klimasystem og i biologiske system som kan ha ukjende

konsekvensar. Dessutan vil Noreg bli påverka gjennom effekten klimaendringane har på land som er meir utsette enn oss sjølve. Norske bankar må vere førebudde på at eksponeringane deira kan bli påverka, også indirekte.

Klimaendringar er ei global utfordring som i hovudsak må handterast av politiske myndigheiter og med andre verkemiddel enn dei sentralbankane rår over. Sentralbankar og finanstilsyn kan, innanfor mandata sine, fremje finansiell stabilitet ved å bidra til at den finansielle sektoren inkluderer klimarisiko i risikovurderingane og kommuniserer relevant informasjon, og dessutan ved å sjå til at all risiko har forsvarleg kapitaldekning.

Vidare planlegg Noregs Bank å gjere ei meir kvantitativ vurdering av klimarisikoen for norske bankar. Vi følgjer det internasjonale arbeidet med nye rapporteringskrav tett, og i tillegg deltek vi i NGFS-arbeidsstraumen om finansiell stabilitet.

Sjå ytterlegare omtale i rapporten *Finansiell stabilitet 2020*.

Ansvarlig forvaltning av Statens pensjonsfond utland

Statens pensjonsfond utland (SPU) skal forvaltast ansvarleg. Hovudstyret har fastsett prinsipp for ansvarleg forvaltning i Noregs Bank. Målet for forvaltinga av fondet er å oppnå høgast mogleg avkastning med moderat risiko. Ansvarleg forvaltning støttar målsetjinga til fondet på to måtar. For det første prøver ein å fremje langsiktig økonomisk utvikling i investeringane. For det andre prøver ein å redusere den finansielle risikoen som er knytt til den miljømessige og sosiale åtferda til selskapa det blir investert i. Vidare vurderer ein selskapsstyring, miljø og sosiale forhold som kan ha innverknad på fondsavkastninga over tid.

Dette er integrert i arbeidet med standardar, i aktivt eigarskap og i investeringsverksemda.

Finansdepartementet har fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging av selskap frå SPU. Retningslinjene inneheld kriterium for utestenging som anten er baserte på produkta eller åtferda til selskapa. Etikkrådet og Noregs Bank har i oppgåve å følgje opp desse retningslinjene. Avgjerder om observasjon og utestenging av selskap frå fondet blir tekne av hovudstyret i Noregs Bank, med utgangspunkt i tilrådingar frå Etikkrådet. Etikkrådet er eit uavhengig organ som er oppretta av Finansdepartementet.

Forvaltingsmandatet seier at arbeidet med ansvarleg forvaltingsverksemd skal vere integrert i fondsforvaltinga. Fondet har i oppgåve å ta vare på og utvikle finansielle verdiar for framtidige generasjonar. Langsiktig avkasting er avhengig av berekraftig vekst, velfungerande marknader og god selskapsstyring. Ansvarleg forvalting av Statens pensjonsfond utland blir òg omtalt i Noregs Bank sin årsrapport om SPU-forvaltinga. Arbeidet med ansvarleg forvalting kan delast inn i tre hovudområde:

1. Setje prinsipp
2. Utøve eigarskap
3. Investere ansvarleg

Setje prinsipp

Noregs Bank søkjer å bidra til velfungerande marknader og god selskapsstyring. Standardar gir likare vilkår på tvers av marknader og kan heve lista for alle selskap.

Noregs Bank bidreg til utviklinga av relevante internasjonale standardar. Vi deltek i høyringar og har jamleg kontakt med internasjonale organisasjonar og regulerande myndigheiter i dei viktigaste marknadene. I 2020 deltok vi i 16

offentlege høyringar med tilknytning til ansvarleg forvalting. Alle høyringssvar blir offentliggjorde på www.nbim.no. Høyringane gjaldt mellom anna viktige forhold som felles standard for berekraftsrapportering, aksjonærrettar og ansvarleg verksemd.

I 2020 publiserte vi Noregs Bank sitt perspektiv på berekraftsrapportering. Betre rapportering om berekraft er ein prioritet for fondet. Som investor er fondet avhengig av korrekt, relevant og rettidig informasjon om selskapa det er investert i. Fondet ønskjer å forstå dei miljømessige og sosiale forholda som kan påverke lønnssemda til selskapa på sikt, og korleis selskapa handterer relevante risikoar og moglegheiter. Noregs Bank observerte at rapporteringsmengda aukar, men at det var eit behov for ytterlegare standardisering for å få informasjon som er relevant og samanliknbar. Rapporteringskrav baserte på internasjonalt aksepterte, finansielt vesentlege og standardiserte måltal på berekraft blei etterlyste.

Det er aukande merksemd om berekraftig utvikling og selskapa si rolle i samfunnet. I løpet av året blei det svart på 13 høyringar om berekraftsrapportering i marknader der fondet er investert.

Sidan 2008 er det blitt formulert tydelege forventingar til selskapa som fondet er investert i. Formålet er å forklare forventingar til selskapa om korleis dei tilpassar seg til relevante globale utfordringar i verksemda si. Forventingane dannar grunnlaget for dialog med selskap, og kvart år blir arbeidet til selskapa målt opp mot forventingane. Gjennom året er forventingane om klimaendringar og menneskerettar blitt oppdaterte. I tillegg offentliggjorde fondet fem nye posisjonsnotat om styret si uavhengigheit, ulik stemmerett, aksjeutferding, transaksjonar med nærstående og rapportering om berekraft.

Utøve eigarskap

Noregs Bank skal bidra til god styring av selskapa fondet har eigardelar i. Stemmegiving er eit av dei viktigaste verkemidla fondet har som eigar for å ta vare på verdiane til fondet. Ved utgangen av 2020 eigde fondet ein andel i 9 123 selskap over heile verda. Noregs Bank stemte i 121 619 saker på 11 871 generalforsamlingar i 2020. Det blei stemt i tråd med styretilrådingane i 95,1 prosent av sakene og på 73,4 prosent av generalforsamlingane. Det var på linje med stemmegivinga vår i 2019. Fondet ønskjer å vere konsistent og føreseieleg ved avstemming på generalforsamlinga til selskapa. Konsistent betyr at stemmeavgjerdene som blir fatta, kan forklarast ut frå fondsprinsippa. Føreseieleg betyr at selskapa forstår kvifor fondet stemmer som det gjer. Retningslinjer for stemmegiving er offentleg tilgjengelege. I 2020 begynte fondet å offentleggjere ei forklaring når det stemte mot styretilrådinga. Forklaringane er utleidde frå dei offentlege stemmeretningslinjene til fondet og er meinte å skape større openheit om prioriteringane våre som aksjonær.

Som langsiktig investor er fondet i jamleg dialog med dei største selskapa. Dialogen skal bidra til god selskapsstyring og ansvarleg forretningsverksemd. Fondet hadde til saman 2 877 møte med 1 209 selskap. Storleiken på investeringane gir tilgang til styremedlemmer, toppleiarar og spesialistar i selskapa. Fondet er interessert i å forstå korleis selskapa blir styrte, og korleis dei handterer vesentlege forhold ved berekraft. I tillegg til møte er det skriftleg kontakt med selskapa. I 2020 hadde fondet skriftleg kontakt med 650 selskap i porteføljen.

Noregs Bank samarbeider med selskap, investorar og andre interessentar for å betre informasjonen til marknaden og fremje ansvarleg verksemd. Dette er særleg relevant

der fleire selskap i éin bransje eller éi verdikjede står overfor den same utfordringa.

Fondet vurderer kvart år selskapa si rapportering om styringsstruktur, strategi, risikohandtering og målsetjingar med utgangspunkt i sine offentlege forventingar til selskapa. Noregs Bank gjennomførte til saman 4 158 slike vurderingar av selskapa si rapportering i 2020. Fondet gjorde 1 521 vurderingar av rapportering om klimaendringar, 694 om menneskerettar, 494 om barns rett, 500 om vassforvaltning, 250 om antikorupsjon, 250 om berekraftig bruk av havet, 249 om avskoging og 200 om skatt.

Selskapa fondet vurderte, stod for 74,8 prosent av marknadsverdien til aksjeforføljen ved utgangen av året.

Selskap med svak eller avgrensa rapportering blir kontakta og oppmoda til å betre rapporteringa ved mellom anna å delta i etablerte rapporteringsinitiativ. I 2020 blei det sendt brev til 127 selskap om rapporteringa deira på tvers av forventingsområda.

Blant selskapa som blei kontakta om svak berekraftsrapportering i 2019, blei det observert ei markant større forbetring i snitt enn hos dei som ikkje blei kontakta. I gjennomsnitt auka måloppnåinga hos selskap som blei kontakta, med 9,8 prosentpoeng. For selskap i målingane samla sett var auken på 6,5 prosentpoeng. Denne forskjellen var størst for selskapa som blei kontakta om temaa skatt og openheit, klimaendringar og avskoging, og lågast for menneskerettar og vassforvaltning. Samla blei det observert ei forbetring hos 50 prosent av selskapa som blei kontakta.

Noregs Bank støttar initiativ der fleire selskap går saman om å finne felles standardar for

berekraftig verksemd. Slike initiativ fungerer best når fleire selskap i éin bransje eller éi verdikjede står overfor den same utfordringa. Utgangspunktet for forventningane til selskapa er at styra bør fastsetje eigna strategiar, kontrollfunksjonar og rapporteringsrutinar.

Investere ansvarleg

Ansvarleg forvaltning er innarbeidd i investeringsstrategien til fondet. Målet er å identifisere langsiktige investeringsmoglegheiter og redusere eksponeringa for uakseptabel risiko.

Noregs Bank ser moglegheiter ved å investere i selskap med løysingar som legg til rette for meir miljøvennleg verksemd. Desse investeringane kan ha positive ringverknader for andre selskap og for samfunnet samla sett. Positive ringverknader kan bestå av mindre utslepp, lågare energikostnader og meir effektiv ressursbruk. Selskap som produserer slik teknologi, vil kunne dra nytte av endringar i etterspurnad og marknadsregulering. Fondet investerer i slike selskap mellom anna gjennom miljørelaterte mandat.

Noregs Bank oppmodar selskap om å gå frå ord til tal i rapporteringa for å gi ei betre forståing av finansielle moglegheiter og risikoar. For å gjennomføre desse analysane må det vere relevante, samanliknbare og pålitelege data om selskapsstyring, miljø og sosiale forhold. Klimagassutslepp frå selskapa i fondsporteføljen og ulike klimascenarior for fondet blir analyserte. Pålitelege tal frå selskapa og grundige analysar ligg til grunn for eigarskapsarbeidet.

Fondet har analysert karbonavtrykket til selskapa i porteføljen sidan 2015. Analysen gir innsikt i omfanget av klimagassutslepp i selskapa som fondet er investert i. Analysen kan òg gi innblikk i risikoar og moglegheiter på

tvers av bransjar. Det er framleis varierende frekvens og kvalitet på rapporteringa av klimagassutslepp og framleis mange selskap som ikkje rapporterer utsleppstala.

Basert på prosentvis eigardel i dei enkelte selskapa utgjorde dei totale utsleppa i aksjeforføljen til fondet 92,4 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Dette er nesten dobbelt så mykje som det samla utsleppet i Noreg, som i 2020 var på 50,3 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, ifølgje Statistisk sentralbyrå. Utsleppa til selskapa i fondsaksjeforføljen var 14 prosent lågare enn i 2019. Utsleppa til selskapa i aksjeforføljen var 12 prosent lågare enn for referanseindeksen.

Selskapa i fondsaksjeforføljen sleppte ut om lag 133 tonn CO₂-ekvivalentar per million amerikanske dollar i omsetning. Dette blir kalla utsleppsintensiteten til aksjeforføljen. I 2020 var han 9 prosent lågare enn for referanseindeksen.

Forskjellen i berekna utsleppsintensitet mellom porteføljen og referanseindeksen kan i hovudsak tilskrivas at fondsinvesteringane innanfor råmateriale, industri og kraft- og vassforsyning har lågare utsleppsintensitet enn selskapa i referanseindeksen.

For selskapsobligasjonar er karbonintensiteten til porteføljen 14 prosent lågare enn karbonintensiteten til referanseindeksen. Det kjem i hovudsak av at fondsinvesteringane i industriselskap har lågare utsleppsintensitet enn det referanseindeksen har.

Fondet identifiserer langsiktige investeringsmoglegheiter ved å analysere verksemda til selskapa og innverknaden på klima og miljø og ser eit potensial i selskap som bidreg til meir miljøvennleg økonomisk aktivitet. Ved utgangen av 2020 hadde fondet 100 milliardar

kroner investert i aksjar i 90 selskap gjennom miljømandata.

Aksjeinvesteringar innanfor miljømandata gav ei avkastning på 34,3 prosent i 2020. Sidan oppstarten i 2010 har den annualiserte avkastninga på aksjeinvesteringane vore 9,5 prosent. Alle dei miljørelaterte mandata blir i dag forvalta internt. Fondet investerer i tre hovudtypar av miljøverksemd. Selskapa må ha minst 20 prosent av verksemda i eit av desse definerte miljøsegmenta for å kunne inngå i miljøinvesteringsuniverset. Miljøsegmenta som er inkluderte i investeringsuniverset, er i) lågutsleppsenergi og alternative drivstoff, ii) rein energi og energieffektivisering og iii) naturressursforvaltning.

Norges Bank kan velje å selje seg ut av selskap etter ei totalvurdering dersom det ikkje ønskjer å vere eigar, anten av etiske omsyn eller av berekraftsomsyn. Eksklusjonar på etisk grunnlag skjer i tråd med eigne retningslinjer som Finansdepartementet har fastsett. Risikobasert nedsal kan vere formålstenleg dersom fondet meiner at selskapet har særleg høg langsiktig risiko, og dersom investeringane ikkje er særleg store og ein tenkjer at aktivt eigarskap ikkje er noko eigna verkemiddel. Ved å ikkje investere i slike selskap reduserer ein eksponeringa for uakseptabel risiko.

I 2020 selde fondet seg ut av 32 selskap som følgje av risikovurderingar knytte til miljø, sosiale forhold og selskapsstyring. Til saman er det blitt gjennomført nedsal i 314 selskap sidan 2012. Risikobaserte nedsal har sidan 2012 bidrege positivt til den kumulative avkastninga på referanseporteføljen for aksjar med om lag 0,41 prosentpoeng, eller 0,02 prosentpoeng årleg.

Det blir i tillegg offentleggjort ein eigen publikasjon med utfyllande informasjon om arbeidet med ansvarleg forvaltning, og fleire detaljar er å finne i denne.

Ansvarleg forvaltning av valutareservane til Noregs Bank

Noregs Bank har ein einsarta strategi for ansvarlege investeringar og handtering av klimarisiko. Obligasjonsporteføljen i valuta-reservane har som hovudformål å sikre at valutareservane har nok likviditet for at Noregs Bank kan oppfylle formåla i pengepolitikken med tanke på finansiell stabilitet, internasjonale plikter i IMF-samarbeid og velfungerande marknader. Derfor eig Noregs Bank i valutareservane berre statsobligasjonar som er utferda av statar med avgrensa kredittrisiko, og der likviditets eigenskapane blir rekna som gode nok til å oppfylle formåla til valutareservane. Klimarelaterte spørsmål vil derfor i liten grad påverke samansetjinga av obligasjonsporteføljen til valutareservane. Basert på prosentvis eigardel i dei enkelte selskapa utgjorde dei totale utsleppa i aksjeporteføljen til valutareservane 1,1 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i 2020.

Aksjeporteføljen til valutareservane blir forvalta av NBIM i tråd med retningslinjene som sentralbanksjefen har fastsett. Aksjeporteføljen blir forvalta ansvarleg på lik linje med aksjeporteføljen i SPU. NBIM utøver aktivt eigarskap og handterer klimarisiko på vegner av valutareservane og SPU ved å stille tydelege forventningar til selskapa, stemme på alle generalforsamlingar der vi har aksjar, og føre dialog med utvalde selskap.

Avgjerder om risikobaserte nedsal av enkelt selskap som NBIM finn formålstenlege for aksjeporteføljen til SPU, blir følgde opp i aksjeporteføljen til valutareservane òg.

TASK FORCE ON CLIMATE-RELATED FINANCIAL DISCLOSURES (TCFD)

Det mest anerkjende rammeverket for klimarisikorapportering er utarbeidd av Task Force on Climate-related Financial Disclosures (TCFD). TCFD blei nedsett av G20-landa sitt Financial Stability Board (FSB) i 2016 og leverte tilrådingane sine i 2017. Tilrådingane spesifiserer kva som bør rapporterast innanfor fire område: *verksemdsstyring*, *strategi*, *risikostyring* og *måltal*. Noregs Bank støttar intensjonen i tilrådingane og meiner at rammeverket kan bidra til ei meir universell og konsistent rapportering på tvers av jurisdiksjonar. Noregs Bank har støtta prosjekt som underbyggjer TCFD-rammeverket.

Nedanfor følgjer ei oversikt over Noregs Banks status for 2020 etter tilrådingane i TCFD-rammeverket.

TCFD, HOVUDOMRÅDE



1. Verksemdsstyring

Beskrive korleis organisasjonen styrer klimarelaterte risikoar og moglegheiter, inkludert korleis styret og leiinga involverer seg.

I 2018 utarbeidde hovudstyret ein strategi for klima og berekraft som fastslår miljømål og tiltak for verksemda. Implementeringa av strategi for klima og berekraft er integrert i verksemdsstyringa og blir gjennomført i dei ulike avdelingane og konkretisert i handlingsplanar. Det er etablert ei eiga referansegruppe for klima og berekraft som er leidd av ein visesentralbanksjef.

Klimaendringar har vore eit fokusområde for SPU-forvaltinga sidan 2006. Hovudstyret i Noregs Bank har fastsett prinsipp for ansvarleg forvalting av SPU, følgjer opp fondsstrategien for ansvarleg forvalting og får framlagt den årlege rapporten om ansvarleg forvalting. Hovudstyret avgjer kva for selskap som skal setjast under observasjon eller utestengjast frå SPU. Retningslinjene for observasjon og utestenging omfattar òg eit åtferdsbasert klimakriterium. Hovudstyret har oppnemnt eit saksførebuande og rådgivande eigarskapsutval for saker som gjeld ansvarleg forvaltingsverksemd og avgjerder om observasjon eller utestenging. Noregs Bank har ein einsarta strategi for ansvarlege investeringar og handtering av klimarisiko. Prinsipp og prosess for ansvarleg forvalting er tilsvarande for forvalting av aksjeporteføljen i valutareservane.

I 2019 gav hovudstyret ei utgreiing til Finansdepartementet om arbeidet med klimarisiko i SPU. Hovudstyret avgjer kva for selskap som skal setjast under observasjon eller utestengjast frå SPU. Retningslinjene omfattar òg åtferdsbaserte klimakriterium.

2. Strategi

Beskrive faktisk og potensiell påverknad av klimarelaterte risikoar og moglegheiter på drifta og strategien til organisasjonen.

Klimaendringar og tiltak for å redusere klimaendringane påverkar norsk og internasjonal økonomi og dermed òg utføringa av kjerneoppgåvene til sentralbankverksemda: pengepolitikk, finansiell stabilitet og SPU-forvalting.

Klimaendringar utgjer éin av fleire risikofaktorar for forvaltinga av SPU og valutareservane. SPU har eigne miljørelaterte investeringsmandat. Det blir gjennomført klimascenarioanalysar for å auke forståinga av fondet si eksponering mot ulike scenario, til dømes global temperaturstiging. Investeringsuniverset og referanseindeksen til SPU føreset enkelte klimarelevante tilpassingar. Gruveselskap og kraftprodusentar som baserer verksemda si på kol, er utestengde frå investeringsuniverset til fondet basert på fastsette terskelverdiar. Leite- og produksjonsselskap innanfor olje og gass er fjerna frå referanseindeksen til fondet.

3. Risikostyring

Beskrive korleis organisasjonen identifiserer, vurderer og handterer klimarelaterte risikoar.

Noregs Bank har i 2020 halde fram arbeidet med å auke kunnskapen om klimarisiko i eigen organisasjon. Det blir nytta ei rekkje verktøy for å identifisere og vurdere klimarisikoen som SPU er eksponert for. Ein utfyllande omtale er å finne under kapittelet «Ansvarleg forvalting i Statens pensjonsfond utland».

Klimarisiko er blitt drøfta i rapportane *Finansiell stabilitet 2019* og *Finansiell stabilitet 2020*. I rapporten *Finansiell stabilitet 2021* vil ein presentere ei meir kvantitativ vurdering av klimarisikoen for norske bankar. Noregs Bank var med på å utarbeide NGFS-rapporten «*Climate change and monetary policy: initial takeaways*», som blei publisert i juni 2020. Rapporten viser breidda i spørsmåla som bør analyserast for at vi betre skal forstå korleis klimaendringane påverkar makroøkonomien og pengepolitikken.

4. Måltal

Beskrive kva slags berekningar og måltal ein legg til grunn ved vurdering av klimarelaterte risikoar og moglegheiter, inkludert opplysningar om scope 1, 2 og 3 GHG.

Noregs Bank er sertifisert som Miljøfyrtårn og følgjer opp og måler ulike nøkkeltal på miljøområdet, inkludert klimagassutslepp frå eiga verksemd. Nærmare detaljar er å finne i omtalen av klimarekneskapen for hovudkontordrifta på side 119.

Karbonavtrykket til aksjeporteføljen i SPU har vore målt og offentleggjort sidan 2015. Vi følgjer TCFD-tilrådingane for kapitalforvaltarar når vi bereknar karbonavtrykket til SPU. Tilsvarande måler vi karbonavtrykket til aksjeporteføljen til valutareservane. Etter kvart som forståinga av korleis klimaendringar påverkar finansielle investeringar, blir større, vil SPU utforske korleis eventuelle klimarelaterte mål kan støtte arbeidet med å handtere desse risikoane på ein effektiv måte.

Noregs Bank-rapporten om ansvarleg forvalting gir utfyllande informasjon om SPU-forvaltninga.



Noregs Bank sin strategi for klima og berekraft

Noregs Bank sin strategi for klima og berekraft fastslår miljømål og tiltak for verksemda til Noregs Bank. Desse er ikkje tidsavgrensa. Konkrete målsetjingar og tiltak vil bli tilpassa føresetnader og moglegheiter i ulike verksemdsområde og lokasjonar.

1. Noregs Bank skal bidra til ei berekraftig utvikling innanfor rammene og oppgåvene våre.

- A. Vi skal integrere miljøomsyn i heile verksemda.
- B. Vi skal kartlegge grensesnittet vårt mot det ytre miljøet.
- C. Vi skal avgrense den negative miljøpåverknaden til verksemda gjennom målretta tiltak.
- D. Vi skal leggje til rette for at dei tilsette og leverandørane tek miljøvennlege val.

2. Noregs Bank skal integrere etablert praksis for miljøleiinga i verksemdsstyringa.

- A. Vi skal drive verksemda i samsvar med anerkjende standardar for miljøvennleg drift.
- B. Vi skal vere ein miljøvennleg og helsefremjande arbeidsplass.
- C. Vi skal velje kostnadseffektive miljøtiltak som dekkjer behova til verksemda.

3. Noregs Bank skal ha miljøkompetanse innanfor dei verksemdsområda der det er formålstenleg.

- A. Vi skal bidra til kunnskap omkring korleis klimaendringane påverkar den økonomiske utviklinga og stabiliteten.
- B. Vi skal nytte miljøkompetanse for å forstå vår eigen miljøpåverknad og identifisere tiltak.
- C. Vi skal vurdere miljømessige forhold i kapitalforvaltinga for å sikre fondsverdiane på lang sikt.

4. Noregs Bank skal vere open om miljøansvaret vårt.

- A. Vi skal informere allmenta gjennom open og aktiv kommunikasjon.
- B. Kommunikasjonen vår skal bidra til ein kunnskapsbasert samfunnsdebatt.

Drifta til Noregs Bank i eit berekraftperspektiv

Klimarekneskapen til Noregs Bank

Norges Bank er sertifisert som Miljøfyrtårn¹. Sertifiseringa omfattar drifta av hovudkontoret på Bankplassen 2 og gir tilgang til verktøy som gjer det lettare for verksemda å måle og forbetre miljøprestasjonane.

Som ein del av miljøfyrtårnsertifiseringa utarbeider Noregs Bank kvart år ein klimarekneskap for hovudkontordrifta. Klimarekneskapen inkluderer direkte utslepp (scope 1), indirekte utslepp (scope 2) og enkelte andre indirekte utsleppskjelder (scope 3). Målet er å inkludere fleire andre indirekte utsleppskjelder over tid, til dømes utslepp knytte til

skybaserte datatenester. Noregs Bank innførte nyleg krav om at datasenter skal vere konstruerte og drifta på ein miljøvennleg måte som sikrar effektiv ressursutnytting og bruk av fornybare kjelder.

Tabell 4 viser klimarekneskapen for hovudkontoret til Noregs Bank for 2019 og 2020.

Dei største utsleppskjeldene frå eiga drift er tenestereiser med fly. I 2020 stod denne kjelda for til saman 54 prosent (64 prosent i 2019) av dei totale utsleppa. Nedgangen i utslepp frå 2019 til 2020 er i stor grad knytt til koronapandemien.

¹ Les meir om Miljøfyrtårn [her](#)

119

Tabell 4 Utslepp av klimagassar i tonn CO₂

			2019	2020
	Direkte utslepp (scope 1)	Tenestereiser med bil	25	34
		Oppvarming av bygget (diesel)	2	4
	Indirekte utslepp (scope 2)	Fjernvarme	154	69
		Elektrisitet	1 310	1 092
	Andre indirekte utslepp (scope 3)	Restavfall (komprimert)	29	23
	Andre indirekte utslepp (scope 3)	Tenestereiser med fly*	2 760	1 430
Totalt utslepp av klimagassar i tonn CO ₂			4 280	2 651

* Utslepp frå tenestereiser med fly gjeld for alle tilsette i Noregs Bank.

Dei siste åra er det gjennomført fleire tiltak for å forbetre miljøprestasjonane. Kjeldesorteringa har auka mellom anna som følgje av at det er innført sentrale miljøstasjonar i kontorområda. Mange fleire møterom har fått utstyr for videokonferansar. Eingongsemballasje i samband med servering er erstatta med meir miljøvennlege alternativ både på hovudkontoret og på dei største kontora globalt.

Dei viktigaste tiltaka for å redusere utsleppa er framleis å bruke videokonferansar framfor tenestereiser med fly, å skifte ut ventilasjonsaggregat og andre tekniske installasjonar med meir energieffektive variantar og å utvide miljøkrava i alle relevante innkjøp.

Ansvarlege innkjøp og leverandøroppfølging

Noregs Bank er underlagd regelverket for offentlege innkjøp. I 2020 kjøpte Noregs Bank varer og tenester for om lag 4,3 milliardar kroner. Viktige innkjøpskategori er ekstern forvaltning, utvikling og drift av IT-system og tenester og varer som er relaterte til kontordrifta.

Alle leverandørar som har tilgang til lokala eller systema til banken, har ansvar for at medarbeidarar som utfører tenester eller arbeid for Noregs Bank, blir gjorde kjende med dei etiske reglane som omfattar tema som menneskerettar, arbeidstakarrettar, korrupsjon, diskriminering og gåver. Noregs Bank er pålagt å stille krav om lønns- og arbeidsvilkår etter forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Leverandørar og eventuelle underleverandørar skal på førespurnad kunne dokumentere at dei rettar seg etter lønns- og arbeidsvilkåra. I 2020 er det gjennomført 26 kontrollar. Det er avdekt tre brot. Brota er retta på oppmoding frå Noregs Bank.

Innkjøpsforskrifta inneheld eit krav om å avgrense talet på ledd i leverandørkjeda i bransjar som har særlege utfordringar med arbeidslivskriminalitet. Noregs Bank aksepterer maksimalt to ledd med underleverandørar.

Noregs Bank ønskjer ei ansvarleg og berekraftig leverandørkjede og stiller miljøkrav der det er relevant. Døme på slike krav er dokumentasjon på gjennomførte tiltak for å avgrense eigen negativ miljøpåverknad eller relevant miljøinformasjon om eigne produkt og tenester, som kjemikaliebruk og avfallshandtering. Leverandørane og kontraktsvilkåra blir følgde opp jamleg for å identifisere eventuelle avvik, og det blir sett i verk tiltak ved behov.

Arbeidet med å overvake berekraftsrisikoen og utøve ansvarleg forvaltning er beskrive nærmare i kapittelet om ansvarleg forvaltning av SPU og valutaeservane og gjeld alle selskap som SPU er investert i, inkludert selskap som blir forvalta eksternt. I framveksande marknader blir det for det meste nytta eksterne forvaltarar. Enkelte av desse marknadene har høgare ibuande berekraftsrisiko.

Det blir stilt krav til forvaltarane om at dei skal ta omsyn til selskapsstyring, miljø og sosiale forhold i investeringsaktivitetane sine. Dette blir følgd opp som ein del av den årlege vurderinga av forvaltarane som fondet gjer. I tillegg vurderer ein forvaltarane si tilnærming til samfunnsansvar som ein del av utveljingsprosessen. Berekraftsrisiko i dei underliggjande selskapa som forvaltarane investerer i, blir òg vurdert. I 2020 omfatta dette evaluering av over 1 300 selskap i framveksande marknader.

Ansvarleg eigedomsforvalting i Statens pensjonsfond utland (SPU)

NBIM integrerer miljøvennlege tiltak i forretningsplanane til fondet sine eigedommar og samarbeider med andre investorar om å utvikle verktøy for å måle klimarisikoen i eigedomsmarknadene.

Kvart år måler vi miljøvennleg forvalting i eigedomsporteføljen opp mot Global Real Estate Sustainability Benchmark (GRESB). Eigedomsporteføljen i SPU fekk 79 av 100 moglege poeng i 2020. Det var ein nedgang frå 80 poeng i 2019. 82 prosent av fondsporteføljen med store kontor- og handelseigedommar var miljøsertifiserte i 2020, mot 79 prosent året før. I tillegg var 34 logistikk-eigedommar miljøsertifiserte på grunnlag av miljøvennleg utforming og konstruksjon.

Eigedomsinvesteringane er eksponerte for klimarisiko. Vi reknar med at 4 prosent av porteføljen, basert på verdi, ligg i område der det har vore flaum langs kysten eller i elvar minst éin gong dei siste 100 åra. I 2020 innhenta vi ein ekstern analyse av den framtidige sårbarheita til dei mest utsette eigedomsinvesteringane våre i USA. Denne stadfesta at den langsiktige risikoen for flaum i enkelte område kan bli stor innanfor det mest ekstreme klimascenarioet.

Nasjonale og lokale myndigheiter har i aukande grad begynt å setje i verk langsiktige planar for å redusere klimagassutslepp som vil påverke eigedomssektoren. Gjennom samarbeid med andre investorar har vi støtta Carbon Real Estate Risk Monitor (CRREM), eit forskingsprosjekt som i 2020 publiserte utsleppsbanar fram mot 2050 for ulike eigedomsmarknader som er konsistente med eit karbonbudsjett i tråd med Paris-avtalen. Vi nyttar dette

verktøyet i det breiare arbeidet vårt med å måle klimarisiko i eigedomsporteføljen.

Etisk forretningsåtfærd for hovudstyret og dei tilsette i Noregs Bank

Som sentralbank og forvaltar av Statens pensjonsfond utland har Noregs Bank fått stor myndigheit og mykje tillit. Det er viktig å verne om omdømmet til banken og bidra til at alle tilsette har høgt etisk medvit og høg etisk integritet. Hovudstyret i Noregs Bank har fastsett etiske prinsipp som skal bidra til å skape ei felles haldning til etiske problemstillingar blant alle i Noregs Bank. Dei etiske prinsippa blei sist endra 24. juni 2020, med verknad frå 15. august 2020. Bakgrunnen for dei siste endringane var eit behov for å gjere tilpassingar som følgje av endra organisering av banken frå 10. desember 2019 og ny sentralbanklov frå 1. januar 2020. I tillegg er det gjort enkelte klargjeringar og endringar av aktuelle føreseigner i prinsippa.

Prinsippa slår fast at banken skal halde ein høg etisk standard, respektere menneskerettane, opptre samfunnsansvarleg og etterleve gjeldande lover og reglar. Reglane omfattar til dømes eigenhandel, verksemd utanfor banken, gåver og lojalitet til banken generelt.

Finansdepartementet har fastsett eit eige regelverk om habilitet o.a. for medlemmer av hovudstyret i Noregs Bank og medlemmene av komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Hovudstyret har våren 2020 revidert banken sitt eige regelverk om mellom anna habilitet og innskrenkingar for eigenhandel for dei eksterne medlemmene i desse to organa.

Noregs Bank aksepterer ingen former for korrupsjon. Det er etablert eit rammeverk og eit program for antikorrupsjon. Hovudelement



i antikorrupsjonsarbeidet er leiingsforankring, risikostyring, etisk regelverk, handtering av varslingsmeldingar, innkjøpsarbeid, bakgrunnssjekk av tilsette og leverandørar, finansiell rekneskapsrapportering og systematisk opplæring og kontroll. I 2020 blei det gjennomført meir spissa trening av 90 tilsette i SPU sine operative støttefunksjonar om handtering av interessekonfliktar og anti-korrupsjon. Det er ingen stadfesta forhold knytte til korrupsjon i 2020.

Noregs Bank legg stor vekt på opplæring og bevisstgjerjing rundt dei mest sentrale etiske risikoområda. Alle nytilsette gjennomfører eit opplæringsprogram for å sikre at dei får kjennskap til og forstår regelverket. Det er éin-til-éin opplæring, e-læring og introduksjonskurs med dilemmatrening. For å sikre at alle tilsette har nødvendig kunnskap om regelverket, blir det gjennomført ein obligatorisk test ved hjelp av e-læringsverktøy. Gjennom ein årleg test må alle tilsette stadfeste at dei har lese og forstått reglane, og at dei er innforståtte med konsekvensane ved regelbrot.

Hovudstyret har fastsett prinsipp for intern varslingsom kritikkverdige forhold i Noregs Bank. Det er fastsett varslingsrutinar der banktilsette og tilsette hos leverandørar kan rapportere anonymt om uetisk eller ulovleg åtferd. Tilsette og innleigde arbeidstakarar blir oppmoda om å seie frå om eventuelle kritikkverdige forhold. Eventuelle varsel blir behandla i tråd med fastsette saksbehandlingsreglar. I 2020 blei det innrapportert éi varslings sak.

Dei dyktige medarbeidarane våre

Medarbeidarane er kjerna i verksemda til Noregs Bank. Noregs Bank jobbar systematisk for å tiltrekkje seg og rekruttere dei beste hovuda frå dei fremste fagmiljøa nasjonalt og internasjonalt. Banken er ei kompetanseverksemd og stiller høge krav til medarbeidarane når det gjeld kunnskap og prestasjonar. Det blir derfor arbeidd kontinuert med karriereutvikling med vekt på utfordrande faglege oppgåver i arbeidskvardagen og gjennom målretta kurs og studium. For at banken skal utvikle seg vidare som organisasjon, prøver vi å oppnå god kjønnsbalanse og aktivt utnytte fordelane med eit stort mangfald blant dei tilsette.

Likestilling og mangfald

Mangfald blant medarbeidarane gir det beste utgangspunktet for å vidareutvikle ein internasjonal organisasjon. Banken søker mangfald i form av kunnskap, erfaringar og perspektiv ved å tilsetje på tvers av nasjonalitet, kjønn, alder, bakgrunn og utdanning. For å styrke dette arbeidet blei det i 2020 etablert eit mangfalds- og inkluderingsinitiativ på tvers av verksemdsområda i banken. Samarbeid med eksterne organisasjonar og nettverk gir verdifull erfaringsutveksling og høve til å lære av dei beste.

Eit langsiktig initiativ for å auke mangfald blant søkjarmassen til banken er Kunnskaps-senteret, eit interaktivt lærings-senter for elevar i den vidaregåande skulen. Kunnskaps-senteret skal stimulere til læring og refleksjon om grunnleggjande spørsmål i økonomi og på den måten auke interessa for økonomifaget og Noregs Bank som arbeidsplass.

I 2020 har Noregs Bank hatt fleire student-engasjement. Det gir auka mangfald og nye tankar og perspektiv og bidreg til å utfordre etablert praksis. Relanseringa av trainee-programmet til NBIM er eit døme på korleis banken arbeider aktivt med å tiltrekkje breitt.

Når arbeidsoppgåvene ligg til rette for det, kan banken gjennom pensjonistengasjement behalde erfaren arbeidskraft og bidra til at tilsette kan ta del i arbeidslivet også etter overgangen til pensjonisttilværet.

Noregs Bank jobbar systematisk med å oppnå målet om minst 40 prosent tilsette av kvart kjønn. Ved utgangen av 2020 hadde Noregs Bank samla ein kvinneandel på 33 prosent. Kvinneandelen var 25 prosent i NBIM, 33 prosent i SBV og 57 prosent i NBA. Av dei som blei tilsette i NBIM i 2020, var 48 prosent kvinner. Det viser at det strategiske arbeidet med å fremje kjønnsbalanse har gitt resultat.

Lønna reflekterer ansvaret og oppgåvene som høyrer med ei stilling. Lønnsfastsetjinga er individuell og reflekterer òg kompetansen, erfaringa og prestasjonane til den tilsette. Tabell 5-7 viser kartlegginga av kjønnsbalanse og lønn i ulike stillingsgrupper. Oversikta viser fast lønn ved slutten av 2020 for fast tilsette på hovudkontoret. Alle tilsette som jobbar med investeringsavgjerder, har rett på prestasjonslønn uavhengig av kjønn. For å publisere desse må det vere minst fem av kvart kjønn. Det er for få av kvart kjønn med prestasjonslønn i dei ulike stillingskategoriane til å publisere denne lønnskartlegginga offentleg. Tilsvarande er det for få av kvart

Tabell 5 Kjønnsbalanse og lønn i ulike stillingsgrupper totalt i Noregs Bank

Noregs Bank	Median Lønn		Prosentdel tilsette		Lønnsgap		
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Gap
Einingsdirektør	1 750 606	1 467 593	82 %	18 %	100 %	84 %	16 %
Seksjonsleiar	1 300 000	1 150 000	73 %	27 %	100 %	88 %	12 %
Spesialrådgivar	1 159 860	1 033 498	74 %	26 %	100 %	89 %	11 %
Seniorrådgivar	895 467	860 217	65 %	35 %	100 %	96 %	4 %
Rådgivar	672 500	670 000	51 %	49 %	100 %	100 %	0 %
Konsulent	634 213	657 866	47 %	53 %	96 %	100 %	4 %
Totalt Noregs Bank	970 000	835 000	65 %	35 %	100 %	86 %	14

Tabell 6 Kjønnsbalanse og lønn i ulike stillingsgrupper i Norges Bank Investment Management¹

Noregs Bank	Median Lønn		Prosentdel tilsette		Lønnsgap		
